



Høyringsnotat

**Forslag til ny forskrift om opptak til høgare utdanning
(opptaksforskrifta)**

18. mars 2025

Innhold

1	Innleiing.....	6
2	Meld. St. 20 (2023–2024) om opptak til høgare utdanning	7
3	Generelt om forslaget til ny forskrift	7
4	Verkeområdet til opptaksforskrifta	8
4.1	Gjeldande rett.....	8
4.2	Departementets vurdering	9
4.2.1	Kva forskrifta gjeld	9
4.2.2	Avgrensing av verkeområdet og forskriftsheimel for institusjonane.....	10
4.2.3	Andre endringar	11
4.3	Departementets forslag	11
5	Kvalifisering for opptak til høgare utdanning.....	12
5.1	Generell studiekompetanse	12
5.1.1	Gjeldande rett.....	12
5.1.2	Departementets vurdering	14
5.1.3	Departementets forslag	18
5.2	Unntak frå kravet om generell studiekompetanse.....	18
5.2.1	Gjeldande rett.....	18
5.2.2	Departementets vurdering	21
5.2.3	Departementets forslag	26
5.3	Opptak på vilkår.....	26
5.3.1	Gjeldande rett.....	26
5.3.2	Departementets vurdering	27
5.3.3	Departementets forslag	27
6	Spesielle opptakskrav	28
6.1	Generelt om spesielle opptakskrav.....	28
6.2	Krav til fagleg innhald i vidaregåande opplæring og andre krav til kvalifikasjonar	28
6.2.1	Gjeldande rett.....	28

6.2.2	Departementets vurdering	28
6.2.3	Departementets forslag	32
6.3	Krav til nivå i fag frå vidaregåande opplæring.....	33
6.3.1	Gjeldande rett.....	33
6.3.2	Departementets vurdering	33
6.3.3	Departementets forslag	35
6.4	Kvalifiserande opptaksprøvar.....	35
6.4.1	Gjeldande rett.....	35
6.4.2	Departementets vurdering	35
6.4.3	Departementets forslag	37
6.5	Krav om geografisk tilknytning ved opptak til desentraliserte deltidsstudium.....	38
6.5.1	Gjeldande rett.....	38
6.5.2	Departementets vurdering	38
6.5.3	Departementets forslag	40
7	Rangering av søkarar ved opptak	40
7.1	Om rangering, kvotar og karakterar	40
7.1.1	Gjeldande rett.....	40
7.1.2	Departementets vurdering	40
7.1.3	Departementets forslag	42
7.2	Rangering ved fleire rangeringsgrunnlag (dobbeltrangering).....	42
7.2.1	Gjeldande rett.....	42
7.2.2	Departementets vurdering	43
7.2.3	Departementets forslag	44
7.3	Kvote for førstegongsvitnemål og generell kvote.....	44
7.3.1	Gjeldande rett.....	44
7.3.2	Departementets vurdering	45
7.3.3	Departementets forslag	47
7.4	Omrekning frå utanlandske til norske karakterar.....	48

7.4.1	Gjeldande rett.....	48
7.4.2	Departementets vurdering	48
7.4.3	Departementets forslag	49
7.5	Tilleggspoeng.....	49
7.5.1	Gjeldande rett.....	49
7.5.2	Departementets vurdering	50
7.5.3	Departementets forslag	51
7.6	Spesielle kvotar.....	51
7.6.1	Gjeldande rett.....	51
7.6.2	Departementets vurdering	52
7.6.3	Departementets forslag	60
7.7	Rangerande opptaksprøvar	61
7.7.1	Gjeldande reglar.....	61
7.7.2	Departementets vurdering	62
7.7.3	Departementets forslag	64
7.8	Rangering på grunnlag av særskild vurdering	65
7.8.1	Gjeldande rett.....	65
7.8.2	Departementets vurdering	66
7.8.3	Departementets forslag	67
8	Det samordna opptaket	67
8.1	Ansvar for det samordna opptaket.....	67
8.1.1	Gjeldande rett.....	67
8.1.2	Departementets vurdering	67
8.1.3	Departementets forslag	68
8.2	Behandling av personopplysningar i opptaket	68
8.2.1	Gjeldande rett.....	68
8.2.2	Departementets vurdering	68
8.2.3	Departementets forslag	68
8.3	Nasjonale klagenemnd for opptak.....	68

8.3.1	Gjeldande rett.....	68
8.3.2	Departementets vurdering	68
8.3.3	Departementets forslag	69
9	Overgangsreglar.....	69
9.1	Gjeldande rett.....	69
9.2	Departementets vurdering	69
9.3	Departementets forslag	70
10	Iverksetting av ny forskrift	70
10.1	Generelt	70
10.2	Tilleggspong i bestemte fag.....	71
10.3	Tilleggspong etter vidaregåande opplæring	71
10.4	Kvote for søkarar med samiske språk.....	72
10.5	Dobbeltrangering og 23/6-regel.....	72
10.6	Andre endringar	73
10.7	Samla vurdering.....	73
11	Økonomiske og administrative konsekvensar	73
12	Forslag til ny forskrift om opptak til høgare utdanning.....	75

1 Innleiing

Kunnskapsdepartementet sender med dette eit forslag til ei ny forskrift om opptak til høgare utdanning på høyring. Forslaget følger opp Meld. St. 20 (2023–2024) *Opptak til høgare utdanning*. I tillegg foreslår departementet fleire andre endringar.

Dei største innhaldsmessige endringane er:

- At det ved opptak på grunnlag av dei seks fellesfaga i vidaregåande opplæring (dagens 23/5-ordning) ikkje lenger skal vere krav om arbeidserfaring. Departementet høyrer to alternativ: (1) behalde aldersgrensa på 23 år eller (2) heve aldersgrensa til 25 år, sjå punkt 5.1.2.2
- å opne for at institusjonar som etter søknad har fått innført spesielle opptakskrav, og som har ledige plassar etter hovudopptaket, kan velje å la søkarar som ikkje oppfyller krava, kvalifisere til opptak gjennom å bestå ei opptaksprøve, sjå punkt 6.4.2.2
- å ikkje føre vidare heimlane for opptakskrav om geografisk tilknytning til utdanningsstaden ved opptak til desentraliserte utdanningar, sjå punkt 6.5
- å hindre dobbeltrangering ved å innføre ei prioritering av kvalifiseringsgrunnlaga for rangering, slik at det i rangeringa alltid skal takast utgangspunkt i det øvste kvalifiseringsgrunnlaget som ein søker oppfyller, sjå punkt 7.2
- å auke aldersgrensa for å kunne konkurrere i førstegongsvitnemålskvoten frå 21 til 23 år og auke storleiken på førstegongsvitnemålskvoten til 70 prosent, med atterhald om at departementet må vurdere eksakt kvotestorleik seinare når vi mellom anna har fått erfaring med korleis endringane i utvida rett til vidaregåande opplæring slår ut, sjå punkt 7.3
- ny tabell for omrekning av karakterar frå IB-diplom til norske karakterar, sjå punkt 7.4
- å ikkje føre vidare tilleggspoeng i framandspråk og naturbruk, å føre vidare, men halvere tilleggspoeng for realfag og å innføre eitt poeng for søkarar som har samisk som førstespråk i vidaregåande opplæring, sjå punkt 7.5
- å halvere tilleggspoenga for militær førstegongsteneste og sivilteneste frå to til eitt, og at dei andre tilleggspoenga etter vidaregåande opplæring ikkje blir ført vidare, sjå punkt 7.5
- å endre kven som kan konkurrere i kvote for søkarar med samisk språkkompetanse og endre kvoterekkefølga for samisk kvote, sjå punkt 7.6.2.2
- å opne for kjønnsnøytrale kvotar og avvikle ordninga med kjønnspoeng, sjå punkt 7.6.2.4
- å opne for at alle institusjonane som ønsker det, kan ta i bruk tre modellar av rangerande opptaksprøvar som supplement til karakterbasert opptak utan å måtte søke departementet, sjå punkt 7.7.2.3
- å ikkje føre vidare gjeldande opptaksforskrift § 7-13 om rangering på grunnlag av særskild vurdering, sjå punkt 7.8

- å utvide oppgåvene til Nasjonal klagenemnd slik at dei skal behandle saker for alle institusjonar som gjeld klager på vedtak om opptak på grunnlag av forskrifta, og ikkje berre for institusjonar i det samordna opptaket, sjå punkt 8.3.

Departementet foreslår fleire forenklingar og endringar i språk og struktur. Departementet foreslår også å ta inn enkelte reglar i ny opptaksforskrift som i dag følger av rundskriv F-02-24, fordi dei har betydning for rettar og pliktar.

Tidspunktet for ikraftsetjing av dei ulike tiltaka er drøfta i punkt 10. Departementet foreslår at den nye forskrifta trer i kraft til opptaket til studieåret 2026-2027, men foreslår overgangsreglar for utsett iverksetting av endringane i reglane om tilleggspoeng, kvote for søkarar med samisk språkkompetanse, dobbeltrangering og eventuell heving av aldersgrensa i dagens 23/5-regel i samsvar med tidspunkta som er oppgitt i punkt 10.2 til 10.5.

Departementet har gjennomført konsultasjonar med Sametinget om forslaga som gjeld tilleggspoeng for søkarar som har samisk som førstespråk i vidaregåande opplæring (sjå punkt 7.5.2.3) og kvotar for søkarar med samisk språkkompetanse (sjå punkt 7.6.2.2). Sametinget er einig i desse forslaga.

2 Meld. St. 20 (2023–2024) om opptak til høgare utdanning

Den 5. april 2024 la regjeringa fram Meld. St. 20 (2023–2024) *Opptak til høgare utdanning* (i det følgande omtalt som opptaksmeldinga). Stortinget behandla meldinga den 5. juni 2024 og tiltrådte i det vesentlege tilrådingane i meldinga, jf. Innst. 378 S (2023–2024). Meldinga var ei oppfølging av forslag frå Opptaksutvalet i NOU 2022:17 *Veier inn – ny modell for opptak til universiteter og høyskoler*. Opptaksutvalet blei oppnemnt i 2021 med mandat å gjere ein heilskapleg gjennomgang og vurdering av regelverket for opptak til universitet og høgskular. NOU-en blei lagt fram for departementet i 2022.

I opptaksmeldinga la regjeringa til grunn at dei viktigaste hovudelementa i dagens opptaksmodell skal bestå. Det er avgjerande at måten ein fordelar studieplassar på har høg legitimitet. Det er også eit mål å ha ein forståeleg, føreseieleg og rettferdig opptaksmodell, og at regelverket for opptak speglar dette. Eit viktig omsyn er at det må leggst til rette for at fleire skal kome raskare i gang med høgare utdanning. Regjeringa vil også sikre at søkarane framleis skal få nye sjansar.

3 Generelt om forslaget til ny forskrift

Forslaget til ny forskrift følger opp tiltaka i opptaksmeldinga. I tillegg inneheld forslaget fleire endringar i regelverket for å få eit meir oversiktleg regelverk og for å nå måla for opptak til høgare utdanning.

Lov 8. mars 2024 nr. 9 om universiteter og høyskoler (universitets- og høgskulelova) tredde i kraft 1. august 2024. Reglar om opptak er fastsett i kapittel 8 i lova. Dei lovfesta reglane om opptak er i stor grad ei vidareføring av reglane om opptak frå den tidlegare universitets- og høgskulelova. Forskriftene med heimel i universitets- og høgskulelova er

under revisjon, og dei fleste av forskriftene til tidlegare lov er samla i forskrift 28. juni 2024 nr. 1392 til universitets- og høyskuleloven (universitets- og høyskuleforskrifta). Forskrift om opptak til høgare utdanning skal framleis vere ei eiga forskrift, ettersom målgruppa her er ei litt anna enn for dei andre forskriftene.

I ny universitets- og høyskulelov er det gjort ei rekke endringar samanlikna med den tidlegare lova, for å få eit klart og godt språk i lova. Forskriftene som har heimel i lova bør samordnast med lova både når det gjeld struktur, bruk av omgrep og regelteknikk. Dette vil gi eit meir heilskapleg regelverk og gjere reglane meir tilgjengelege og lettare å forstå.

Opptaksforskrifta blir endra ofte, og alltid minst éin gong i året. Regelverket har blitt fragmentert og uoversiktleg som følge av at endringar og tillegg har kome på ulike tidspunkt og med ulike siktemål. Dei hyppige endringane har også ført til feil i tilvisingar, inkonsekvent språk, uryddig oppsett i paragrafar, lite formålstenleg regelteknikk osv. Regelverket er derfor utfordrande å omsyn til både for søkarane og for dei som forvaltar det.

Når departementet no likevel skal endre reglane om opptak for å følge opp opptaksmeldinga, meiner vi at dette er rette tida for å revidere heile forskrifta om opptak til høgare utdanning. I forslaget til ny opptaksforskrift er det gjort fleire forenklingar og endringar i språk og struktur samanlikna med dagens forskrift. Departementet foreslår også å ta inn enkelte reglar i ny opptaksforskrift som i dag følger av rundskriv F-02-24. Dette vil gjere forskrifta noko meir detaljert, men departementet meiner det er riktig fordi reglar som har betydning for rettar og pliktar, høyrer heime i forskrift. På den måten blir regelverket meir føreseieleg, endringar blir sendt på høyring og det blir større notoritet om endringar og kva reglar som gjaldt på ulike tidspunkt.

4 Verkeområdet til opptaksforskrifta

4.1 Gjeldande rett

Verkeområdet for opptaksforskrifta er regulert i forskrifta § 1-1.

Det følger av § 1-1 første ledd at forskrifta gjeld for opptaket til grunnutdanningar ved alle institusjonar som er omfatta av universitets- og høyskulelova, sjå uhl. § 1-2. Kva som er «grunnutdanning» er definert i § 1-1 andre ledd, som seier at grunnutdanningar er utdanningar som normalt bygger på vidaregåande opplæring og som ikkje bygger på eller har anna høgare utdanning som opptakskrav. Sidan første ledd avgrensar verkeområdet til å berre gjelde opptak til grunnutdanningar ved institusjonar som følger universitets- og høyskulelova, vil forskrifta berre gjelde for dei grunnutdanningane som normalt bygger på vidaregåande opplæring og som blir gitt ved universitet og høyskular.

Paragrafen regulerer fleire ulike tilhøve, ikkje berre verkeområde. Det følger av § 1-1 tredje ledd at det normalt er krav om generell studiekompetanse for opptak. Generell studiekompetanse er nærare forklart i kapittel to i forskrifta, samstundes som tredje ledd

visar til kapittel 3 om unntak frå generell studiekompetanse og til kapittel 4 som gjeld særlege opptakskrav. Leddet gir på denne måten oversikt over hovudinnhaldet i forskrifta.

I § 1-1 fjerde ledd er verkeområdet til forskrifta avgrensa, det vil seie at leddet oppgir når forskrifta ikkje gjeld. Det går fram her at forskrifta ikkje gjeld for opptak og rangering for søkarar som søker om innpassing etter første studieår i fleirårige profesjonsutdanningar. Vidare gjeld forskrifta ikkje for opptak til utdanning som bygger på «profesjonsdelen» av utdanning og etter- og vidareutdanning. Institusjonane har fått fullmakt til å fastsetje opptakskrav og rangeringsreglar for opptak til utdanningane som er nemnde i fjerde ledd om departementet ikkje har fastsett slike i andre forskrifter eller rammeplanar.

I § 1-1 femte ledd er det ein generell heimel for departementet til å frita enkeltstudium frå reglane i forskrifta. Sjette ledd gjeld klagebehandling, og det er vist til forskrifta § 8-1.

4.2 Departementets vurdering

4.2.1 Kva forskrifta gjeld

Departementet foreslår at verkeområdet for reglane om opptak blir ført vidare, men vi foreslår ein del språklege og strukturelle endringar som ikkje har innhaldsmessig betydning.

Verkeområdet for forskrifta skal framleis vere opptak til grunnutdanningar ved universitet og høgskular i Noreg. Universitet og vitskapleg høgskular er institusjonar som er akkreditert som universitet eller vitskapleg høgskule, jf. universitets- og høgskulelova (uhl.) § 3-2, og som har fått vedtak om at den tilhøyrer en slik institusjonskategori, jf. uhl. § 3-1. «Høgskule» omfattar både institusjonar som er akkrediterte som høgskule og institusjonar som gir akkrediterte studietilbod, jf. uhl. § 3-2. Sjå uhl. § 3-11.

Departementet foreslår å føre vidare at opptaksforskrifta skal gjelde opptak til grunnutdanningar. Departementet foreslår ein forenkla versjon av forskrifta si definisjon av kva som er ei grunnutdanning, sjå forslaget § 1-1 andre punktum. Med grunnutdanningar siktar ein til høgare utdanningar som bygger på vidaregåande opplæring, og som ikkje bygger på anna høgare utdanning.

Grunnutdanningar er til dømes årsstudium, kandidatstudium, bachelorstudium, femårige integrerte masterstudium og profesjonsstudium. Enkeltemne som ikkje bygger på høgare utdanning er også grunnutdanning. Opptak til enkeltemne skjer lokalt ved den enkelte institusjonen i dag, fordi det tekniske systemet for det samordna opptaket i dag ikkje kan handtere opptak til studium på mindre enn 60 studiepoeng. Men opptaksforskrifta gjeld også for opptak til enkeltemne på mindre enn 60 studiepoeng dersom emnet ikkje bygger på høgare utdanning.

Utdanning som bygger på høgare utdanning, og som dermed ikkje er omfatta av opptaksforskrifta, kan typisk vere toårige masterstudium, praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), etter- og vidareutdanning og doktorgradsstudium. Opptak til desse tilboda bygger på anna høgare utdanning. Det følger av uhl. § 8-5 andre ledd at det skal vere eige opptak

til høgare grads studium. Institusjonane fastset sjølv desse opptaksreglane, jf. uhl. § 8-1 sjette ledd.

4.2.2 Avgrensing av verkeområdet og forskriftsheimel for institusjonane

Det følger av gjeldande § 1-1 fjerde ledd at forskrifta ikkje gjeld ved innpassing etter første studieår i fleirårige profesjonsutdanningar, for opptak til utdanning som bygger på grunnutdanning, «profesjonsdelen» av utdanning og etter- og vidareutdanning, og at institusjonane sjølve har fullmakt til å fastsetje opptakskrav og rangeringsreglar for slike utdanningar. Leddet gjeld til to omstende, som vi drøfter kvar for seg i det følgande.

Innpassing etter første studieår i fleirårige profesjonsutdanningar

Innpassing betyr i denne samanheng at ein søkar som frå før har teke delar av ei utdanning, får opptak etter første studieår på den aktuelle utdanninga utanom ordinært opptak. Departementet er usikker på i kva omfang denne regelen er nytta av institusjonane. Regelen var tidlegare aktuell for ordningar der ein kunne ta et årsstudium i psykologi, og så få opptak på profesjonsstudiet. Regelen var også aktuell for den gamle cand. jur.-ordninga der dei som tok 1. avdeling som privatist, kunne få opptak til 2. avdeling. Dei nemnte ordningane er avvikla og departementet har inntrykk av at innpassing etter første studieår i ei fleirårig profesjonsutdanning, i liten grad er i bruk i dag. Departementet er kjent med at ordninga er i bruk for enkelte studium, til dømes på odontologi ved Universitet i Oslo. Departementet er usikker på om det framleis er behov for ein regel om innpassing og kva innramming ein slik regel i så fall bør ha.

For enkelte profesjonsstudium kan det vere ein del mobilitet mellom studiestadar etter at studieløpet har byrja, og då kan det vere både rasjonelt og effektivt å kunne innpasse studentar etter første studieår og å fastsetje reglar for opptak og rangering på grunnlag av relevant høgare utdanning, utanom det ordinære opptaket. Det kan legges til rette for at institusjonar kan fylle opp ledige studieplassar ved fråfall utover i studiet. På den andre sida vil slike ordningar opne for avvik frå dei kvalifiserings- og rangeringsreglane som elles gjeld for opptak til grunnutdanningar.

Dersom regelen skal førast vidare, må det takast stilling til kva innramming regelen i så fall bør ha i ny opptaksforskrift. Regelen gjelder i dag «fleirårige profesjonsutdanningar». Det kan vere uklart om det er sikta til dei tradisjonelle profesjonsutdanningane eller alle utdanningar som kvalifiserer for eit bestemt yrke eller ein bestemd profesjon. Departementet legg til grunn at regelen opphøveleg var meint brukt i få tilfelle, jf. over, men meiner det bør vurderast og avklarast kva utdanningar som skal vere omfatta dersom regelen skal førast vidare. Det kan vere aktuelt å vurdere om regelen i så fall skal gjelde alle utdanningar, fleirårige profesjonsutdanningar eller berre utdanningar over ei viss lengde.

Departementet ønsker tilbakemelding og døme på om og når regelen brukast.

Departementet ønsker også tilbakemelding på om det framleis er behov for ein regel om opptak basert på innpassing av anna utdanning og kva innramming ei slik regel i så fall bør ha.

Opptak til utdanning som bygger på grunnutdanning, «profesjonsdelen» av utdanning og etter- og vidareutdanning

Departementet går ut frå at det ikkje er nødvendig å føre vidare avgrensinga om at forskrifta ikkje gjeld opptak til utdanning som bygger på grunnutdanning, «profesjonsdelen» av utdanning og etter- og vidareutdanning. At opptaksforskrifta ikkje gjeld for slike utdanningar følger, ved ei antitetisk tolking, av at forskrifta berre gjeld for opptak til grunnutdanningar.

Departementet er usikre på om det er behov for å føre vidare forskriftsheimelen for institusjonane til å fastsetje krav til opptak og reglar om rangering for slike utdanningar. Universitets- og høgskulelova § 8-1 sjette ledd gir institusjonane heimel til å gi forskrift om faglege minstekrav ved opptak til høgare grads studium. Det er dermed ikkje behov for forskriftsheimelen dersom den i dag berre blir brukt for høgare grads studium. Departementet foreslår å ikkje føre vidare forskriftsheimelen, men ber om innspel frå institusjonane på om dei i dag har fastsett krav til opptak og reglar om rangering for utdanningar som ikkje er grunnutdanning, men som heller ikkje er på høgare grads nivå. Kva som er høgare gradar går fram av universitets- og høgskulelova § 3-7 tredje ledd.

4.2.3 Andre endringar

I gjeldande § 1-1 femte ledd er det heimel for departementet til å frita enkeltstudium frå reglane i forskrifta. Heimel blir ikkje brukt til å gi fritak i enkeltvedtak. Eventuelle unntak frå reglane takast inn i forskrifta. Slike endringar må følge vanleg praksis for høyring av endringar i forskrift, og unntak frå reglane i forskrifta vil i praksis bli fastsett i samanheng med reglane det gjerast unntak frå. Ettersom det er departementet som fastset forskrifta, har departementet også heimel til å endre forskrifta. Departementet reknar derfor med at gjeldande § 1-1 femte ledd ikkje er nødvendig, og foreslår å ikkje føre den vidare.

Departementet foreslår å ikkje føre vidare § 1-1 tredje om kva som kvalifiserer for opptak og § 1-1 sjette ledd om klage, då det ikkje er nødvendig å regulere dette som ein del av verkeområdet til forskrifta. Reglar om kvalifisering av opptak går fram av forskriftsforslaget kapittel 6 og reglar om klage går fram av forskriftsforslaget kapittel 6.

4.3 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å føre vidare at opptaksforskrifta gjeld opptak til grunnutdanningar med enkelte språklege endringar, sjå forslaget til § 1-1 første ledd
- å ikkje føre vidare dagens forskrift § 1-1 tredje, femte og sjette ledd om hovudregel for opptak, heimel for fritak og om klage.

Departementet ber om innspel til om avgrensinga av verkeområdet med tilhøyrande forskriftsheimel for institusjonane i dagens § 1-1 fjerde ledd er nødvendig å føre vidare, og kva innramming regelen bør ha viss den skal førast vidare.

5 Kvalifisering for opptak til høgare utdanning

5.1 Generell studiekompetanse

5.1.1 Gjeldande rett

Opptak på grunnlag av norsk vidaregåande opplæring

For å kunne få opptak til høgare utdanning må søkarar ha generell studiekompetanse, jf. universitets- og høgskulelova (uhl.) § 8-1 første ledd. Det følger av uhl. § 8-1 første og andre ledd at generell studiekompetanse er fullført og bestått studieførebuande norsk vidaregåande opplæring, og dei aller fleste som søker opptak til høgare utdanning har dette opptaksgrunnlaget. Opptaksforskrifta § 2-1 første ledd fastset kva fag søkaren må ha frå vidaregåande opplæring for å oppnå generell studiekompetanse. Fagkrava er oppgitt i klokketimar, slik at søkaren må ha bestått fellesfaga norsk med 393 timar, matematikk med 224 timar, engelsk, historie og naturfag med 140 timar kvar, og samfunnsfag med 84 timar. For søkarar som har bestått norsk 309 timar, samisk/finsk 309 timar og historie 113 timar, gjeld ikkje kravet om norsk 393 timar og kravet om historie 140 timar.

Departementet kan gi forskrift om at også annan utdanning eller kombinasjon av utdanning og arbeidserfaring kan gi generell studiekompetanse.

Dei fleste søkarane oppnår generell studiekompetanse ved å bestå eit studieførebuande utdanningsprogram i vidaregåande opplæring. Men også dei som har fag- eller sveinebrev, annan yrkeskompetanse frå vidaregåande opplæring, eller har fullført og bestått Vg2 yrkesfag, kan oppnå generell studiekompetanse ved å ta påbygging til generell studiekompetanse. Det er også mogleg å oppnå generell studiekompetanse viss søkaren er over 23 år og har minst fem års utdanning eller arbeidserfaring. Dette opptaksgrunnlaget kallast ofte for «23/5». Men lik dei som har bestått studieførebuande eller teke påbygg for å oppnå generell studiekompetanse, må også 23/5-søkarar ha bestått dei seks fellesfaga frå studieførebuande vidaregåande opplæring (norsk, engelsk, historie, samfunnskunnskap, naturfag og matematikk), for å oppnå generell studiekompetanse. Søkarar som har generell studiekompetanse frå vidaregåande opplæring og som er over 23 år med dokumentert 5 års praksis/utdanning, blir dobbeltrangert ved opptaket og får opptak på det kvalifiseringsgrunnlaget som gir best rangering.

Opptak på grunnlag av utanlandsk vidaregåande opplæring

Det følger av opptaksforskrifta § 2-2 første ledd at ein søkar er kvalifisert for opptak til høgare utdanning viss søkaren har bestått vidaregåande opplæring frå eitt av dei andre nordiske landa. Det vil seia at viss ein søkar er kvalifisert for høgare utdanning i det landet den vidaregåande opplæringa er teken i, er søkaren også kvalifisert for høgare

utdanning i Noreg. Dette følger av Reykjavik-erklæringa frå 1971¹ (revidert ei rekke gonger sidan). Denne nordiske avtalen gjeld gjensidig godkjenning av utdanning. Avtalen omfattar godkjenning av studieperiodar og eksamenar og høvet til å kombinera utdanning frå fleire nordiske land.

For søkarar som har vidaregåande opplæring frå land utanfor Norden, vil ofte enkelte faglege krav kome i tillegg for at søkaren skal få generell studiekompetanse. Slike søkarar må dokumentere kunnskapar i norsk med éi av prøvane nemnt i § 2-2 andre ledd. Det er også krav om å dokumentere kunnskapar i engelsk, sjå same føresegn som for norsk. Andre krav kjem fram av GSU-lista, som er eit vedlegg til opptaksforskrifta. Denne lista er bindande ved opptak til grunnutdanningar og integrerte mastergradar ved universitet og høgskular, og når nivået til den utanlandske utdanninga skal vurderast i samband med behandlinga av søknader om generell godkjenning av utanlandsk høgare utdanning². Utdanningskravet er vitnemål frå vidaregåande skule, og for fleire land er det i tillegg krav om høgare utdanning. Utdanning frå enkelte land dekker språkkrav med vitnemål frå vidaregåande skule. I vedlegg I til forskrifta blir desse landa oppført med «dekte» for det aktuelle språkkravet. Utdanning frå land som ikkje dekker språkkrav med vitnemål frå vidaregåande skule er oppført med «ikkje dekte» i lista. Ofte vil dette bety at søkaren må oppnå ein viss poengsum i ein engelsk-test slik som TOEFL, medan enkelte andre søkarar oppfyller kravet ved å ha gått på ein vidaregåande skule der undervisningsspråket var engelsk, jf. opptaksforskrifta § 2-2 tredje ledd. For søkarar til framandspråklege utdanningsprogram, utdanningsprogram der samisk er undervisningsspråk, og for studentar som deltek i internasjonale utvekslingsprogram, er det ikkje krav om føregåande norskkunnskapar, jf. § 2-2 sjuande ledd.

Også søkarar som har utdanning frå International Baccalaureate (IB), får generell studiekompetanse viss dei oppfyller krava i § 2-2 fjerde og femte ledd.

Opptak på grunnlag av høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning

Det følger av opptaksforskrifta § 2-3 at søkarar som er tekne opp til høgare utdanning utan å ha generell studiekompetanse, jf. kapittel 3 i opptaksforskrifta, og som har fått 60 studiepoeng på studiet dei kom inn på, i ettertid får generell studiekompetanse og kan søke opptak til alle studium, inkludert studium der det er spesielle opptakskrav dersom desse er oppfylte.

Dei som har fullført ei 2-årig høgare yrkesfagleg utdanning og såleis oppnådd 120 studiepoeng frå fagskule, vil på bakgrunn av denne utdanninga få generell studiekompetanse, jf. § 2-4. Dette gjeld uavhengig av om dei har fått opptak til den høgare

¹ St.prp. nr. 7 (1996–97) Om samtykke til godkjenning av avtale av 3. september 1996 mellom Danmark, Finland, Island, Noreg og Sverige om tilgjenge til høgare utdanning.

² I motsetning til ved generell godkjenning av utanlandsk høgare utdanning, kan HK-dir ved opptaket til høgare utdanning også vurdere vidaregåande opplæring teken i okkuperte område eller i statar som ikkje er internasjonalt anerkjent. Dette er fordi ei slik vurdering er ei individuell vurdering av søkaren sin kompetanse medan generell godkjenning er ei vurdering på systemnivå.

yrkesfaglege utdanninga basert på generell studiekompetanse eller basert på anna grunnlag. Konsekvensen av dette er at dei som både har generell studiekompetanse frå vidaregåande skule og har fullført ei 2-årig fagskuleutdanning med 120 studiepoeng frå fagskule, får ei rangering basert på sin vidaregåande skule og ein individuell vurdering av sine resultat frå fagskuleutdanninga.

5.1.2 Departementets vurdering

5.1.2.1 Opptak på grunnlag av norsk vidaregåande opplæring

Hovudregelen for opptak til grunnutdanningar innan høgare utdanning er som nemnt krav til generell studiekompetanse basert på fullført og bestått vidaregåande opplæring med spesifiserte krav til bestemte fag og omfanget av desse. Departementet foreslår å føre vidare dette opptaksgrunnlaget, men meiner det er unødvendig å føre vidare at timetalet til dei seks fellesfaga frå vidaregåande går fram av opptaksforskrifta. Departementet meier det er tilstrekkeleg å vise til at søkarar må ha bestått fellesfaga norsk, engelsk, matematikk, naturfag, samfunnskunnskap og historie frå studieførebuande norsk vidaregåande opplæring og at timetalet følger av regelverket om vidaregåande opplæring. Departementet foreslår å heller ikkje føre vidare § 2-1 andre ledd om unntak frå timetalet i første ledd for søkarar med samisk eller finsk tilknytning. Formålet med denne regelen er å sikre at søkarar som har hatt færre timar i norsk eller historie³ i vidaregåande opplæring fordi de har samisk som første eller andre språk eller finsk som andre språk, likevel får generell studiekompetanse. Når vi no foreslår å ikkje lenger vise til timetalet, men berre til studieførebuande vidaregåande opplæring, så trengs ikkje dette unntaket. Timetalet til fellesfaga i studieførebuande vidaregåande opplæring, går fram av fag- og timefordelinga i Utdanningsdirektoratets årlege rundskriv, Udir-1.

Generell studiekompetanse som grunnlag sikrar at alle søkarane har eit visst nivå på kompetansen sin, og at denne kompetansen har eit visst felles fagleg innhald. Generell studiekompetanse oppnådd på bakgrunn av norsk vidaregåande opplæring, vil framleis vere hovudgrunnlaget for kvalifisering til høgare utdanning. Samtidig foreslår departementet at også andre opptaksgrunnlag, som dagens 23/5-regel, fullført høgare utdanning (eitt år), fullført fagskuleutdanning (to år) og godkjend utanlandsk utdanning, blir ført vidare som moglege grunnlag for kvalifisering til høgare utdanning.

I dagens § 2-1 fjerde ledd står det at «søkjarar med generell studiekompetanse på grunnlag av vidaregåande opplæring eller tidlegare ordningar før Kunnskapsløftet skal framleis ha generell studiekompetanse [...]». Departementet foreslår å føre dette vidare, men i kapittelet om overgangsreglar, sjå punkt 9.

5.1.2.2 Opptak på grunnlag av 23/5-regelen

I samsvar med opptaksmeldinga foreslår departementet å føre vidare 23/5-regelen med enkelte endringar.

³ Gjeld dei som har Historie, samisk plan, Vg3 påbygging til generell studiekompetanse (HIS1014)

Ein stor del av dei som er 23 år eller eldre, og har dei nødvendige faga, oppfyller praksiskravet i dagens regel, og departementet meiner derfor det er unødvendig å måtte dokumentere dette. Det vil også spare tid for opptaksorganet å ikkje måtte gå gjennom dokumentasjon for arbeidserfaring osv. I samsvar med tiltaket i opptaksmeldinga punkt 2.3.1, foreslår departementet å ikkje føre vidare kravet om fem års praksis.

Departementet foreslår å føre vidare krav om at søkar må ha bestått dei seks fellesfaga (norsk, engelsk, historie, samfunnskunnskap, naturfag og matematikk), for å kunne kvalifiserast etter denne føresejna. Søkarar som har hatt samisk som førstespråk eller andrespråk og søkarar som kvensk eller finsk som andrespråk, må også ha bestått høvesvis samisk, kvensk og finsk. Fordelinga av timetalet mellom norsk og høvesvis samisk, kvensk og finsk, går fram av fag- og timefordelinga i vidaregåande opplæring.⁴

Departementet har vurdert om det framleis bør vere ei aldersgrense på 23 år eller om aldersgrensa for opptak på grunnlag av berre dei seks fellesfaga bør bli heva til 25 år.

Studieførebuande vidaregåande opplæring og fag- og yrkesopplæring med påbygg til generell studiekompetanse har som hensikt å gi elevar den kompetansen dei treng for å kunne gjennomføre høgare utdanning. Eit argument for å heve aldersgrensa for opptak på grunnlag av dei seks fellesfaga, er å bidra til at generell studiekompetanse frå vidaregåande opplæring skal vere hovudvegen til høgare utdanning. At det ikkje lenger skal gjelde eit krav om fem års praksis, kan også tilseie at aldersgrensa for opptak på grunnlag av dei seks fellesfaga bør bli heva.

Departementet viser også til at det er enklare å kvalifisere til høgare utdanning på grunnlag av vidaregåande opplæring no enn tidlegare.

Retten til vidaregåande opplæring var tidlegare tidsavgrensa. Fram til 1. august 2017 var det rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring og heile retten måtte normalt takast ut i løpet av ein samanhengande periode på fem år. I 2017 ble femårs avgrensinga oppheva, men det var framleis som hovudregel berre rett til tre års vidaregåande opplæring. Frå 1. august 2024 ble retten til vidaregåande opplæring utvida. I dag varer retten til vidaregåande opplæring etter fram til ein har oppnådd studiekompetanse eller yrkeskompetanse, jf. opplæringslova §§ 5-1 og 18-3. Dei som har bestått fag- og yrkesopplæring, har rett til påbygging til generell studiekompetanse, jf. opplæringslova §§ 5-7 og 18-7. Retten til påbygg blei innført i 2014.

Det er dermed argument for å heve aldersgrensa for opptak på grunnlag av dei seks fellesfaga. Departementet ser samstundes at det vil vere lite samfunnsøkonomisk om vaksne skal bruke mykje tid på å ta fag i vidaregåande opplæring i staden for å byrje i høgare utdanning dersom dei ønsker og har nødvendige faglege føresetnader for å gjennomføre høgare utdanning.

Departementet ber om innspel frå høyringsinstansane på om aldersgrensa for opptak på grunnlag av dei seks fellesfaga skal hevast til 25 år eller vere på 23 år slik som i dag.

⁴ Sjå rundskriv Udir-1-2024

Departementet viser elles til omtalen i punkt 7.2 om avvikling av ordninga med dobbeltrangering. Denne avviklinga får som konsekvens at det er berre dei som ikkje har generell studiekompetanse på grunnlag av vidaregåande opplæring, som kan blir rangert på grunnlag av ei 23/5 eller 25/6-ordning.

5.1.2.3 Utdanning eller kunnskapar som kan godkjennast som likeverdig

I dagens § 2-1 tredje ledd står det at «opptaksorganet har plikt til å vurdere om anna utdanning eller annan dokumentasjon av kunnskapar kan godkjennast som likeverdig. Departementet kan gi nærmare reglar». Det er mange ulike kvalifiseringsgrunnlag som gir generell studiekompetanse, og det er også fleire unntak som gjer at ein kan få opptak til eit studium utan ha oppnådd generell studiekompetanse. Dessutan har den enkelte no betre moglegheit til å ta fag som han eller ho manglar på grunn av den utvida retten til vidaregåande opplæring. Departementet er derfor usikker på om det er behov for denne regelen. En slik regel inneber at opptaksorganet må vurdere alle moglege utdanningar og kunnskapar som det blir søkt om, og i mange tilfelle vil det truleg ikkje vere likeverdig med grunnlag som gir generell studiekompetanse. Dette kan skape urealistiske forventningar hos søkarane og dessutan vere ressurskrevjande for opptaksorganet. Departementet meiner regelverket kan bli meir føreseieleg og opptaket meir effektivt utan ei slik regel. Samstundes er departementet oppteke av å ikkje gjere det unødvendig vanskeleg å få opptak til høgare utdanning for søkarar som har nødvendige faglege føresetnader.

Departementet ønsker tilbakemelding på om det framleis er behov regelen i dagens § 2-1 tredje ledd om at opptaksorganet skal vurdere om anna utdanning eller annan dokumentasjon av kunnskapar kan godkjennast som likeverdig. Departementet ønsker også tilbakemelding på kva tilfelle regelen trengs for, slik at regelen kan bli tydelegare innramma dersom den skal først vidare.

5.1.2.4 Opptak på grunnlag av utanlandsk vidaregåande opplæring

Når det gjeld opptak av søkarar på bakgrunn av utanlandsk vidaregåande opplæring, foreslår departementet at føresegna i hovudsak først vidare i § 2-3 og § 2-4, men i ein litt omstrukturert form. I tillegg foreslår departementet å flytte gjeldande føresegn i § 2-2 sjuande ledd, som gjeld unntak frå norskkravet, til ny § 3-8, da dette gjeld unntak frå kravet om generell studiekompetanse. Det visast til omtalen i punkt 5.2.2.9.

Føresegna i § 2-2 første ledd som gjeld søkarar som har 3-årig vidaregåande opplæring frå eit av dei andre nordiske landa, først vidare utan innhaldsendringar. Når det gjeld søkarar som har vidaregåande opplæring frå land utanfor Norden, er det i andre ledd presisert at dei får generell studiekompetanse viss utdanninga er på nivå med norsk 3-årig vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse i samsvar med GSU-lista og i tillegg kan dokumentere norskkunnskapar på eit nærare bestemt nivå. Departementet foreslår at dei ulike måtane ein kan tilfredsstille kravet til norsk på, blir flytta frå føresegna til vedlegg I til forskrifta som inneheld GSU-lista. Korleis søkarar kan dokumentere dette norskkravet på, vil også komme fram av nettsida til Samordna opptak. Utdanningskravet er vitnemål frå utanlandsk vidaregåande skule, og for fleire land er det krav om høgare utdanning i tillegg. I tillegg må desse søkarane ha engelsk på eit visst

nivå. Utdanning frå enkelte land dekkjer språkkrav med vitnemålet frå vidaregåande skule. Departementet foreslår at også dei ulike måtane ein kan tilfredsstille kravet til engelsk blir flytta frå forskrifta til vedlegg I.

Departementet foreslår vidare å dele dagens føresegn om opptak på grunnlag av utanlandsk vidaregåande opplæring i to, der det som gjeld utdanning frå IB er skilt ut frå dei andre utanlandske utdanningane. Viss søkaren har anna utanlandsk utdanning, gjeld andre krav for å oppnå generell studiekompetanse.

Det går også fram av dagens § 2-2 sjette ledd at «universitetet eller høgskulen kan godta annan dokumentasjon av norskkunnskapar». Det er sjeldan behov for andre måtar å dokumentere norskkunnskapar og søkarar som har tilstrekkelege norskkunnskapar kan uansett lett dokumentere dei på ein av dei godkjende måtane som omtalt i vedlegg I. Departementet meiner at dagens § 2-2 sjette ledd er ein overflødig regel. Departementet foreslår derfor å ikkje føre vidare denne regelen.

5.1.2.5 Opptak på grunnlag av utdanning frå International Baccalaureate (IB)

Departementet foreslår å føre vidare føresegna om opptak på grunnlag av utdanning frå International Baccalaureate (IB), men med ny struktur og enkelte presiseringar. I forslaget § 2-3 andre ledd, som gjeld søkarar med opplæring frå IB, er det presisert at dei som ikkje har hatt gode nok karakterar til å få «Diplom», likevel kan få generell studiekompetanse viss gitte vilkår er oppfylte. Det er også tydeleggjort at «*Theory of Knowledge, Creativity, Action and Service og Extended Essay*», som må vere bestått, gjeld for begge alternativa for å oppnå generell studiekompetanse.

Dagens § 2-2 femte ledd som gjeld søkarar med Diplom frå IB før 2021, er foreslått flytta ut av kapittel 2 i forskrifta og teke inn kapittel 8, som omhandlar dei ulike overgangsordningane, sjå § 7-1 andre ledd. Sjølv om det nok er ein del som vil søka med dokumentasjon frå IB før 2021, vil dette etter kvart gjelde færre, og det er naturleg at ordninga regulerast som ei overgangsordning.

5.1.2.6 Opptak på grunnlag av høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning

Departementet foreslår i hovudsak å føre vidare reglane om opptak på grunnlag av høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning, men i éi føresegn, jf. forslaget § 2-4. Det som er nytt i forslaget gjeld kvalifisering på grunnlag av utdanning frå ein fagskule. Som tidlegare, oppnår søkarar med 2-årig høgare yrkesfagleg utdanning (120 studiepoeng frå fagskule) generell studiekompetanse, men det er presisert i forslaget at dette berre dei som ikkje har fullført og bestått norsk vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse. Dette er likt slik det er i dag for dei som får generell studiekompetanse på bakgrunn av eitt år (60 studiepoeng) utdanning frå eit universitet eller høgskule. Denne endringa kjem som følge av at departementet ikkje lenger vil legge til rette for moglegheita til å bli dobbeltrangert, sjå punkt 7.2.

Viss søkarane har teke den høgare yrkesfaglege utdanninga eller den høgare utdanninga på eit anna språk enn norsk eller nordisk, må dei ved opptak til høgare utdanning

dokumentere norsk med ei av prøvane omtalt i vedlegg I. Dette kravet følger i dag også av noverande forskrift § 2-3 andre ledd for søkarar som får generell studiekompetanse på bakgrunn av 60 studiepoeng frå høgare utdanning, men det er ikkje i dag eit slikt krav for søkarar som får generell studiekompetanse på bakgrunn av 120 studiepoeng frå fagskule. I tillegg må også søkarane dokumentere eit visst nivå i engelsk som også kjem fram av vedlegg I. Dette kravet følger også av noverande forskrift § 2-4 andre ledd for søkarar som får generell studiekompetanse på bakgrunn av 120 studiepoeng frå fagskule, men det er ikkje i dag eit slikt krav for søkarar som får generell studiekompetanse på bakgrunn av 60 studiepoeng frå høgare utdanning. Departementet foreslår derfor like reglar når det gjeld krav til nivå i norsk og engelsk for søkarar med bakgrunn frå fagskule og universitet og høgskular, fordi dette er essensielt for å kunne ta høgare utdanning i Noreg.

5.1.3 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å i hovudsak føre vidare regelverket om kvalifisering til høgare utdanning med fleire forenklingar og språklege endringar, jf. forslaget §§ 2-1 flg.
- at det ved opptak på grunnlag av dei seks fellesfaga i vidaregåande opplæring (dagens 23/5-ordning) ikkje lenger skal vere krav om arbeidserfaring. Departementet høyrer to alternativ: (1) behalde aldersgrensa på 23 år eller (2) heve aldersgrensa til 25 år, jf. forslaget § 2-2 andre ledd
- å presisere at berre søkarar som ikkje hadde generell studiekompetanse frå norsk vidaregåande opplæring, får generell studiekompetanse på grunnlag av bestått 2-årig høgare yrkesfagleg utdanning, jf. forslaget § 2-5 første ledd.

Departementet ønsker tilbakemelding på om det framleis er behov for regelen i dagens § 2-1 tredje ledd om at opptaksorganet skal vurdere om anna utdanning eller annan dokumentasjon av kunnskapar kan godkjennast som likeverdig og kva tilfelle regelen i så fall trengs for.

5.2 Unntak frå kravet om generell studiekompetanse

5.2.1 Gjeldande rett

Generelt

For å få opptak til grunnutdanningar innan høgare utdanning, er det krav om generell studiekompetanse. Det følger av universitets- og høgskulelova §§ 8-1 og 8-2 at departementet kan gi forskrift om unntak frå krava om generell studiekompetanse. I dag går unntaka fram av opptaksforskrifta kapittel 3. Institusjonane som ønsker unntak frå kravet om generell studiekompetanse for enkelte studium, må søke Kunnskapsdepartementet om dette.

Opptak på grunnlag av realkompetansevurdering

Universitet og høgskular kan gi søkarar som er 25 år eller eldre i opptaksåret, opptak til enkeltstudium viss dei på grunnlag av realkompetanse har dei nødvendige faglege føresetnadene, jf. universitets- og høgskulelova § 8-2 og opptaksforskrifta § 3-1.

Realkompetanse er kunnskap som søkaren har opparbeidd seg gjennom arbeidserfaring, ubetalt arbeid, organisasjonsarbeid og gjennom dokumentert kunnskap, ferdigheiter og generell kompetanse. Kunnskapen kan vere opparbeidd gjennom formell, ikkje-formell og uformell læring. Formell læring er den som skjer i utdanningssystemet. Ikkje-formell læring er strukturert opplæring gjennom kurs og andre tilbod som ikkje inngår i utdanningssystemet, medan uformell læring skjer i løpet av livet på arenaer som ikkje først og fremst er berekna på strukturert læring.

Søkaren må ha dei faglege føresetnadene som trengst for å kunne gjennomføre det aktuelle studiet. Kvar institusjon avgjer kva realkompetanse som trengs til studia deira, og dei vurderer kvalifikasjonane opp mot det faget søkaren ønsker å studere. Søkarar som allereie har generell studiekompetanse, kan ikkje søke på grunnlag av realkompetanse.

Realkompetansesøkarar må også oppfylle eventuelle spesielle opptakskrav, også der det er karakterkrav i enkelte fag. Søkarane kan oppfylle krava ved å ta fag i vidaregåande opplæring.

Opptak på grunnlag av dispensasjonsvurdering

Universitet og høgskular kan i særskilde tilfelle gi dispensasjon frå kravet om generell studiekompetanse, jf. universitets- og høgskulelova § 8-1 fjerde ledd og opptaksforskrifta § 3-2. Regelen gir ikkje ein generell dispensasjon for søkaren, men opnar for å gjere unntak for opptak til eit konkret studium. Formålet med å gi dispensasjon er at søkarar som på grunn av funksjonsnedsetting ikkje har moglegheit til å oppnå generell studiekompetanse, skal få moglegheit til å studere likevel. Eit døme er søkarar som har dyskalkuli og ikkje klarer å bestå matematikkfaget i vidaregåande opplæring.

For at ein institusjon skal kunne gi ein søkar dispensasjon må to vilkår vere oppfylte:

- Det må ligg føre varig sjukdom, funksjonsnedsetting eller liknande tilstand.
- Tilstanden til søkaren må vere av ein slik karakter at det ikkje har vore mogleg for søkaren å oppfylle enkelte av krava som normalt må vere oppfylte for å oppnå generell studiekompetanse.

Som ved opptak på grunnlag av realkompetanse, må institusjonen gjere ei konkret vurdering av om søkaren har dei nødvendige faglege føresetnadene for det studiet vedkommande søkar om opptak til.

Opptak på grunnlag av fag- eller sveinebrev (Y-veg)

Opptaksforskrifta §§ 3-3, 3-7, 3-8, 3-9 og 3-11 opnar for opptak til spesielt tilrettelagde studium for søkarar som ikkje har generell studiekompetanse, men som har fag- eller sveinebrev eller yrkeskompetanse. Dette gjeld spesielt tilrettelagd ingeniørutdanning, studium i akvakultur, havbruk og fiskerifag, nautikk, marintekniske fag, serviceleing og

marknadsføring og paramedisin. Denne yrkesfaglege vegen, ofte kalla Y-vegen, starta som ei prøveordning mellom 2002 og 2007. Den vart opphøveleg utvikla fordi det var behov for fleire ingeniørar, og fordi det var ledig kapasitet ved fleire høgskular. Y-vegen krev tilrettelegging av studieløpet, og studentane tek faga dei manglar i byrjinga av studiet. Y-vegen er tilrettelagte studium som gir studentane moglegheit til å fullføre bachelorutdanninga på tre år.

Opptak på grunnlag av forkurs osv.

Det følger av opptaksforskrifta §§ 3-4, 3-10 og 3-12 at søkarar kan få opptak utan generell studiekompetanse til visse utdanningar innafor matteteknologi, tekniske fag og nautikk under føresetnad av at søkaren har forkurs eller andre nemnde kvalifikasjonar.

Universitet og høgskular har laga eit tilrettelagt forkurs på nivå med vidaregåande opplæring, som gjer at søkarar kan bli kvalifisert for opptak til enkelte ingeniør- og maritime utdanningar. Forkurset gir likevel ikkje generell studiekompetanse. Forkurset er tilrettelagt for personar med yrkesutdanning og arbeidserfaring som ønsker å ta ingeniørutdanning, men som manglar generell studiekompetanse og fordjuping i realfag frå vidaregåande⁵. Fagplanen for forkurset er fastsett av Universitets- og høgskulerådet. Forkurset er ikkje høgare utdanning og det gir derfor ikkje utteljing i studiepoeng. Skilnaden på forkurs og Y-vegen er at forkurset krev eitt ekstra år før søkarane kan byrje på enkelte ingeniørutdanningar.

Opptak til enkelte språkfag for søkarar med samisk, kvensk eller finsk tilknytning

I dag er det slik at søkarar med samisk, kvensk eller finsk tilknytning kan få opptak til nybyrjarkurs i samisk, studium i kvensk og studium i finsk utan å ha generell studiekompetanse, jf. opptaksforskrifta § 3-5. Det er institusjonen som bestemmer korleis tilknytninga skal dokumenterast.

Opptak til enkelte kunstfag for søkarar som har særskilde faglege føresetnader

Det største unntaket frå kravet om generell studiekompetanse målt i antal søkarar som får opptak, finn ein ved opptak til diverse kunstfagutdanningar, jf. opptaksforskrifta § 3-6. Hovudregelen for opptak til kunstfagutdanningar er generell studiekompetanse, men det kan gjerast unntak frå kravet om generell studiekompetanse for søkarar som oppfyller spesielle faglege krav fastsette av institusjonen. Ofte har kunstfagutdanningane også krav om opptaksprøve. Det kjem ikkje fram av forskrifta om opptaksprøven blir brukt som grunnlag for kvalifisering eller om ho blir brukt som grunnlag for rangering, enten åleine eller i kombinasjon med poengberekning på grunnlag av generell studiekompetanse, sjå punkt 7.7. Dette er nærare beskrive i rundskriv F-02-24.

⁵ Søkarar som har generell studiekompetanse, men ikkje fordjuping i realfag frå vidaregåande, kan ta tilrettelagde realfagskurs.

5.2.2 Departementets vurdering

5.2.2.1 Vurdering av behovet for ein søknadsbasert ordning for unntak

I opptaksmeldinga er det vist til at eit mål for opptaksregelverket er at det skal bli enklare å forstå og bruka både for søkarar og for dei som behandlar opptakssøknadane ved institusjonane. Det er mellom anna vist til at dagens forskrift i nokre tilfelle regulerer omstende som det ikkje er nødvendig å forskriftsfeste like detaljert som i dag. I meldinga varslar regjeringa at ho i arbeidet med ei ny opptaksforskrift vil «vurdere om det er mogleg å gi institusjonane noko større rom for å nytte unntaksordningar utan søknad til departementet».

Departementet har vurdert om moglegheitsrommet til universitet og høgskular bør utvidast slik at dei ikkje lenger treng å søka departementet om å få gjera unntak frå kravet om generell studiekompetanse ved opptak til enkeltstudium. Ei slik utviding av moglegheitsrommet vil ha den fordel at ressursbruken både ved institusjonane og i HK-dir og departementet blir redusert. På den andre sida, viss institusjonane sjølv skal bestemme, kan det føre til ulike krav til same type utdanning, noko som igjen kan føre til eit uoversiktleg og komplisert regelverk.

Departementet har også sett på om utviding av moglegheitsrommet for universitet og høgskular eventuelt kan gjerast berre innanfor opptak til kunstfagutdanningar. Ein fordel med å la institusjonane sjølv avgjera om søkarar til opptak til kunstfaglege studium ikkje treng å ha generell studiekompetanse, er at departementet ikkje treng å bruka ressursar på dette arbeidet. Institusjonane har også best føresetnader for å vurdere om det er nødvendig med generell studiekompetanse for å gjennomføre ei konkret utdanning for søkarar med særskilde faglege føresetnader, eller om ei opptaksprøve er meir formålstenleg. Ei utfordring med ei slik regulering vil vere å kome fram til tydelege rammer for kva som er «kunstfaglege studium» eller «kunst- og designfag», slik at det i praksis ikkje blir gjort unntak frå generell studiekompetanse for søkarar utover det ein har meint å opne for.

Å la institusjonane sjølv bestemme kva studium søkarar ikkje treng generell studiekompetanse for å gjennomføre, kan føre til at prinsippet om generell studiekompetanse ved opptak til grunnutdanningane innan høgare utdanning «blir vatna ut» innanfor enkelte utdanningsretningar, noko som igjen kan føre til dårlegare utdanningskvalitet og dårlegare føresetnader for studentane til å gjennomføre studiet. Dette kan få samfunnsøkonomiske konsekvensar ved at enkelte som får opptak, ikkje klarer å gjennomføre studiet.

Departementet foreslår derfor ingen endring på dette området. Universitet og høgskular som ønsker unntak frå kravet om generell studiekompetanse ut over det som følger av kapittel 3 i forskrifta, må framleis søke departementet om det, jf. forslaget § 3-1.

5.2.2.2 Generelt om unntak frå kravet om generell studiekompetanse

I dag er det unntak frå kravet om generell studiekompetanse både for enkelte studium (til dømes tilrettelagt ingeniørstudium) og for søkarar som på bakgrunn av nærare oppfylte krav kan få unntak frå generell studiekompetanse ved opptak til enkelte studium der dei

andre søkarane har generell studiekompetanse. Departementet foreslår i hovudsak å føre dette vidare i den nye opptaksforskrifta.

Ordninga med individuelle unntak frå kravet om generell studiekompetanse har kome til for å vareta søkargrupper som av ulike årsaker ikkje kan oppnå eller treng generell studiekompetanse for å bli tekne opp til bestemte studium, men som likevel blir vurderte som kvalifiserte for dei aktuelle studia fordi dei har dei faglege føresetnadane for å gjennomføre studia. Sjølv om det er ein svært liten del av søkarane som kvalifiserer seg gjennom unntaksreglane, er dei viktige for å sikre at enkelte søkargrupper framleis skal ha moglegheit til å delta i høgare utdanning.

I forslaget til ny forskrift er det teke inn ein ny regel innleiingsvis om at universitet og høgskular som ønsker unntak frå kravet om generell studiekompetanse, ut over det som følger av forskrifta, må søke departementet om det, jf. forslaget § 3-1. Dette er ei presisering av gjeldande rett.

5.2.2.3 Opptak på grunnlag av realkompetansevurdering

Departementet foreslår å føre vidare dagens § 3-1 om at søkarar som er 25 år eller eldre i opptaksåret, og som ikkje har generell studiekompetanse, har rett til å få vurdert om dei er kvalifiserte for eit bestemt studium på grunnlag av realkompetanse. Departementet foreslår også å føre vidare at søkarar som er kvalifiserte for opptak etter forslaga til føresegnene i §§ 3-4 til 3-7, ikkje skal realkompetansevurderast. Viss søkaren har dei faglege føresetnadene for å kunne gjennomføre utdanninga, foreslår departementet no å presisere i føresegna at søkaren er kvalifisert for opptak til dette konkrete studiet. Søkaren oppnår likevel ikkje generell studiekompetanse, og sjølv om søkaren er kvalifisert, betyr det ikkje at søkaren nødvendigvis vil få opptak til studiet. Det kjem an på kvalifikasjonane og poenga til dei andre søkarane (rangering). På studium der det er høg konkurranse for å kome inn, vil det vere vanskeleg for dei som ikkje kan poengberekna, inkludert realkompetansesøkarar, å kome inn på studiet.

I forskriftsforslaget § 3-2 andre ledd er det presisert kva realkompetanse er. Forklaringa er henta frå forarbeida til universitets- og høgskulelova⁶, og er i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR)⁷.

Departementet foreslår å ikkje føre vidare det som står i § 3-1 tredje ledd om at institusjonane må finne fram til eigna og tenlege framgangsmåtar for realkompetansevurderingar. Det skal framleis vere slik at institusjonane må vurdere kvalifikasjonane til søkaren ut frå det faget søkaren ønsker å studere, og finne fram til eigna og tenlege framgangsmåtar for slike vurderingar, men det er ikkje nødvendig at dette står i forskrifta. At ein søkar må ha nødvendige faglege føresetnader for å gjennomføre det aktuelle studiet for å få opptak utan å ha generell studiekompetanse, følger av forslaget § 3-2 første ledd andre punktum.

⁶ Prop. 126 L (2022–2023) punkt 12.2

⁷ <https://lovdata.no/forskrift/2017-11-08-1846>

5.2.2.4 Opptak på grunnlag av dispensasjonsvurdering

Departementet foreslår å føre vidare regelen om dispensasjonsvurdering for søkarar som på grunn av funksjonsnedsetting ikkje har hatt moglegheit til å fullføre og bestå vidaregåande opplæring og såleis ikkje har fått generell studiekompetanse. Departementet foreslår å ta inn i forskrifta at søkarane har rett til ei dispensasjonsvurdering. I dagens § 3-2 er det ikkje klart om søkarar har rett til ei slik vurdering, slik det er for realkompetansevurdering etter § 3-1 i dagens forskrift. Departementet meiner likevel at regelen bør vere slik, og foreslår å tydeleggjere dette i den nye forskrifta. Institusjonane kan såleis ikkje velje å ikkje foreta ei slik vurdering opp mot eit konkret studium. Departementet understrekar at det berre er en rett til å få vurdert om vilkåra for dispensasjon er oppfylt. Det er ikkje ein rett til dispensasjon.

Departementet foreslår å ikkje føre vidare presiseringa om at «varig sjukdom» og «eller liknande» gir grunnlag for dispensasjon. Departementet legg til grunn at «varig sjukdom» fell inn under omgrepet «funksjonsnedsetting». Med funksjonsnedsetting siktar ein til tap av eller skade på ein kroppsdel eller i ein av kroppens funksjonar. Til dømes kan dette vere nedsett rørsle-, syns- eller hørselsfunksjon, dysleksi, dyskalkuli, nedsett kognitiv eller intellektuell funksjon, eller ulike funksjonsnedsettingar på grunn av allergi eller hjarte- eller lungesjukdommar, jf. Prop. 81 L (2016–2017) punkt 30. I likestillings- og diskrimineringslova er funksjonsnedsetting avgrensa mot forbigåande eller bagatellmessige omstende, jf. Prop. 81 punkt 30. Når det gjeld presiseringa «eller liknande» i dagens føresegn, meiner departementet at denne ikkje er nødvendig å føre vidare, då eventuelle andre omstende som bør gi grunnlag for ei dispensasjonsvurdering vil falle inn under «funksjonsnedsetting». Forslaget er ikkje meint å endre innhaldet i regelen.

Dersom dispensasjonsvurderinga viser at søkaren har dei nødvendige faglege føresetnadene for det konkrete studiet, vil søkaren vere kvalifisert for opptak til dette studiet. Søkaren får likevel ikkje generell studiekompetanse på bakgrunn av dispensasjonsvurderinga. Det er eit vilkår for opptak på grunnlag av ei dispensasjonsvurdering at søkaren kan dokumentere at det har vore umogleg for søkaren å oppfylle enkelte av krava ein normalt må oppfylle for å oppnå generell studiekompetanse. Men sjølv om søkaren er kvalifisert for opptak, betyr det ikkje at søkaren nødvendigvis vil få opptak til dette studiet. Om søkaren får opptak kjem an på kvalifikasjonane og poenga til dei andre søkarane (rangering).

5.2.2.5 Opptak på grunnlag av fag- eller sveinebrev (Y-veg)

Departementet foreslår å slå saman §§ 3-3, 3-7, 3-8, 3-9 og 3-11 i dagens forskrift i ein ny § 3-4. I dag kan Universitetet i Innlandet ta opp søkarar som ikkje har generell studiekompetanse til eit spesielt tilrettelagt studium innanfor serviceleiing og marknadsføring dersom søkar har relevant fag- eller sveinebrev. Departementet foreslår å gjere føresegna generell slik at alle institusjonar som vil tilby eit spesielt tilrettelagt studium innanfor serviceleiing og marknadsføring kan gi ein søkar som ikkje har generell studiekompetanse opptak dersom søkar har relevant fag- eller sveinebrev. For dette studiet

treng altså ikkje institusjonane å søke departementet om løyve. Departementet foreslår elles å føre vidare reglane om Y-veg. Institusjonane kan ikkje fastsetje spesielle opptakskrav for Y-veg. Viss institusjonen ønsker spesielle opptakskrav, må den søke departementet på vanleg måte.

5.2.2.6 Opptak på grunnlag av forkurs osv.

Departementet foreslår å slå saman §§ 3-4, 3-10 og 3-12 i dagens forskrift i ein ny § 3-5.

I dagens opptaksforskrift § 3-4 bokstav b står det at «arkitektutdanning ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet har unntak frå kravet om generell studiekompetanse for søkjarar som har bestått 2-årig fagskuleutdanning etter studieordningar før rammeplan fastset av departementet i 1998–1999». Departementet foreslår å flytte denne regelen til kapittel 7 om overgangsordningar, sjå forslaget § 7-1.

5.2.2.7 Opptak til enkelte språkfag for søkarar med samisk, kvensk eller finsk tilknytning

Departementet foreslår å føre vidare dagens opptaksforskrift § 3-5 om at søkarar med samisk, kvensk og finsk tilknytning men som ikkje har generell studiekompetanse, kan få opptak til enkelte språkfag innan samisk, kvensk eller finsk.

Det er den enkelte institusjonen som fastset nærare reglar for dokumentasjon av tilknytning. Det kan til dømes vere at søkaren tilhøyrrer ei av gruppene, men ikkje meistarar språket. Det kan også vere ein tilsett ved ein offentleg institusjon i eit område der til dømes samisk er utbreidd, eller at søkaren vil lære det aktuelle språket fordi søkaren bur i eit område der språket blir brukt.

5.2.2.8 Opptak til enkelte kunstfag for søker som har særskilde faglege føresetnader

Departementet foreslår å føre vidare at universitet og høgskular kan gjere unntak frå kravet om generell studiekompetanse for søkarar som har særskilde faglege føresetnader ved opptak til enkelte kunstfag. Hovudregelen for å vere kvalifisert for opptak til kunstfag er at søkarar må ha oppnådd generell studiekompetanse. Departementet meiner dette utgangspunktet følger tydeleg av systematikken i forskriftsforslaget, og foreslår derfor å ikkje føre vidare presiseringa om dette i føresegna om unntak frå kravet til generell studiekompetanse ved opptak til enkelte kunstfag. Departementet understrekar at krav om generell studiekompetanse framleis skal vere den klare hovudregelen.

Departementet har inntrykk av at unntaket frå kravet om generell studiekompetanse ved opptak til kunstfag i nokre tilfelle blir brukt for søkarar som unntaket ikkje er meint å gjelde for. Departementet foreslår å presisere i forskrifta at unntaket frå generell studiekompetanse ved opptak til enkelte kunstfag, berre gjeld dei søkarane som har særskilde faglege føresetnader.

I gjeldande § 3-6 er det ei tilvising til § 4-1 om spesielle opptakskrav. Tilvisinga kan oppfattast som at det er ei føresetnad at det skal vere fastsett spesielle opptakskrav for at det på eit studium kan gjerast unntak frå generell studiekompetanse for søkarar som har særskilde faglege føresetnader. Dette er ikkje tilfellet. Unntak frå generell studiekompetanse kan som nemnt ikkje gjerast generelt, men for einskilde søkarar som har

særskilde faglege føresetnader. Det er dermed ikkje nødvendig at det er fastsett spesielle opptakskrav i form av opptaksprøve eller liknande for det aktuelle studiet. Departementet foreslår derfor å ta ut tilvisinga til regelen om spesielle opptakskrav.

Departementet foreslår å føre vidare at moglegheita til å gjere unntak frå generell studiekompetanse skal vere ei søknadsbasert ordning, og at det skal vere lista opp i forskrifta kva studium dette gjeld for. Departementet foreslår å føre vidare kva studium det kan gjerast unntak frå generell studiekompetanse, men foreslår å forenkle lista. I dag står det fleire studium på lista som departementet går ut frå at er omfatta av fellesnemninga i dagens § 3-6 bokstav a og b, dvs. «studium i utøvande og skapande kunst» og «studium i utøvande og skapande musikk». Departementet foreslår derfor å ta ut følgande studium av lista: forfattarstudium, scenekunstutdanning, folkekunst og folkemusikk ved Universitetet i Sørøst-Noreg, kunstfagleg utdanning ved Noregs teknisk–naturvitskaplege universitet og ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, studium i folkedans ved Noregs teknisk–naturvitskaplege universitet, studium i duodji ved Samisk høgskole, studium i visuell kunst og manus ved Høyskolen Kristiania og studium i manus – scenetekst og tv-drama ved NSKI Høgskole. Departementet legg til grunn at det på desse studia framleis kan gjerast unntak frå generell studiekompetanse for søkarar som har særskilde faglege føresetnader, men at dei ikkje treng å vere nemnt spesifikt fordi dei blir rekna for å vere studium i utøvande og skapande kunst eller studium i utøvande og skapande musikk.

Resten av studia på lista i gjeldande § 3-6 er det meir uklart om naturleg fell inn under «studium i utøvande og skapande kunst» eller «studium i utøvande og skapande musikk». Departementet foreslår derfor å vidareføre dei som eigne punkt. Dette gjeld studium i film og tv, lyddesign og Visual Effects ved Høyskolen Kristiania og studium ved Den norske filmskolen ved Universitetet i Innlandet.

Departementet ber særleg institusjonane som har studium som er omfatta, å vurdere forslaget til forenkling, kva som er omfatta av fellesnemningane om utøvande og skapande kunst og musikk og kva studium som bør vere nemnde i eigne punkt.

5.2.2.9 Opptak med unntak frå kravet om norskkunnskapar

Departementet viser til omtalen i punkt 5.1.2.4. Søkarar som ikkje får generell studiekompetanse etter gjeldande § 2-3 andre ledd fordi dei ikkje oppfyller krava til norsk⁸, kan søke opptak til framandspråklege utdanningsprogram eller utdanningsprogram der samisk er undervisningsspråk. Det er heller ikkje krav om føregåande norskkunnskapar for søkarar som skal delta i internasjonale utvekslingsprogram. Dette følger av dagens § 2-2 sjuande ledd. Departementet foreslår å føre vidare desse reglane, men skilje dei ut i ei eiga føresegn. Norskkravet er ein del av kravet for å oppnå generell studiekompetanse. Departementet meiner derfor at unntaket frå norskkravet, høyrer heime i kapittelet i forskrifta om unntak frå krav om generell studiekompetanse og opptak på vilkår.

⁸ Krav til norsk gjeld ikkje søkarar frå eitt av dei andre nordiske landa.

5.2.3 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å presisere at universitet og høgsular som ønsker unntak frå kravet om generell studiekompetanse utover det som følger av forskrifta må søke departementet om dette, sjå forslaget § 3-1
- å føre vidare føreseigna om individuelle unntak for opptak til enkeltstudium på grunnlag av realkompetansevurdering eller dispensasjonsvurdering med enkelte endringar, sjå forslaget §§ 3-2 og 3-3
- å føre vidare unntak frå generell studiekompetanse for opptak til konkrete studium innanfor grunnutdanninga i høgare utdanning (Y-veg, visse studium med krav om forkurs og enkelte språkfag), sjå forslaget §§ 3-4 til 3-6
- å føre vidare moglegheit for unntak frå krav om generell studiekompetanse ved opptak til visse kunstoffag, men presisere at det berre gjeld dei med særskilde faglege føresetnader, sjå forslaget § 3-7
- å føre vidare unntak frå kravet om norskkunnskapar ved opptak til enkelte studium, men flytte regelen til kapittelet som omhandlar unntak frå kravet om generell studiekompetanse, sjå forslaget § 3-8.

5.3 Opptak på vilkår

5.3.1 Gjeldande rett

I dag inneheld kapittel fem i opptaksforskrifta reglar om opptak på visse vilkår for søkarar som enno ikkje har bestått ein avsluttande eksamen i vidaregåande opplæring fordi dei hadde dokumentert fråvær på eksamen. Kapittelet inneheld også reglar om opptak for utanlandske søkarar utan opphaldsløyve.

Opptaksforskrifta § 5-1 gir søkarar som på grunn av spesielle omstende ikkje fekk gått opp til eksamen i vidaregåande opplæring, ei moglegheit for likevel å få opptak til det studiet dei søker seg til. Dokumentasjon om årsak til at eleven ikkje kunne delta på eksamen skal ha vore lagd fram og godkjend av den vidaregåande skulen, jf. rundskriv F-02-24. Regelen gjeld berre for dei som berre manglar den eller dei aktuelle eksamenane for å få eit gyldig vitnemål frå vidaregåande opplæring.

Vilkåret for å få opptak på vilkår etter § 5-1 er at søkaren går opp til og består eksamen i det faget eller dei faga søkaren manglar. Desse eksamenane må takast i løpet av det første semesteret etter opptak, og søkaren må ha karakteren to eller betre i standpunktkarakter i det aktuelle faget. Viss søkaren ikkje klarar opptakskrava innan fristen, mistar søkaren retten til studieplassen, og eventuelle eksamen som vedkomande har avlagt i høgare utdanning, vil ikkje bli godkjend.

Opptaksforskrifta § 5-2 gjeld søkarar frå utlandet utanfor Norden som må ha visum for kunne starte på årskurs i norsk. Dersom ein søkar kan dokumentere at dei andre opptakskrava til studiet er oppfylt, berre ikkje kravet til norsk språk, kan søkaren få tilbod

om studieplass det påfølgande studieåret, på vilkår av at vedkommande består årskurs i norsk før studiestart.

5.3.2 Departementets vurdering

Departementet meiner at det framleis er nødvendig at opptak på visse vilkår regulerast i opptaksforskrifta. Reglane om opptak på vilkår bør vere dei same for alle institusjonane.

Departementet meiner at reglane om opptak på vilkår på grunn av utsett eksamen kan forenklast. Departementet foreslår derfor fleire språklege og strukturelle endringar, som ikkje har innhaldsmessig betydning. Noko av teksten i dagens forskrift treng ikkje å stå i forskrifta. Dagens § 5-1 første ledd tredje punktum seier at søkaren ikkje allereie må ha ei avsluttande vurdering i faget. Ettersom føreseigna gjeld opptak på vilkår om at søkaren består utsett eksamen, meiner departementet det er klart at regelen ikkje gjeld for dei som ikkje får delteke på ein eksamen som dei vil ta for å forbetre ein karakter, sidan dei då allereie har bestått eksamen i faget.

Departementet foreslår å føre vidare at det er en føresetnad for opptak på vilkår at søkarane oppfyller eventuelle spesielle opptakskrav med sin standpunktarakter.

Det følger av dagens forskrift at opptak på vilkår gjeld søkarar som på grunn av spesielle omstende ikkje kan gå opp til eksamen i vidaregåande opplæring. Departementet foreslår å knytte reglane om dette i opptaksforskrifta tydelegare til vilkåret for å få utsett eksamen etter opplæringsforskrifta. Kva omstende som gir rett til usett eksamen, følger av opplæringsforskrifta § 9-36.

Departementet meiner at reglane om opptak på vilkår bør flyttast frå eit eiga kapittel, slik det er i dag, til kapittelet som handlar om unntak frå generell studiekompetanse. Reglane handlar om opptak av søkarar utan generell studiekompetanse og derfor er det ryddigast at dei står saman med dei andre reglane om unntak frå generell studiekompetanse.

Departementet meiner at regelen må klargjerast på eit punkt. I dag står det i forskrifta § 5-1 første ledd andre punktum at kandidaten må bestå eksamen i løpet av første semester etter opptak. I nokre høve er det ikkje arrangert eksamen i faga i løpet av det første semesteret etter opptaket. Departementet foreslår derfor at det blir presisert at søkaren må bestå eksamen ved første moglegheit etter opptaket, sjå forslaget § 3-8 første ledd.

Departementet foreslår å føre vidare regelen om opptak på vilkår for søkarar frå land utanom Norden som må ha visum for å kunne takast opp til årskurs i norsk. Departementet foreslår å ta inn i føreseigna at den berre gjeld for søkarar utan opphaldsløyve. Dette følger i dag berre føresetnadsvís av overskrifta, men bør gå fram av sjølv regelen. Vilkåra er framleis at søkarane må fylle dei andre krava som stilles for opptak til studiet, og at dei fullfører og består årskurset i norsk.

5.3.3 Departementets forslag

Departementet foreslår å føre vidare reglane om opptak på vilkår, men med nokre forenklingar og språklege endringar, sjå forslaget §§ 3-9 og 3-10.

6 Spesielle opptakskrav

6.1 Generelt om spesielle opptakskrav

Det følger av universitets- og høyskulelova (uhl.) § 8-1 femte ledd at departementet kan gi forskrift om spesielle opptakskrav dersom omsynet til gjennomføringa av studiet eller utøving av yrket gjer det nødvendig. Spesielle opptakskrav er fastsett i opptaksforskrifta kapittel 4. Institusjonar som ønsker å innføre spesielle opptakskrav må søke departementet.

Det er i hovudsak tre typar spesielle opptakskrav. Den første er innhaldskrav, som krev at søkeren har bestått bestemte fag eller annan kvalifikasjon som blir rekna som nødvendig for å gjennomføre utdanninga eller utøve yrket (omtalt i punkt 6.2). Den andre er nivåkrav, som krev at søkeren har oppnådd eit fastsett minimum av skulepoeng og/eller karakterar i enkelte fag (omtalt i punkt 6.3). Den tredje er lokale kvalifiserande opptaksprøvar, som kan brukast der ein vurderer det som nødvendig at søkarane har visse eigenskapar eller evner før dei startar på studiet (omtalt i punkt 6.4).

6.2 Krav til fagleg innhald i vidaregåande opplæring og andre krav til kvalifikasjonar

6.2.1 Gjeldande rett

Spesielle opptakskrav i form av innhaldskrav inneber at søkarar må ha bestått bestemte fag i vidaregåande opplæring eller annan kvalifikasjon som blir rekna som nødvendig for å gjennomføre utdanninga. Det vil typisk vere krav om konkrete programfag, men det er også nokre studium som har krav om førarkort eller fag- eller sveinebrev.

Det er til dømes fastsett spesielle opptakskrav i form av innhaldskrav for opptak til enkelte helse- og veterinærutdanningar, utdanningar i informatikk, realfag, natur- og miljøfag, utdanningar i arkitekturfag og teknologiske fag og utdanningar i enkelte økonomiske og administrative fag.

Før universiteta og høyskulane blei samla under ein felles lov i 1995 var det styret ved universiteta som fastsette spesielle opptakskrav, medan det for høyskulane var fastsett ei felles opptaksforskrift. Med universitetslova av 1995 blei denne oppgåva overført frå universiteta og høyskulane til Kunnskapsdepartementet, fordi mangfaldet av tilleggskrav skapte problem for søkarar, rådgivarar med fleire, og det var behov for eit samordna og oversiktleg regelverk. Mange av krava til studia nemnt over kjem frå dei lokale forskriftene heimla i gammal lov, og har dermed vore praktisert i mange tiår.

6.2.2 Departementets vurdering

6.2.2.1 Generelt

Opptaksutvalet foreslo i NOU 2022: 17 å føre vidare innhaldskrava til opptak. I opptaksmeldinga er det lagt til grunn at innhaldskrava skal førast vidare og at generell

studiekompetanse (GSK) framleis skal vere hovudgrunnlag for kvalifisering til opptak til høgare utdanning. I meldinga varsla regjeringa at ho i forskriftsarbeidet ville vurdere om det er mogleg å redusera talet på ordningar som krev søknad til departementet.

Departementet har vurdert ulike reguleringsmåtar for spesielle opptakskrav i form av innhaldskrav.

Departementet har vurdert om det bør overlatast til institusjonane sjølv å fastsetje spesielle opptakskrav. Dette vil gi mindre detaljerte reglar i den nasjonale forskrifta og vil innebere mindre administrasjon og ressursbruk ved institusjonane, i departementet og i HK-dir i samband med søknadsbehandling. Det kan likevel vere ei ulempe for søkarane då det kan bli vanskelegare for dei å få oversikt over kva opptakskrav som gjeld kor. Informasjonsbehovet kunne blitt vareteke med ei rapporteringsplikt for institusjonane og informasjon frå Samordna opptak, men også dette krev ein del administrasjon. Ei anna ulempe med å overlate til institusjonane å fastsetje spesielle opptakskrav er at det kan vere ein risiko for ugrunna forskjellar mellom institusjonane. Det kan også vere ein risiko for at det blir fastsett krav utover det som er nødvendig, noko som kan undergrave hovudregelen om at GSK skal kvalifisere til opptak.

Departementet har også vurdert om det bør fastsetjast meir overordna nasjonale reglar, og samtidig gi heimel til institusjonane til å fastsetje spesielle opptakskrav innanfor desse rammene. Eitt døme kan vere at det i opptaksforskrifta blir fastsett kva programfag det kan stillast krav om for opptak til ulike studium, men at det er opp til institusjonane å fastsetja krava i dei lokale forskriftene sine innanfor desse rammene. Ein fordel med ein slik reguleringsmåte er at rammene i forskrifta vil sikre ein viss grad av likskap på tvers av institusjonane, samtidig som detaljane kan fastsetjast i lokale forskrifter. Ei ulempe er at det kan bli forskjellar mellom institusjonane ved at nokre institusjonar kan velje å bruke fullmakta og fastsetje spesielle opptakskrav, medan andre vel å ikkje gjera det. Til dømes kan det føre til at institusjonar med mange søkarar vil stille spesielle opptakskrav, medan institusjonar med ledige studieplassar ikkje vil stille slike krav. Det kan dermed vere ein risiko for at det blir forskjellar som ikkje er fagleg grunngitte.

Vurderinga til departementet er at dagens ordning er meir formålstenleg enn dei nemnde alternativa. Ei søknadsbasert ordning sikrar at institusjonane sjølv må vurdere om det er behov for spesielle opptakskrav på utdanningane sine, samtidig som departementet har høve til å sikre samordning og sørge for at det ikkje blir fastsett krav utover det som er nødvendig.

6.2.2.2 Forenkling og samordning av spesielle opptakskrav

I samband med arbeidet med ny opptaksforskrift har departementet bede universitet og høgskular som har spesielle opptakskrav i form av innhaldskrav, om å vurdere om krava er formålstenlege og om dei er nødvendige av omsyn til gjennomføringa av studiet eller utøving av yrket, jf. universitets- og høgskulelova § 8-1 femte ledd. Departementet bad institusjonane særleg vurdere om det er krav som kan gå ut eller samordnast betre enn i dag. I tillegg spurde departementet om det er nødvendig å ha krav om andre realfag i tillegg til matematikk, når kravet til realfag kan oppfyllest med relativt ulike fag, og om det er nødvendig å differensiere mellom R- og S-matematikk i dei spesielle opptakskrava

eller om tilhøvet mellom desse to matematikkfaga kan endrast i opptakskrava, jf. at det i dagens krav er lagt til grunn at $R1 = S1+S2$.

14 institusjonar svarte på førespurnaden. Fleire peikar på at det trengst lenger tid til å gjere grundigare vurderingar og samordne seg med andre institusjonar, men dei har gitt nokre førebelse vurderingar.

Dei fleste meiner dei spesielle opptakskrava dei har på ulike studium er nødvendige. Det er likevel enkelte institusjonar som har gitt innspel om moglege endringar og forenklingar. Det er fleire som meiner det er behov for betre samordning, og at eventuelle forenklingar må samordnast slik at dei ikkje fører til fleire variantar av spesielle opptakskrav.

På spørsmålet om det er nødvendig med krav om andre realfag i tillegg til matematikk når kravet kan oppfyllest med relativt ulike fag, er det ulike synspunkt mellom institusjonane. Enkelte peikar på at krav om alternative realfag i tillegg til matematikk kan vere problematisk og viser til at spesielle opptakskrav berre skal gjelde når det eit fagleg nødvendig forkunnskapskrav. Andre peikar på at krav om fleire alternative realfag bidreg til at studentane har ein betre kompetanse i å tenke ut frå eit naturvitskapleg perspektiv. For nokre studium blir det også oppgitt at alle dei alternative realfaga som kan oppfylle opptakskravet, er relevante for studiet. Enkelte peikar også på at dersom alternative fagkrav innanfor realfag skal spesifiserast meir mot det realfaget som er mest nødvendig for det aktuelle studiet, kan det føre til fleire ulike variantar av spesielle opptakskrav – noko som vil gjere det vanskelegare for søkarane å kvalifisere seg for ulike studium. Det blir også peika på at dersom krav om realfag utover matematikk blir fjerna, kan det medføre at universiteta i større grad må gi grunnleggande opplæring til studentar med manglande realfagsgrunnlag frå vidaregåande skule, noko som kan medføre behov for auka ressursbruk. Dette kan igjen få betydning for gjennomstrøyming og sluttkompetanse i realfagsstudia. Det er også synspunkt om at å fjerne krav om realfag utover matematikk kan bidra til å forsterke trenden om at færre elevar vel realfag i vidaregåande opplæring. Det blir i denne samanhengen peika på at ei slik endring bør sjåast i samheng med tiltaka i opptaksmeldinga om å greie ut alternative verkemiddel for rekruttering til teknologi- og realfag og evaluere av effekten av realfagspoeng.

Når det gjeld spørsmålet om det er nødvendig å differensiere mellom R- og S-matematikk i dei spesielle opptakskrava eller om tilhøvet mellom desse to matematikkfaga kan endrast i opptakskrava (jf. at det i dagens krav er lagt til grunn at $R1 = S1+S2$), er det også ulike synspunkt. Enkelte er opne for å endra kravet om $R1/S1+S2$ til krav om $R1$ eller $S1$, men påpeikar at dette føreset samordning og ei semje mellom institusjonane som har slike krav. Ein institusjon meiner det ikkje er nødvendig å skilje mellom S- og R-matematikk i opptakssamheng, og at $S1$ kan sidestillast med $R1$ og $S2$ med $R2$ ettersom det uansett er større individuelle variasjonar mellom studentane og deira læringsutbytte frå høvesvis R- og S-matematikk. Dei fleste meiner likevel at faga ikkje kan sidestillast og peikar mellom anna på at S-matematikk manglar fleire viktige tema som vektorrekning, trigonometriske funksjonar og meir avanserte tema innan integrasjon og arbeid med bevis. Mange av institusjonane viser til at spørsmålet om R- og S-matematikk tidlegare er vurdert av Universitets- og høgskulerådets fagstrategiske eining for matematikk, naturvitskap og

teknologi (UHR-MNT), som i 2021 konkluderte med S1+S2 ikkje kan bli vurdert som likeverdig med R1+R2 for opptak til studium i realfag og teknologiske fag. Trass i denne utgreinga, er det fleire som meiner at dette bør vurderast på nytt no som S- og R-tilbodet har fått lengre virketid. Andre meiner det førebels er for lite erfaringsgrunnlag til å vurdere dette. Enkelte peikar også på at dersom det er slik at R- og S-matematikk no er så like at det ikkje er nødvendig å differensiere mellom dei, så bør Utdanningsdirektoratet få spørsmål om desse to retningane bør samlast i eitt felles matematikkfag.

Samanfatta viser innspelsrunden at det kan vere eit potensial for forenkling og betre samordning av dei spesielle opptakskrava. Det vil likevel krevje grundigare vurderingar, og institusjonane må ha tid til å samordne seg for at eventuelle endringar og forenklingar i dei spesielle opptakskrava ikkje skal føre til fleire variasjonar og unødvendige forskjellar mellom institusjonar og utdanningar.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen å føre vidare dei spesielle opptakskrava i form av innhaldskrav i denne omgang, med enkelte språklege endringar. Departementet viser elles til at departementet har bedt Utdanningsdirektoratet om å endre læreplanane i matematikk for samfunnsfag i vidaregåande opplæring. Formålet er at faget skal leggjast på eit vanskenivå mellom realfagsmatematikk og praktisk matematikk, slik situasjonen var før fagfornyninga.

Departementet vil oppmode institusjonane som har spesielle opptakskrav, om å samarbeide om aktuelle endringar som kan innebere forenkling (færre tilleggskrav) eller betre samordning. Departementet har merka seg at det i innspelsrunden er fleire institusjonar som peikar på at Universitets- og høgskolerådet (UHR) bør ha ei koordinerande rolle og at det bør vere eit samarbeid mellom UHR/UH-sektoren og Utdanningsdirektoratet. Departementet vil ha dialog med UHR for å få råd om korleis prosessen med å vurdere forenklingar og betre samordning bør leggjast opp.

Departementet foreslår fleire forenklingar i reglane om spesielle opptakskrav til enkelte kunstfag som i dag er regulert i § 4-9. Departementet forslår å nytte nemninga «studium i utøvande og skapande kunst» i staden for «kunstfagleg utdanning» og «studium i kunst». Vi går ut frå at spesielle opptakskrav berre er aktuelt for utøvande og skapande kunst og at dette er dekkande. Vi ber likevel dei institusjonane som har slike krav i dag, vurdere dette og gi oss tilbakemelding. Dette gjeld Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet og ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, kor det i dag står «kunstfagleg utdanning» og Høgskolen Kristiania, kor det i dag står «studium i kunst».

Departementet ber vidare institusjonane som har spesielle opptakskrav, om å gi tilbakemelding dersom dei ikkje lenger nyttar spesielle opptakskrav, eller dersom nemninga på studium/fagområde som er nytta i forskriftsforslaget ikkje er dekkande for dei studia dei har fått innvilga spesielle opptakskrav.

6.2.2.3 Krav om relevante fag- og sveinebrev

For opptak til tradisjonelt bygghandverk er det krav om relevant fag- eller sveinebrev eller annan tilsvarende kompetanse, jf. opptaksforskrifta § 4-4. Departementet foreslår at denne regelen blir erstatta av ein meir generell regel om at det ved opptak er krav om relevant

fag- eller sveinebrev. Det er institusjonen som har slikt opptakskrav, som vurderer kva fag- eller sveinebrev som er relevante og som dermed gir grunnlag for opptak. Departementet foreslår å ikkje føre vidare at også anna kompetanse enn relevant fag- eller sveinebrev kan kvalifisere for opptak til tradisjonelt bygghandverk ettersom opptaksorganet uansett skal vurdere om anna utdanning eller annan dokumentasjon av kunnskapar kan godkjennast som likeverdig med det spesielle opptakskravet. Dette følger av opptaksforskrifta § 4-1 andre ledd og er foreslått ført vidare i ny forskrift § 4-1 tredje ledd.

Departementet foreslår å føre vidare kravet i opptaksforskrifta § 4-10 om at paramedicutdanning (årsstudium) har krav om fagbrev som ambulansepersonell ettersom dette kravet berre kan fyllast med eit bestemt fagbrev. I forslaget bruker departementet «fagbrev som ambulansearbeidar», som no er namnet på det aktuelle fagbrevet. Departementet foreslår å føre vidare at søkarar også kan oppfylle det spesielle opptakskravet med relevant høgare utdanning, men foreslår ei formulering som gjer det tydlegare at høgare utdanning er eit alternativ til fagbrev. Departementet viser i denne samanheng til at det berre er grunnutdanningar som er omfatta av opptaksforskrifta og at det derfor bør leggst til grunn at hovudkravet for opptak ikkje er høgare utdanning. Departementet foreslår å ta inn i forskrifta at det ved opptak til paramedicutdanning er krav om yrkeserfaring frå ambulanseyrket då dette i dag er eit opptakskrav som gjeld i tillegg til GSK og fagbrev om ambulansearbeidar.

I opptaksforskrifta § 4-6 er det fastsett at det ved opptak til kjøkken- og restaurantleing er krav om fagbrev som kokk, institusjonskokk eller servitør, men at også andre fag- eller sveinebrev frå utdanningsprogram for restaurant- og matfag kan vurderast. Kjøkken- og restaurantleing var eit årsstudium som tidlegare blei gitt ved Universitetet i Stavanger, men som ikkje lenger blir tilbode. Departementet foreslår derfor å ikkje føre vidare det spesielle opptakskravet til kjøkken- og restaurantleing.

6.2.3 Departementets forslag

Departementet foreslår å føre vidare dei spesielle opptakskrava i form av innhaldskrav med enkelte språklege endringar, sjå forslaget til kapittel 4.

Departementet ber institusjonane som har spesielle opptakskrav, om å samarbeida om å gi eit felles innspel om aktuelle endringar som kan innebera forenkling (færre tilleggskrav) eller betre samordning (sjå punkt 6.2.2.2).

Departementet ber vidare institusjonane som står oppførte i forskrifta med spesielle opptakskrav, om å gi tilbakemelding dersom dei ikkje lenger nyttar spesielle opptakskrav, eller dersom nemninga på studium/fagområde som er nytta i forskriftsforslaget ikkje er dekkande for dei studia dei har fått innvilga spesielle opptakskrav.

6.3 Krav til nivå i fag frå vidaregåande opplæring

6.3.1 Gjeldande rett

Det er i dag nivåkrav til lærarutdanningane som gjeld for opptak ved alle institusjonar. Tidlegare var det også nivåkrav til sjukepleiarutdanningane ved alle institusjonar, men dette kravet er teke ut frå opptaket til studieåret 2025-2026 på bakgrunn av tiltak i opptaksmeldinga.⁹ Opptaksforskrifta inneheld også nivåkrav på enkelte studium som er fastsett etter søknad frå den enkelte institusjon. Eit døme på det er kravet om minimum karakteren 4 i matematikk R2 for opptak til sivilingeniørutdanningar ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet.

Dei spesielle opptakskrava til lærarutdanningane er regulert i § 4-7 i opptaksforskrifta. Forskrifta § 4-7 første til fjerde ledd fastset at søkarar til grunnskulelærar- og lektorutdanningane enten må ha minst 40 skulepoeng og eit karaktergjennomsnitt på minimum 3 i matematikk og norsk, eller minst 35 skulepoeng og karaktergjennomsnitt på minimum 3 i norsk og 4 i matematikk. Karakterkravet i matematikk gjeld for dei som berre har matematikk som fellesfag, ikkje for dei som også har eit eller fleire programfag i matematikk på minimum 140 skuletimar. Lærarutdanningar med realfag, miljø- og naturfag har krav om at søkarar må dokumentere minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3 i norsk og i tillegg kravet om matematikk og andre realfag i miljø- og naturfag i § 4-3 tredje eller fjerde ledd. I § 4-7 femte ledd er det krav om at søkarar til lærarutdanningar i praktiske og estetiske fag må dokumentere minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3 i norsk (393 timar) og 3 i matematikk (224 timar). I rammeplanen for lærarutdanning i praktiske og estetiske fag er det i tillegg krav om minimum karakteren 4 i fellesfaget matematikk (224 timar) for studentar som vel matematikk som fag II eller III på sjølvstudiet. I opptaksforskrifta § 4-7 åttande ledd er det krav om at søkarar til 3-årig lærarutdanning for tospråklege lærarar må dokumentere eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3 i norsk (393 timar).

Opptaksforskrifta § 4-7A opnar for at departementet etter søknad frå ein institusjon kan innvilge unntak frå nivåkrava i lærarutdanningane dersom institusjonen har tiltak som varetek dei same omsyna som nivåkrava er meint å vareta. Føresegna blei innført i det lokale opptaket av restplassar for studieåret 2024-2025 og i det samordna opptaket frå opptaket til studieåret 2025-2026. Føresegna er ei oppfølging av tiltak i opptaksmeldinga.

Nivåkrava på enkelte studium som er fastsett etter søknad frå den enkelte institusjon er regulert i opptaksforskrifta §§ 4-3 sjuande ledd, 4-5 andre ledd, § 4-8 og § 4-10 sjette ledd.

6.3.2 Departementets vurdering

I opptaksmeldinga varsla regjeringa at ho vil avvikle nivåkrava for opptak til sjukepleiarutdanninga. Når det gjeld nivåkrava for opptak til lærarutdanningane, ønskte

⁹ Det var opna for unntak frå kravet i lokale opptak i opptaket til studieåret 2024-2025.

regjeringa å vidareføre dei inntil vidare, men opne for at universitet og høgskular som ønsker det, kan få dispensasjon. Vidare følger det av opptaksmeldinga at regjeringa vil føre vidare lokale nivåkrav som blir gitt etter vedtak frå departementet.

Tiltaket om å avvikle nivåkrava for opptak til sjukepleiarutdanninga og opne for dispensasjon frå nivåkrava for opptak til lærarutdanningane blei følgd opp i forskriftsendringar i 2024¹⁰. Departementet foreslår å føre vidare dette i den nye forskrifta og viser til regjeringa si vurdering av nivåkrav i punkt 2.3.2 i opptaksmeldinga og den påfølgjande forskriftshøyringa¹¹.

I samband med behandlinga i Stortinget av opptaksmeldinga melde Universitets- og høgskolerådet i stortingskomitéhøyringa, og i eit brev til departementet, at viss språkpoenga blir fjerna og realfagspoenga blir reduserte, vil søkarar til lærarutdanningane med skulepoengkrav ha større vanskar med å oppnå skulepoenggrensa i kravet, sidan desse tilleggspoenga er ein del av skulepoengsummen.

Departementet har henta inn tal frå HK-dir for opptaket i 2022 og 2023 for å sjå om det var mange av søkarane til lærarutdanningane dei siste åra som hadde realfags- eller språkpoeng. Departementet spurde HK-dir om dei kunne finne ut om kvalifiserte førstevalsøkarar til lærarutdanningane har slike tilleggspoeng og kor mange som ikkje ville kvalifisert seg viss dei ikkje hadde desse poenga. Tala viser at det er svært få av desse søkarane som har mange slike poeng og at svært få ikkje ville kvalifisert seg viss poenga hadde vore reduserte i opptaka desse åra.

HK-dir har ikkje teke omsyn til matematikk- og norskkarakteren til søkaren, og dei veit derfor ikkje kva søkarar som treng høvesvis 35 eller 40 skulepoeng.

Av tala frå HK-dir kan ein sjå at viss søkarane hadde fått redusert fagpoenga sine til maks 2 poeng (altså halvert), så ville det i 2023-opptaket vore 15 søkarar som ikkje hadde oppnådd 35 poeng, og 37 som ikkje hadde oppnådd 40 poeng. I opptakssamanheng er dette ein svært liten og uvesentleg (mogleg) konsekvens av ei innført endring. Det må i tillegg takast omsyn til at søkarar tilpassar seg nye opptaksreglar. Departementet har derfor kome til at skulepoenggrensene ikkje bør reduserast. Institusjonane kan likevel søka om dispensasjon frå nivåkrava, inkludert kravet til skulepoeng, til lærarutdanningane, jf. over.

Departementet foreslår å føre vidare nivåkrav på enkelte studium som er fastsett etter søknad frå den enkelte institusjon, jf. også tiltak i opptaksmeldinga.

I samsvar med forslaget i punkt 5.1.2.1 foreslår departementet mellom anna å ta ut timetalet for dei ulike faga. Det følger av gjeldande opptaksforskrift av fagkrava refererer til norsk vidaregåande opplæring, studieførebuande utdanningsprogram, og departementet foreslår å føre dette vidare. Omfanget (timetalet) av dei ulike faga følger av fag- og timefordelinga for studieførebuande utdanningsprogram. Departementet foreslår elles

¹⁰ Endingsforskrift 20. juni nr. 2024 nr. 1111 og endringsforskrift 19. desember 2024 nr. 3488.

¹¹ [Høring - forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning og forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning - regjeringen.no](#)

nokre språklege endringar i reglane om nivåkrav. Sjå også punkt 6.4.2.2 om opptaksprøve som alternativ til spesielle opptakskrav.

6.3.3 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å føre vidare nivåkrava ved opptak til lærarutdanningane og moglegheita til å få dispensasjon frå nivåkrava dersom institusjonen har tiltak som varetek dei same omsyna som nivåkrava er meint å vareta, sjå forslaget til §§ 4-6 og 4-7
- å føre vidare nivåkrava på enkelte studium som er fastsett etter søknad frå den einskilde institusjon, sjå forslaget til §§ 4-4, 4-5, 4-8 og 4-10
- forenklingar og språklege endringar.

6.4 Kvalifiserande opptaksprøvar

6.4.1 Gjeldande rett

I opptaksforskrifta kapittel 4 er det reglar om kvalifiserande opptaksprøvar. Med «opptaksprøver» blir her sikta til vanlege prøver og andre former for å testa søkarars ferdigheiter og kunnskapar, som innlevering av arbeid.

Kvalifiserande opptaksprøvar er prøvar som må vere bestått for at søkarane skal kvalifisere for opptak. Bestått opptaksprøve kan vere einaste kvalifiseringsgrunnlag eller eit tillegg til krav om GSK. Dersom institusjonar ønsker kvalifiserande opptaksprøve som einaste kvalifiseringsgrunnlag, må dei søke departementet om unntak frå GSK (sjå punkt 5.2).

Det er i dag krav om bestått opptaksprøve ved enkelte arkitekturutdanningar og i luftfartsfag. Ved grunnskulelærarutdanning og 5-årig lektorutdanning kan det bli stilt krav om opptaksprøve i form av intervju og ved grunnskulelærarutdanning med musikk og grunnutdanning i musikk, dans og drama som er pedagogisk retta, kan det bli stilt krav om at søkarane kan dokumentere kunnskapar og ferdigheiter i musikk etter nærare reglar fastsette av institusjonen. Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1 – 13, med musikk, dans og/eller drama har krav om at søkarar må dokumentere kunnskapar og ferdigheiter i musikk, dans eller drama etter nærare reglar fastsette av institusjonen. Ved spesialtilpassa høgskuleutdanning for døve er det krav om at søkarar må dokumentere ferdigheiter i norsk teiknspråk. I nokre studium innan kunst, medium, design og animasjon er det krav om at søkarar må dokumentere kunnskapar i form av innsendt arbeid eller krav om bestått opptaksprøve.

6.4.2 Departementets vurdering

6.4.2.1 Kvalifiserande opptaksprøve

Det følger av opptaksmeldinga at regjeringa vil «føre vidare innhaldskrav og lokale opptaksprøvar som spesielle opptakskrav» og «sjå på tiltak for å etablere fleire lokale

opptaksprøvar for å rangere søkarane ved studium med stor konkurranse om plassane og høge poenggrensar, i dialog med institusjonane». Det kjem også fram at regjeringa vil «føre vidare GSK som hovudgrunnlag for kvalifisering for opptak». I tillegg blir det varsla om at regjeringa i arbeidet med ny opptaksforskrift vil «vurdere om det er mogleg å gi institusjonane noko større rom for å nytte unntaksordningar utan søknad til departementet.»

Tiltaket om lokale opptaksprøvar i opptaksmeldinga gjeld primært rangerande opptaksprøvar, og det er ikkje eit mål å opne for utvida bruk av kvalifiserande opptaksprøvar. Departementet kan heller ikkje sjå at det er gode grunnar for auka bruk av kvalifiserande opptaksprøvar då GSK som hovudregel bør kvalifisere til opptak.

Departementet har vurdert to alternativ for kvalifiserande opptaksprøvar.

Alternativ 1 er å føre vidare dagens reglar slik at dei institusjonane som i dag har kvalifiserande opptaksprøvar, framleis kan ha det og at institusjonar som ønsker å innføre kvalifiserande opptaksprøve, må søke departementet om dette.

Alternativ 2 er å opne for at alle studium innan kunst og design kan ha kvalifiserande opptaksprøvar utan å måtte søke departementet. For andre studium kan institusjonar etter dette alternativet berre innføre kvalifiserande opptaksprøve etter søknad til departementet.

Alternativ 1 gir departementet høve til å styra utviklinga og sikre at GSK framleis som hovudregel kvalifiserer til opptak. Med alternativ 2 vil det vere ein risiko for å «vatne ut» denne hovudregelen. Det vil vere krevjande å definere kva som vil omfattast av «kunst- og designfag». Dersom dette skal overlatast til institusjonane, kan det vere ein risiko for at kvalifiserande opptaksprøvar blir tekne i bruk utover det departementet har meint å opne for.

Alternativ 2 kan gi mindre ressursbruk i departementet og HK-dir ved at det blir mindre søknadsbehandling. Samtidig blir kvalifiserande opptaksprøvar i dag i hovudsak brukt for opptak til studium der det er gitt unntak frå GSK. Ettersom departementet foreslår at generelle unntak frå GSK framleis skal vere søknadsbasert (sjå punkt 5.2), vil det ikkje bli så mykje mindre saksbehandling å opne for kvalifiserande opptaksprøvar utan søknad til departementet.

Departementet foreslår på denne bakgrunn å føre vidare at institusjonar berre skal kunne ta i bruk kvalifiserande opptaksprøvar etter søknad til departementet. Departementet foreslår også å endre regelen om opptaksprøve ved lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1 – 13, med musikk, dans og/eller drama. I dag står det at søkarar må dokumentere kunnskapar og ferdigheiter i musikk, dans eller drama, men departementet er ikkje kjent med at dette blir kravd på alle slike utdanningar. Departementet foreslår derfor å endre regelen så det blir opp til institusjonane som tilbyr slik utdanning om dei vil ha slike krav. Departementet foreslår elles nokre språklege endringar i reglane om kvalifiserande opptaksprøvar.

6.4.2.2 Opptaksprøve som alternativ til spesielle opptakskrav

Spesielle opptakskrav i form av innhaldskrav (sjå punkt 6.2) og nivåkrav (sjå punkt 6.3) har til formål å sikre at søkarar som blir tekne opp til studiet, har tilstrekkeleg faglege

føresetnader for å kunne gjennomføre studiet eller utøve yrket som studiet utdannar til. Departementet foreslår i punkt 6.2 og 6.3 å føre vidare dei spesielle opptakskrava. Departementet meiner det er institusjonane som er nærast til vurdere om det av omsyn til gjennomføringa av studiet eller utøvinga av yrket er nødvendig med spesielle opptakskrav i tillegg til GSK, og fører derfor vidare ordninga om at institusjonar kan søke om å ha spesielle opptakskrav. Det er likevel uheldig dersom institusjonane ikkje kan fylle opp ledige plassar viss det er søkarar som har tilstrekkeleg kompetanse, men som manglar dei spesifikke faga eller karakterane. Departementet vil derfor opne for at institusjonar som har fått spesielle opptakskrav etter søknad, kan velje å la søkarar som ikkje oppfyller krava, kvalifisere til opptak gjennom å bestå ei opptaksprøve som testar den same faglege kompetansen som dei spesielle opptakskrava skal sikre. Forslaget om å kunne bruke opptaksprøve som ei erstatning for dei spesielle opptakskrava gjeld berre dersom institusjonen har ledige plassar etter hovudopptaket. Opptaket til ledige plassar på grunnlag av opptaksprøve, må gjerast lokalt.

Dersom institusjonane tek i bruk opptaksprøvar etter forslaget, kan søkarar som har tilstrekkeleg fagleg kompetanse, men som ikkje oppfyller dei spesielle opptakskrava, få moglegheit til opptak utan å måtte bruke tid på å formalisere kompetansen sin i vidaregåande opplæring. Dette vil også kunne gi betre moglegheiter for opptak for søkarar som har vidaregåande opplæring frå eit anna land eller opplæringssystem der det ikkje er fag som gjer det mogleg å oppfylla dei spesielle opptakskrava. Det er likevel ei føresetnad at det er ledige plassar på studiet. Dersom ein institusjon ønsker å ha opptaksprøve som eit alternativ til fag- eller nivåkrav i hovudopptaket, må dei på vanleg måte søke departementet om dette.

Det er opp til institusjonane om dei vil tillate at søkarar gjenbruker resultatet frå ein opptaksprøve i eit seinare opptak. Det er også opp til institusjonane om dei vil samarbeide om opptaksprøvar til studium som har dei same spesielle opptakskrava, og om dei vil tillate opptak på grunnlag av opptaksprøve frå andre institusjonar eller studium. I begge tilfelle er det ein føresetnad at den aktuelle opptaksprøven testar den same faglege kompetansen som dei spesielle opptakskrava skal sikre, og det kan uansett berre bli gitt opptak på grunnlag av slik opptaksprøve dersom det er ledige plassar på studiet etter hovudopptaket.

Ettersom forslaget berre gjeld for studium der dei spesielle opptakskrava er innførte etter søknad frå institusjonen, gjeld forslaget ikkje for nivåkrava for opptak til lærarutdanningane. For lærarutdanningane er det innført ei dispensasjonsordning, som departementet foreslår å føre vidare i ny forskrift (sjå punkt 6.3). Institusjonar som ønsker å bruke andre tiltak enn nivåkrava, kan søke departementet om dispensasjon.

6.4.3 Departementets forslag

Departementet foreslår

- at reglane om kvalifiserande opptaksprøvar blir ført vidare, dvs. at dei institusjonane som i dag har kvalifiserande opptaksprøvar, framleis kan ha det og at institusjonar som ønsker å innføre kvalifiserande opptaksprøve, må søke departementet om dette, sjå

forslaget til §§ 4-1 første ledd, 4-2 siste ledd, § 4-4 andre og sjette ledd, 4-6 første ledd, § 4-9 og 4-10 sjette, niende og ellefte ledd

- å opne for at institusjonar som etter søknad har fått innført opptakskrav om bestemte fag eller karakter i fag i vidaregåande opplæring, og som har ledige plassar etter hovudopptaket, kan velje å la søkarar som ikkje oppfyller krava, kvalifisere ved lokalt opptak gjennom å bestå ei opptaksprøve, så forslaget til § 4-1 fjerde ledd.

6.5 Krav om geografisk tilknytning ved opptak til desentraliserte deltidsstudium

6.5.1 Gjeldande rett

Det følger av opptaksforskrifta § 4-11 første ledd andre punktum at institusjonane for opptak til deltidsstudium kan stille krav om tilknytning til utdanningsstaden. I § 4-11 tredje ledd er det heimel for institusjonane til å stille krav om geografisk tilknytning til utdanningsstaden. Tredje ledd gjeld berre desentraliserte deltidsutdanningar.

Departementet legg til grunn at uttrykket «geografisk tilknytning» i tredje ledd er meint som ei utdjupeing av uttrykket «tilknytning til utdanningsstaden» i første ledd.

Departementet bruker uttrykket «geografisk tilknytning» i det følgande.

Kravet om geografisk tilknytning er eit spesielt opptakskrav. Det inneber at alle søkarane må ha denne tilknyttinga for å vere kvalifisert for opptak. Ordninga er ikkje søknadsbasert, dvs. at det er opp til kvar enkelt institusjon om det skal stillast krav om geografisk tilknytning.

Gjennom EØS-avtalen har Noreg forplikta seg til å sørge for at restriksjonar på grenseoverskridande handel og verksemd blir fjerna. EØS-avtalen inneber at nasjonale reglar ikkje skal hindra rørslefridom. Innanfor verkeområdet til traktaten skal EØS-borgarar ha same rettar som statsborgarar i det landet dei buset seg. Ved motstrid går EØS-retten framfor nasjonale reglar.

Krav om bustad i vertsstaten, som i utgangspunktet gjeld likt for staten sine egne borgarar og andre, er i rettspraksis ved fleire høve rekna for å utgjere ein indirekte diskriminerande restriksjon på fri personrørsle. Dette kjem av at ulike former for bustadkrav vil vere enklare for norske statsborgarar å oppfylla enn for andre EØS-borgarar. Efta-domstolen har også framheva at det er utan betydning om bustadkravet også kan ha negative effektar for andre norske borgarar – i praksis borgarar som bur utanfor den aktuelle regionen.

Restriksjonar som går utover rørslefridom, er lovleg dersom dei skal vareta eit legitimt formål, er eigna til å oppnå dette formålet, og ikkje går lenger enn det som er nødvendig for å oppnå formålet (forholdsmessig).

6.5.2 Departementets vurdering

I 2023 og 2024 var det berre to studium som hadde krav om geografisk tilknytning gjennom Samordna opptak. Dette er følgande studium ved USN: I 2023: Sjukepleie, bachelor, deltid, fleksibel, Telemark/Vestfold og Sjukepleie, bachelor, deltid, fleksibel,

Viken. I 2024: Sjukepleie, bachelor, deltid, fleksibel, Notodden og Sjukepleie, bachelor, deltid, fleksibel, Hallingdal. I tillegg kan institusjonane praktisere lokalt opptak sidan dei då kan ha andre søknadsfristar enn i Samordna opptak, til dømes på hausten.

Departementet har ikkje oversikt over kor mange institusjonar og studium som har krav om geografisk tilknytning ved lokalt opptak.

Departementet veit ikkje om dei aktuelle studia har søkarar utan geografisk tilknytning eller kva konsekvensen vil vere av å fjerne eventuelle opptakskrav om geografisk tilknytning. På nokre studium vil det å fjerne opptakskrav om geografisk tilknytning truleg føre til at søkarar frå desentrale område blir utkonkurrert, noko som vil vere uheldig opp mot målet om å halde oppe busetting i distrikta og sørge for at arbeidslivet får oppfylt kompetansebehova sine. På andre studium er kanskje ikkje eit slikt opptakskrav så formålstenleg då det kan føre til at studieplassar blir ståande tomme. Dei siste åra har Nord universitet rapportert at dei har utfordringar med å fylla studieplassane på desentraliserte studium innan sjukepleie med søkarar som oppfyller kravet om geografisk tilknytning. I 2023 søkte Nord om ei ordning for å kunne frigi ledige studieplassar til søkarar utan geografisk tilknytning. I slike tilfelle vil truleg regional kvote vere eit meir formålstenleg verkemiddel, då resterande studieplassar då blir opne for alle søkarar. Departementet har sett ei aukande utfordring med å definera kva som kan reknast som desentralt. Søkalla desentralisert utdanning er ikkje nødvendigvis lokalisert så langt unna hovudcampus eller ein større by, noko som gjer at institusjonane melder at søkarar frå sentraliserte strøk utkonkurrerer søkarar frå dei områda dei har definert som desentrale.

Opptakskrav om geografisk tilknytning utgjer på same måte som regionale kvotar, ein restriksjon etter EØS-avtalen i tilfelle der det ligg føre eit grenseoverskridande element. Det må vurderast om denne restriksjonen likevel er lovleg fordi han er grunngitt i eit legitimt formål, er eigna til å oppnå dette formålet, og ikkje går lenger enn det som er nødvendig for å oppnå formålet (forholdsmessig). Sistnemnde er i praksis eit krav om at det ikkje må finnast andre, mindre inngripande tiltak som varetek det eller dei aktuelle omsyna på ein tilstrekkeleg god måte.

Desentralisert deltidsutdanning kan gi personar som kanskje ikkje har moglegheit til å flytte på seg grunna forsørgaransvar osv., betre tilgang til utdanning. Det kan også sikre rekruttering av fagfolk til området. Spesielle opptakskrav om geografisk tilknytning kan dermed bidra til å halde oppe busetting i distrikta og sørge for at arbeidslivet får oppfylt kompetansebehova sine. Departementet legg til grunn at opptakskrav om geografisk tilknytning har eitt eller fleire legitime formål, og at dei kan vere eigna til å halde oppe busetting i distrikta og sørge for at arbeidslivet får oppfylt kompetansebehova sine.

Departementet meiner likevel at dette formålet kan og bør blir vareteke på ein mindre inngripande måte. Departementet foreslår i samsvar med tiltaka i opptaksmeldinga å vidareføre regionale kvotar (sjå punkt 7.6.2.3). Regionale kvotar sikrar at ein del av plassane blir sett av til søkarar frå den aktuelle regionen utan at dei hindrar opptak av søkarar som ikkje har geografisk tilknytning til utdanningsstaden. Institusjonane som i dag har opptakskrav om regional tilknytning, vil dermed, til liks med alle andre institusjonar, kunne søke om regionale kvotar. Det må vurderast konkret om regional kvote kan vere eit

eigna og forholdsmessig tiltak, inkludert kor store eventuelle kvotar kan vere for å vere forholdsmessige.

6.5.3 Departementets forslag

Departementet foreslår å ikkje føre vidare heimlane for opptakskrav om geografisk tilknytning til utdanningsstaden ved opptak til desentraliserte utdanningar.

7 Ranging av søkarar ved opptak

7.1 Om ranging, kvotar og karakterar

7.1.1 Gjeldande rett

Det følger av universitets- og høgskulelova § 8-4 at departementet kan gi forskrift om ranging i opptak til høgare utdanning. Dette er gjort i opptaksforskrifta kapittel 7. Det følger av opptaksforskrifta § 7-1 at opptak til eit studium skjer på grunnlag av ranging innanfor kvotar. Ein kvote er eit bestemt tal eller ein bestemd del av studieplassane som blir fordelte mellom søkarar som tilfredsstiller nærare fastsette krav. Alle kvalifiserte søkarar som innan fastsette fristar for opptaket dokumenterer at dei oppfyller kriteria for ei gitt kvote, konkurrerer om studieplass i denne kvoten. Grunnlaget for ranging er den dokumentasjonen som kvalifiserer søkaren for eit studium. Søkarar med høg poengsum skal rangerast framfor søkarar med låg poengsum. Søkarar som tilhøyrrer same kvote, og som har lik poengsum, skal rangerast etter alder, og eldre søkarar skal gå føre yngre søkarar.

Dagens reglar om karakterar som grunnlag for berekning av poeng står i opptaksforskrifta § 7-5. Grunnlaget for berekning av poeng er dei karakterane som søkaren oppnådde i vidaregåande opplæring. Reglar om førstegongsvitnemål følger av opplæringsforskrifta § 9-47.

Karakterpoeng blir rekna ut ved å legge saman alle karakterane og dele på det same talet karakterar, med to desimalar. Denne summen blir multiplisert med ti.

I dag kan ein forbetre karakterar i vidaregåande opplæring så mange gonger ein vil. Nye karakterar kan førast på vitnemålet. Dersom ein forbetrar karakterar etter å ha brukt det som er normal tid for det aktuelle opplæringsløpet i vidaregåande opplæring, får ein ikkje konkurrere med desse forbetra karakterane i kvota for førstegongsvitnemål, men i generell kvote. Dette følger av opptaksforskrifta § 7-7.

Opptaksforskrifta § 7-12 regulerer ranging av søkarar som ikkje kan poengbereknast, medan § 7-15 regulerer ranging ved opptak til spesielt tilrettelagd ingeniørutdanning.

7.1.2 Departementets vurdering

Regjeringa la til grunn i opptaksmeldinga at vitnemålet og karakterane frå den vidaregåande opplæringa framleis skal vere grunnmuren i opptaket til høgare utdanning.

Som omtalt i punkt 5 i høyringsnotatet, skal generell studiekompetanse først vidare som hovudgrunnlaget for kvalifisering. Dei aller fleste søkarane kjem til å ha vitnemål og karakterar frå vidaregåande opplæring som grunnlag. Karakterbasert opptak er det beste alternativet når mange søkarar skal rangerast mest mogleg effektivt og rettferdig. Karakterane frå eit breitt utval av fag frå vidaregåande opplæring er eit godt grunnlag for rangering. Kva karakterane betyr er enkelt å forstå, og det er også godt dokumentert at det er ein samheng mellom karakternivå frå vidaregåande opplæring og gjennomføring i høgare utdanning.

Departementet vil også føre vidare måten ein bereknar karakterpoenga på. Det vil seie at det framleis skal vere summen av antalet karakterar delt på same antal karakterar, multiplisert med ti, som utgjer karakterpoenga.

Grunnlaget for søknad om opptak er den dokumentasjonen søkarar legg fram for opptaksorganet når dei søker om ein studieplass. Dette kan vere vitnemål frå vidaregåande opplæring og andre dokument som er nødvendige for å godtgjere at ein har dei kvalifikasjonane som er nødvendige for å få opptak. Departementet foreslår å ikkje føre vidare formuleringa i opptaksforskrifta § 7-1 tredje ledd om at grunnlaget for rangering er den dokumentasjonen som kvalifiserer søkaren for opptak. Departementet meiner det er openbart at alle karakterar og anna grunnlag som gjer søkaren kvalifisert, skal inngå i grunnlaget. Dette følger av vanleg forvaltnings praksis. Departementet viser også til forslaget til ny § 5-2 (sjå punkt 7.2) om kva kvalifiseringsgrunnlag søkarane skal bli rangert etter viss dei har fleire kvalifiseringsgrunnlag.

Departementet foreslår i hovudsak å føre vidare reglane i § 7-5 om karakterpoeng og korleis desse skal bereknast, § 7-7 om karakterforbetringar, § 7-12 om rangering av søkarar som ikkje kan poengbereknast og § 7-15 om rangering ved opptak til spesielt tilrettelagd ingeniørutdanning med nokre språklege endringar. Departementet foreslår å samle desse reglane i ei føresegn, sjå forslaget § 5-1.

Når det gjeld søkarar som ikkje kan poengbereknast, foreslår departementet å ikkje føre vidare formuleringa i opptaksforskrifta § 7-12 første ledd første punktum om at søkarar må ha likeverdige ferdigheiter og kunnskapar med søkarar som får tilbod om opptak etter rangering på grunnlag av poengberekning, for å få tilbod om opptak på grunnlag av ei individuell skjønsmessig vurdering. Departementet meiner dette følger føresetnadsvis av at søkarane skal rangerast i høve til poengberekna søkarar, jf. forslaget § 5-1 fjerde ledd. Departementet foreslår av same årsak heller ikkje å føre vidare § 7-12 andre ledd.

Når det gjeld dei som får opptak til spesielt tilrettelagde studium på grunnlag av fag- eller sveinebrev (Y-veg), kan det vere uklart korleis poenga skal bereknast då det kan vere ulikt om dei som har fag- eller sveinebrev har vitnemål eller ikkje. Det er i dag den enkelte institusjonen som avgjer korleis søkarane i slike tilfelle skal bli rangert. Departementet foreslår å tydeleggjere dette i forskrifta. Departementet foreslår elles å føre vidare at søkarar med karakteren mykje godt på fag- eller sveineprøven skal rangerast framfor søkarar med karakteren godt når søkarane elles har den same poengsummen. Dersom søkarane framleis har like mange poeng, skal dei blir rangert etter alder. Dette gjeld

generelt, og departementet foreslår derfor ikkje å føre vidare presiseringa om at dette også gjeld ved opptak til Y-veg.

Departementet foreslår også å føre vidare reglane i opptaksforskrifta § 7-1 femte og sjette ledd om opptak til ledige studieplassar og tidleg opptak, men plassere dei i ei eiga føresegn.

7.1.3 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å føre vidare reglane i opptaksforskrifta §§ 7-1, 7-5, 7-7, 7-12 og 7-15 om rangering, kvotar og karakterar, men med enkelte forenklingar og språklege endringar, sjå forslaget § 5-1
- å tydeleggjere at det er institusjonane som avgjer korleis poenga skal bereknast for søkarar som får opptak til spesielt tilrettelagde studium på grunnlag av fag- eller sveinebrev (Y-veg), sjå forslaget § 5-1 fjerde ledd
- å føre vidare reglane i opptaksforskrifta § 7-1 om tidleg opptak, sjå forslaget § 5-2
- å føre vidare reglane i opptaksforskrifta § 7-1 om opptak til ledige studieplassar, sjå forslaget § 5-3.

Sjå også punkt 7.2 om ein ny regel om kva kvalifiseringsgrunnlag som skal liggja til grunn for rangeringa.

7.2 Rangering ved fleire rangeringsgrunnlag (dobbeltrangering)

7.2.1 Gjeldande rett

Kvalifiseringsgrunnlaga for opptak er regulerte i kapittel 2 i opptaksforskrifta og rangeringsreglane er regulerte i kapittel 7.

Søkarar kan kvalifisere for opptak på følgande grunnlag: Studieførebuande vidaregåande opplæring, yrkesfagleg vidaregåande opplæring supplert med påbygg til generell studiekompetanse, utanlandsk opplæring og utdanning, 23/5-regelen, høgare utdanning, fagskuleutdanning og realkompetanse. Ein søkar kan kvalifisere for opptak på fleire grunnlag, og blir då normalt rangert ut frå det grunnlaget som gir best utteljing for søkaren, jf. opptaksforskrifta § 7-4.

I dagens regelverk er det berre søkarar som har kome inn på høgare utdanning på grunnlag av eit unntak frå kravet om generell studiekompetanse, som kan rangerast på grunnlag av ei fullført høgare utdanning. Eit unntak frå generell studiekompetanse trer inn når søkaren ikkje har fullført vidaregåande opplæring og har kome inn på grunnlag av til dømes ei realkompetansevurdering eller opptaksprøve. Høgare yrkesfagleg utdanning er regulert på ein annan måte enn høgare utdanning, ved at det er formulert som eit sjølvstendig kvalifiseringsgrunnlag og ikkje et grunnlag som berre gjeld for søkarar som har kome inn i høgare yrkesfagleg utdanning utan generell studiekompetanse. Dette resulterer i at ein

søkar kan oppnå generell studiekompetanse frå både vidaregåande opplæring og på grunnlag av bestått toårig fagskuleutdanning.

7.2.2 Departementets vurdering

Det følger av opptaksmeldinga at regjeringa vil fjerne moglegheita for søkarar til å bli rangert på ulike grunnlag, såkalla dobbeltrangering. Det er berre dobbeltrangering på grunnlag av generell studiekompetanse på grunnlag av fullført og bestått vidaregåande opplæring og på grunnlag av 23/5 som blir drøfta konkret i meldinga, men tiltaket om å fjerne moglegheita for dobbeltrangering omfattar alle kvalifiseringsgrunnlag som gir moglegheit for rangering.

Eit overordna mål i opptaket er at søkarar skal behandlast så likt som mogleg. Likevel er det i dag ikkje reglar som seier kva grunnlag som skal brukast i dei tilfella der ein søkar oppfyller fleire kvalifiseringsgrunnlag. Dette skaper nokre uheldige situasjonar, mykje arbeid i det samordna opptaket og også nokre utilsikta skilnader i systemet – som til dømes at fagskuleutdanning kan erstatte fullført vidaregåande opplæring i opptaket, medan høgare utdanning ikkje kan det (sjå punkt 7.2.1). Praksis er i dag slik at søkarar som oppfyller både krav om fullført og bestått vidaregåande opplæring og 23/5, blir rangerte på det kvalifiseringsgrunnlaget som gir søkaren høgast poengsum. Dette fører til mykje manuell saksbehandling, som er tidkrevjande og vanskeleg. I tillegg kan eldre søkarar få eit betre karaktergrunnlag og enklare opptak ved å basere søknaden sin på 23/5-regelen, noko som også gjer at dei bruker mykje tid og ressursar for å forbetra karakterane sine i dei seks studiekompetansefaga. Departementet meiner at det må ryddast opp i dei skilnadene som dagens regelverk medfører.

Når moglegheita til dobbeltrangering fjernast i samsvar med tiltaka i opptaksmeldinga, må det innførast reglar om kva rangeringsgrunnlag som skal brukast dersom ein søkar kvalifiserer for opptak på fleire grunnlag. Departementet meiner dette kan løysast ved at det i forskrifta blir fastsett ei prioritert rekkefølge av ulike kvalifiseringsgrunnlag slik at det i rangeringa alltid skal takast utgangspunkt i det kvalifiseringsgrunnlaget som har høgast prioritet. Dersom søkaren oppfyller det høgaste prioriteringsgrunnlaget vil dei følgande grunnlaga falla bort som vurderingsgrunnlag.

Departementet har vurdert det slik at høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning må behandlast likt og berre kan brukast som eitt rangeringsgrunnlag viss søkaren ikkje har fullført vidaregåande opplæring.

Departementet foreslår følgande prioritering av kvalifiseringsgrunnlaga:

- a. norsk vidaregåande opplæring
- b. utanlandsk vidaregåande opplæring
- c. 23/5-regelen / 25/6-regelen (sjå punkt 5.1.2.2)
- d. høgare utdanning
- e. høgare yrkesfagleg utdanning.

Forslaget inneber at søkarar ikkje lenger skal ha moglegheit til å bli rangert på fleire kvalifiseringsgrunnlag (dobbeltrangering). Ved å forskriftsfeste prioriteringsrekkefølga for kva kvalifiseringsgrunnlag som skal brukast til rangering, vil saksbehandlinga av søkarar bli føreseieleg og det blir lettare å vita kva som skal leggst til grunn for kvar enkelt søkar.

Departementet understrekar at forslaget ikkje har betydning for rangering mellom søkarar med ulike grunnlag. Det handlar berre om kva grunnlag søkarar skal bli rangert på grunnlag av dersom dei er kvalifisert på fleire grunnlag.

Departementet foreslår at berre ei prioriteringsrekkefølge for grunnlaga som gir generell studiekompetanse. Søkarar kan også kvalifisere for opptak utan generell studiekompetanse etter ei individuell vurdering, til dømes på grunnlag av realkompetanse eller på grunnlag av dispensasjon. Moglegheita for opptak på slike grunnlag gjeld berre for søkarar som ikkje har generell studiekompetanse. Departementet antar derfor at dobbeltrangering er ei lite aktuell problemstilling i slike tilfelle.

7.2.3 Departementets forslag

Departementet foreslår å hindre dobbeltrangering ved å innføre ei prioritering av kvalifiseringsgrunnlaga for rangering, sjå forslaget til § 5-4.

7.3 Kvote for førstegongsvitnemål og generell kvote

7.3.1 Gjeldande rett

Rangering er regulert i kapittel 7 i opptaksforskrifta. I samsvar med § 7-2 blir søkarar rangert i to hovudkvotar; førstegongsvitnemålskvoten og ordinær kvote. Alle søkarar konkurrerer i ordinær kvote. I førstegongsvitnemålskvoten kan søkarar berre konkurrere viss dei ikkje fyller meir enn 21 år det året dei søker opptak, og enten har fått eit vitnemål merkt som førstegongsvitnemål frå eit studieførebuande utdanningsprogram i vidaregåande opplæring eller har oppnådd generell studiekompetanse med vitnemål frå eit yrkesfagleg utdanningsprogram teke på normal tid. Hovudregelen er at alle studium har kvote for førstegongsvitnemål, men institusjonar kan søke om unntak frå kvoten i spesielle tilfelle.

Halvparten av alle studieplassane skal tilbydast til søkarar i kvote for førstegongsvitnemål. Denne kvoten skal sørge for at yngre søkarar kjem raskare i gang med høgare utdanning då dei her berre konkurrerer med gjennomsnittskaraktaren sin frå vidaregåande opplæring og eventuelle tilleggspoeng for fag tekne i vidaregåande opplæring. I ordinær kvote har søkarar med seg tilleggspoeng opparbeidde etter vidaregåande opplæring, og dessutan alderspoeng.

Kva som er eit førstegongsvitnemål i vidaregåande opplæring, er regulert i opplæringsforskrifta. Desse reglane har blitt endra som følge av nye reglar i ny opplæringslov med forskrift, inkludert ny, utvida rett til vidaregåande opplæring. Dei nya reglane tok til å gjelde 1. august i 2024. Den viktigaste endringa er at fristen for å få

førstegangsvitnemål er blitt fem år for alle elevar. Tidlegare gjaldt det ein hovudregel om normert tid (normalt tre år) med ein unntaksregel om fem år for visse tilfelle. Høvet til å få forbetra karakterar ført på førstegangsvitnemålet, gjeld framleis berre dersom karakterane er forbetra innanfor normert tid for opplæringsløpet (normalt tre år). Dei nye reglane inneber at førstegangsvitnemål skal givast til alle som har bestått vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse innan fem år. I motsetnad til etter tidlegare reglar omfattar det også dei som tek kombinerte yrkesfaglege og studieførebuande løp og dei som tek yrkesfag og påbygg til generell studiekompetanse (både PB3¹² og PB4¹³), så framti dei oppnår studiekompetanse innan fem år.

7.3.2 Departementets vurdering

Det følger av opptaksmeldinga at regjeringa vil føre vidare ein førstegangsvitnemålskvotep og ta sikte på å gjere kvoten større, og dessutan vurdere om aldersgrensa og namnet på kvoten bør endrast. Bakgrunnen for å vurdere å auka storleiken på kvoten er målet om at unge søkarar skal kome raskare i gong med høgare utdanning. Det er også relevant å sjå hen til endringar i reglane om førstegangsvitnemål i vidaregåande opplæring.

Departementet foreslår på bakgrunn av tiltak i opptaksmeldinga å redusere talet på tilleggspoeng (sjå punkt 7.5). Tiltaket inneber at poeng for fag i vidaregåande opplæring berre skal givast for realfag, og desse poenga skal halverast. Vidare foreslår departementet å avvike tilleggspoeng for alder, høgare utdanning, fagskuleutdanning og folkehøgskule, og at det berre skal vere eitt tilleggspoeng for førstegangsteneste og sivilteneste i ordinær kvote. Dette vil påverke kor stor poengskilnad det kan bli mellom førstegangsvitnemålskvotep og ordinær kvote. Den store skilnaden mellom kvotane vil etter forslaget bli at søkarar i ordinær kvote kan konkurrere på grunnlag av karakterar som dei har forbetra som privatistar, medan søkarar i førstegangsvitnemålskvotep berre kan konkurrere på grunnlag av karakterar som er forbetra innanfor normert tid for opplæringsløpet (normalt tre år).

Dagens fordeling er slik at halvparten av studietilboda skal bli tilbodne søkarar som kvalifiserer for førstegangsvitnemålskvoten. I samsvar med tiltaket i opptaksmeldinga, har departementet vurdert om aldersgrensa for å konkurrere i kvoten også bør aukast.

Formålet med førstegangsvitnemålskvoten er å få yngre søkarar, rett frå vidaregåande opplæring, raskt i gang med studium. Aldersgrensa på 21 år gir søkarar som går ut av vidaregåande skule når dei er 19 år, tre år på å konkurrere i kvoten. Endringa av hovudregel frå tre til fem år på å oppnå eit førstegangsvitnemål, kan tilseie at aldersgrensa bør justerast til 23 år. Samstundes kan ei heving av aldersgrensa frå 21 til 23 år føre til at elevar bruker lengre tid på å fullføre vidaregåande opplæring enn dei treng. Det er dermed omsyn for og imot å heve aldersgrensa. I avveginga av dei ulike omsyna, har

¹² PB3 er påbygging til generell studiekompetanse for den som har bestått to år yrkesfagleg utdanning i skule, men ikkje har gjennomført læretid.

¹³ PB4 er påbygging til generell studiekompetanse for den som har fagbrev, sveinebrev eller anna treårig yrkesfagleg fagutdanning.

departementet lagt vekt på at ein auke av aldersgrensa vil harmonere best med dei nye reglane om førstegongsvitnemål. For å legge til rette for at dei som treng litt meir tid i vidaregåande opplæring nyttar seg av retten, utan at dette i for stor grad går ut over moglegheitene deira for opptak til høgare utdanning, foreslår departementet at den øvre aldersgrensa for å konkurrere i kvoten blir auka frå 21 til 23 år.

I samsvar med tiltaket i opptaksmeldinga, har departementet også vurdert om og kor mykje førstegongsvitnemålskvoten bør aukast. Storleiken på kvoten må sjåast i samband med kor mange søkarar som kan konkurrere i kvoten. Med dagens aldersgrense på 21 år, meiner departementet at ein auke på 5-10 prosentpoeng (dvs. kvote på 55-60 prosent) er tilstrekkeleg til å vareta siktemålet i opptaksmeldinga. Ettersom departementet foreslår å auke aldersgrensa for dei som kan konkurrere i kvoten frå 21 til 23 år, så må kvotestorleiken aukast ytterlegare for at det skal vere ein reell auke. Departementet veit ikkje nøyaktig korleis dette vil slå ut. Basert på søkartal og alder, vil kvoten truleg måtte aukast med minst 20 prosentpoeng (dvs. kvote på 70 prosent) for å svare til ein kvote på 55-60 prosent med dagens aldersgrense. Uavhengig av auken i aldersgrense, er det usikkert korleis dei nye reglane om førstegongsvitnemål vil slå ut. Når elevane får utvida tid til å oppnå førstegongsvitnemål (frå tre til fem år), kan det bli fleire som kvalifiserer for å konkurrere i kvoten. Departementet vil derfor måtte følge utviklinga og eventuelt justere kvoten ved behov.

Departementet foreslår å behalde namnet «førstegongsvitnemålskvote» sidan termen «førstegongsvitnemål» også blir ført vidare i opplæringsforskrifta. Departementet foreslår å endre namnet på dagens ordinære kvote til eit namn som betre beskriv at kvoten omfattar alle søkarar utan nokre kvoteavgrensande reglar, men utan at det gir inntrykk av at dei fleste plassane blir fordelte i denne kvoten. Departementet foreslår at ordinær kvote endrar namn til «generell kvote». Et alternativ kan vere å endre namnet til «kvote for andre søkarar». Departementet ber om høyringsinstansanes innspel til om det er andre, meir treffande namn.

Departementet foreslår å føre vidare at det er dei som har førstegongsvitnemål etter reglane i opplæringsforskrifta, som kan konkurrere i førstegongsvitnemålskvoten. Departementet foreslår ikkje å føre vidare opptaksforskrifta § 7-2 første ledd andre punktum om at kvoten også omfattar søkarar innanfor aldersgrensa som har oppnådd generell studiekompetanse på bakgrunn av vitnemål frå yrkesfag som er fullførte og bestått på normal tid. Dei nye reglane om førstegongsvitnemål i opplæringsforskrifta omfattar alle som har bestått vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse innan fem år. I motsetnad til etter tidlegare reglar, omfattar reglane også dei som tek kombinerte yrkesfaglege og studieførebuande løp og dei som tek yrkesfag og påbygg til generell studiekompetanse (både PB3 og PB4), så framtid dei oppnår studiekompetanse innan fem år. Tilføyinga i dagens opptaksforskrift § 7-2 første ledd andre punktum er etter departementet si vurdering dermed ikkje nødvendig å føre vidare utan om for ei overgangsperiode fram til desse søkarane kan få førstegongsvitnemål etter dei nye reglane i opplæringsforskrifta. Departementet foreslår ei overgangsperiode fram til 1. januar 2027. Dette skal legge til rette for at dei som har fullført og bestått yrkesfag og påbygg innanfor

normert tid før dei nye reglane om førstegongsvitnemål blei innført, skal kunne konkurrere i kvota fram til dei fyller 23 år, jf. forslaget om å auke aldersgrensa.

Dei nye reglane om førstegongsvitnemål i opplæringsforskrifta gjeld for dei som får vitnemål og kompetansebevis for første gong i 2025. Det betyr at dei som har fått vitnemål før dette, og som ikkje fekk førstegongsvitnemål, ikkje vil ha rett til førstegongsvitnemål sjølv om dei oppfyller vilkåra etter dei nye reglane. Departementet går ut frå at dette ikkje vil gjelde veldig mange, men det kan ha noko å seie for dei som har fullført og bestått vidaregåande opplæring på fire eller fem år før 2025 og som er under 23 år. Departementet ser at dette kan opplevast urettferdig for einskilde. Samstundes må det fastsetjast eit skjeringspunkt for nye reglar.

Ei moglegheit kan vere å opne for at søkarar som ikkje har førstegongsvitnemål, men som oppfyller vilkåra for dette etter opplæringsforskrifta, kan få konkurrere i førstegongsvitnemålskvoten. Ei slik regel vil føre til meir manuell behandling i opptaket, men vil berre vere aktuell nokre få år. Departementet ber om innspel til om det er behov for ein slik overgangsregel eller om det er tilstrekkeleg at dei som har fått eit førstegongsvitnemål, får konkurrere i kvoten.

I dag blir reglane om førstegongsvitnemålskvote praktisert slik at også søkarar som kvalifiserer for opptak på grunnlag av utanlandsk vidaregåande opplæring, kan konkurrere i førstegongsvitnemålskvoten dersom dei har fullført og bestått den utanlandske opplæringa på normert tid og elles oppfyller vilkåra. Departementet meiner det er rimeleg i føre vidare denne praksisen, og vurderer om det bør komme tydlegare til uttrykk i forskrifta. Departementet er usikker på om det bør gjelde søkarar som har teke utanlandsk opplæring på normert tid, slik som i dag, eller om det bør gjelde ei femårsgrense, slik som for søkarar med norsk vidaregåande opplæring etter dei nye reglane i opplæringsforskrifta. Departementet ber om innspel på dette.

Departementet har gitt unntak frå reglane slik at det på einskilde studium ikkje er førstegongsvitnemålskvote. Kva studium dette gjeld, følger i dag av rundskriv F-02-24. Departementet foreslår å ta inn i ny opptaksforskrift kva studium som ikkje har førstegongsvitnemålskvote, og å presisere i forskrifta at universitet og høgskular som vil ha unntak frå kravet om førstegongsvitnemålskvote, må søke departementet om det.

7.3.3 Departementets forslag

Departementet foreslår

- at aldersgrensa for å kunne konkurrere i førstegongsvitnemålskvoten blir auka frå 21 til 23
- at førstegongsvitnemålskvoten skal gjelde for dei som får førstegongsvitnemål etter opplæringsforskrifta, men at søkarar som nemnte i forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning § 7-2 første ledd andre punktum også kan konkurrere i kvoten i ei overgangsperiode.
- at storleiken på førstegongsvitnemålskvoten blir auka til 70 prosent, med atterhald om at departementet må vurdere eksakt kvotestorleik seinare når vi har fått erfaring med korleis endringane med utvida rett til vidaregåande opplæring slår ut

- å endre namnet på ordinær kvote til «generell kvote» og andre språklege endringar og presiseringar
- å ta inn i opptaksforskrifta kva studium som ikkje har førstegongsvitnemålskvote, og å presisere i forskrifta at universitet og høgskular som vil ha unntak frå kravet om førstegongsvitnemålskvote, må søke departementet om det
- å elles føre vidare reglane om førstegongsvitnemålskvote og generell kvote med språklege endringar.

Sjå forslaget til §§ 5-5 og 7-2 andre ledd.

Departementet ber om innspel til behov for overgangsordning for søkarar som ikkje har førstegongsvitnemål, men som nå oppfyller vilkåra for dette. Departementet ber også om innspel til kva som bør gjelde for søkarar som har utanlandsk vidaregåande opplæring. Sjå punkt 7.3.2.

7.4 Omrekning frå utanlandske til norske karakterar

7.4.1 Gjeldande rett

I opptaksforskrifta § 7-6 er det fastsett reglar om omrekning frå utanlandske til norske karakterar. Departementet har gitt HK-dir fullmakt til å lage omrekningstabellar. I vedlegg II til forskrifta er det ei liste over utdanningssystem og type omrekning, dvs. om det skal nyttast lineær omrekning, eigeninnsamla karakterstatistikk, offisiell karakterstatistikk eller anna tabell fastsett av departementet. Dei ulike omrekningstabellane finst på nettsida til Samordna opptak. Den gjeldande tabellen for International Baccalaureat (IB) er fastsett av departementet og har vore i bruk sidan 2009.

7.4.2 Departementets vurdering

Departementet foreslår i hovudsak å føre vidare reglane i gjeldande § 7-6 om omrekning frå utanlandske til norske karakterar og vedlegg II med liste over tabellar for omrekning av karakterar frå utanlandsk vidaregåande utdanning.

Departementet foreslår å ta i bruk ein ny tabell for omrekning av karakterar frå IB-diplom til norske karakterar, tabellen er utarbeidd av HK-dir. Den nye tabellen er laga etter den same statistiske metoden som HK-dir nyttar på andre omrekningstabellar. Metoden er utarbeidd av HK-dir og dei har rådført seg med Norsk Reknesentral. I metoden samanliknar dei statistisk data over total points frå IB-diplom (gitt ut av den internasjonale stiftinga IB), med karaktergjennomsnitt på vitnemål frå studiespesialiserande utdanningsprogram i norsk vidaregåande opplæring.

Dagens tabell er ikkje utforma på eit reint statistisk grunnlag og HK-dir har vist departementet korleis tabellen er svært gunstig for søkarar med IB-diplom i opptaket. Det tyder på at IB-søkarar når lettare opp i konkurransen om studieplassar på svært konkurranseutsette studium enn søkarar med norsk vidaregåande opplæring. Tal frå det samordna opptaket i 2024 viser at 30 gongar så mange IB-søkarar fekk eit

karaktergjennomsnitt på 6,0 etter omrekning, som søkarar med norsk vitnemål. Departementet meiner at den nye tabellen er meir rettferdig og oppnår målet om at alle søkarar skal bli behandla mest mogleg likt og objektivt ut frå karakterresultata frå deira vidaregåande opplæring.

7.4.3 Departementets forslag

Departementet foreslår

- ny tabell for omrekning av karakterar frå IB-diplom til norske karakterar, sjå vedlegg
- å elles føre vidare reglane om omrekning frå utanlandske til norske karakterar, sjå forslaget til § 5-6 og vedlegg II.

7.5 Tilleggs poeng

7.5.1 Gjeldande rett

Opptaksforskrifta inneheld reglar for å gi tilleggs poeng til ulike grupper av søkarar. Tilleggs poenga er delt inn i to hovudkategoriar; tilleggs poeng for fagval, jf. opptaksforskrifta § 7-8, og tilleggs poeng for underrepresentert kjønn, alder og vidare utdanning, jf. §§ 7-9 til 7-11.

Tilleggs poeng for fagval blir gitt til elevar som har hatt matematikk og andre realfag og framandspråk (ikkje engelsk eller skandinaviske) i vidaregåande opplæring. Det er desse faga som programfag, ikkje som fellesfag, som gir tilleggs poeng. Desse poenga kan altså elevane oppnå medan dei er i vidaregåande opplæring, og poenga blir rekna med når poengsummen på førstegongsvitnemålet blir rekna ut. I dag kan ein elev få til saman fire tilleggs poeng i denne kategorien.

Tilleggs poeng for underrepresenterte kjønn gjeld berre for opptak til eit lite antal utdanningar. Det er få utdanningar der dette kan brukast, og institusjonane må søke departementet om fullmakt dersom dei meiner det er nødvendig at slike poeng blir gitt. Det kan bli gitt inntil to poeng til søkarar av det underrepresenterte kjønn. Desse poenga blir også lagt til poengsummen for dei som søker utdanning med førstegongsvitnemål.

Tilleggs poenga elles er poeng som søkarar får etter at dei er ferdig med vidaregåande opplæring. Desse poenga har ikkje noko å seie for poengsummen for førstegongsvitnemålet. Det blir gitt tilleggs poeng for alder, jf. § 7-10, ved at søkaren får to tilleggs poeng per år frå og med det året søkaren fyller 20 år. Alders poeng kan maksimalt utgjere 8 poeng. Det blir også gitt to tilleggs poeng for eit fullført studium eller samla 60 studiepoeng frå universitet/høgskule/fagskule, eitt år på folkehøgskule eller fullført militær førstegongsteneste eller sivilteneste, jf. § 7-11 første ledd. Etter § 7-11 fjerde ledd kan det maksimalt gis to tilleggs poeng etter denne føresegna.

7.5.2 Departementets vurdering

7.5.2.1 Generelt

I opptaksmeldinga er det gitt ei brei orientering om dei ulike faga som gir tilleggspoeng og om grunngevinga for at tilleggspoenga blei innførte.

I meldinga varsla regjeringa at alle tilleggspoenga skal fjernast, med unntak av poeng for realfag og tilleggspoeng for militær førstegongsteneste og sivilteneste, som skal halverast. Departementet foreslår endringar i forskriftsreglane i samsvar med dette.

I meldinga blei det varsla at departementet vil gjere ei samla vurdering av tiltak som kan auke samisk språkkompetanse i samband med oppfølginga av opptaksmeldinga, og sjå på om tilleggspoeng kan vere eit eigna verkemiddel.

Når det gjeld tilleggspoeng for søkarar av det underrepresenterte kjønn, viser departementet til punkt 7.5.2 og punkt 7.6.2.4.

7.5.2.2 Tilleggspoeng for realfag i vidaregåande opplæring

Departementet foreslår i samsvar med tiltaket i opptaksmeldinga å behalde tilleggspoeng for realfag, men justere dei ned til halvparten av det dei er i dag. Som varsla i opptaksmeldinga vil departementet sette i gang ei evaluering av effekten av realfagspoenga og ei utgreiing av verkemiddel for rekruttering til teknologi- og realfag der samfunnet har størst kompetansebehov.

Det er ei særleg utfordring med rekruttering til ein del realfaglege utdanningar og god realfagskompetanse er avgjerande for eit samfunn i utvikling og for framtidige arbeidsplassar. Departementet meiner derfor at realfagspoenga bør førast vidare. Eitt tilleggspoeng svarer til ei forbetring med om lag éin karakter i tre fag på vitnemålet. Når dei fleste tilleggspoenga blir fjerna, er det viktig at dei poenga som står igjen, blir justerte ned for ikkje å få ei urimeleg stor vekt i opptaket. I opptaksmeldinga varsla derfor regjeringa at den vil justere ned dei poenga som står igjen, til halvparten av det dei er i dag.

Departementet har vurdert korleis halveringa av realfagspoenga skal gjennomførast. Departementet foreslår at alle poenga blir halvert, slik at dei realfaga som tidlegare ga eit halvt poeng, no skal gi eit kvart poeng, og dei realfaga som ga eit heilt poeng no skal gi eit halvt poeng. Det skal samla vere mogleg å få inntil to poeng i staden for fire. Etter forslaget vil dei fleste realfaga gi eit kvart poeng, men matematikk R2 og fysikk 2 vil, som i dag, gi det dobbelte.

7.5.2.3 Tilleggspoeng for samisk som førstespråk i vidaregåande opplæring

Sametinget har i dialog med departementet bede om at det blir innført poeng for søkarar som har hatt samisk som førstespråk i vidaregåande skule. Det er store utfordringar med dei samiske språka i dag, og det er eit vedvarande problem at ikkje fleire nyttar desse språka, med den konsekvensen at samiske språk på lengre sikt kan forsvinne heilt. Grunnlova § 108 pålegg staten å legge omstenda til rette for at den samiske folkegruppa kan sikre og utvikle språket sitt, kulturen sin og samfunnslivet sitt.

I lys av dei utfordringane som framleis ligg føre når det gjeld samisk språk og kultur, meiner departementet at det kan vere eit formålstenleg tiltak å innføre poeng for søkarar som har samisk som førstespråk i vidaregåande opplæring. Å gi slike poeng kan føre til at fleire elevar vel samisk som førstespråk i grunnskulen og i vidaregåande opplæring. Dette kan gi ein auka funksjonell samisk språkkompetanse i befolkninga. Samisk språk står i ei særstilling i Noreg og departementet meiner at det å bruke poeng for å auke samisk språkkompetanse i samfunnet er eit lovleg verkemiddel.

Departementet foreslår at det blir innført eitt poeng for samisk som førstespråk i vidaregåande opplæring. Ved opptak til studium der det er kvote for søkarar med samisk språkkompetanse vil samisk førstespråk i vidaregåande opplæring ikkje gi tilleggspoeng. På studium der det er kvote for søkarar med samisk språkkompetanse, får søkarar samisk språkkompetanse allereie eit fortrinn ved at dei kan konkurrere i denne kvoten. Det bør dermed ikkje vere slik at dei også får eit fortrinn i form av tilleggspoeng i kvoten.

7.5.3 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å vidareføre tilleggspoeng for realfag, men justere dei ned til halvparten av det dei er i dag, sjå forslaget til § 5-7 første ledd
- å innføre eitt poeng for søkarar som har samisk som førstespråk i vidaregåande opplæring, sjå forslaget til § 5-7 første ledd
- å vidareføre tilleggspoeng for militær førstegongsteneste og sivilteneste, men justere ned til eitt poeng, sjå forslaget til § 5-8
- å ikkje føre vidare tilleggspoenga for framandspråk og naturbruk frå vidaregåande opplæring eller tilleggspoeng for høgare utdanning, fagskuleutdanning, eitt år på folkehøgskule og alder.

7.6 Spesielle kvotar

7.6.1 Gjeldande rett

7.6.1.1 Gjeldande regelverk om spesielle kvotar

Kunnskapsdepartementet kan fastsetje spesielle kvotar for einskilde studium ved ein institusjon når særskilde omstende gjer dette ønskeleg, jf. opptaksforskrifta § 7-3. Ein spesiell kvote inneber at eit visst antal studieplassar er sett av til søkarar som fyller dei fastsette kriteria for kvoten. Dei spesielle kvotane blir fylt først, og dersom kvoteplassane ikkje blir fylt opp, sørger opptakssystemet for at plassane blir tilgjengelege for alle søkarar (såkalla kvoteflyt). Det er ikkje omtalt i forskrifta kva slags spesielle kvotar som finst i dag. Det kjem fram av rundskriv F-02-24.

For ei oversikt over spesielle kvotar for opptaket 2024–2025, sjå Samordna opptak si nettside¹⁴.

7.6.1.2 Gjeldande regelverk om kjønnspoeng

Det er ingen spesielle kvotar for kjønn i dag. Det følger av opptaksforskrifta § 7-9 at departementet, for å jamne ut skilnader og oppnå meir likestilling mellom kjønna, kan fastsetje at søkarar frå det kjønn som er underrepresentert på eit konkret studium, kan få inntil to tilleggspoeng ved opptak til dette studiet.

Institusjonane har ei plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering, slik likestillings- og diskrimineringslova krev. Eit vidare mål er at tiltaka skal gi betre kjønnsbalanse i arbeidsmarknaden. Blir det oppnådd betre kjønnsbalanse på studiet, kan dette også tiltrekke seg fleire søkarar av begge kjønn. Universitet og høgskular som har utfordringar med kjønnsbalansen på eit studium, kan såleis søke departementet om å bruke kjønnspoeng ved opptaket til det konkrete studiet. Det kjem ikkje fram av opptaksforskrifta kva slags studium som har kjønnspoeng i dag. Det kjem fram av rundskriv F-02-24.

For ei oversikt over kjønnspoeng for opptaket 2024–2025, sjå Samordna opptak si nettside¹⁵.

7.6.2 Departementets vurdering

7.6.2.1 Spesielle kvotar

Offentleg finansierte studieplassar er eit gode som i utgangspunktet bør vere mest mogleg tilgjengeleg for alle. Konkurransen om studieplassane bør skje på mest mogleg like vilkår og bli basert på element ein kan påverke gjennom eigen innsats. Alle skal ha like høve til å ta høgare utdanning, og val av utdanning bør blir styrt av evner og ønske, ikkje av bakgrunn. Når særlege omstende gjer det nødvendig, kan likevel Kunnskapsdepartementet fastsetje spesielle kvotar for einskilte utdanningar. Slik kvotering er ei form for positiv særbehandling og forskjellsbehandling som må ligge innanfor gjeldande regelverk for å vere lovleg.

Opptaksforskrifta opnar i dag for positiv særbehandling av einskilte grupper av søkarar, både gjennom tilleggspoeng til det underrepresenterte kjønn (kjønnspoeng) og gjennom kvotering av søkarar som fyller nærare fastsette kriterium. Eit døme på det sistnemnde er spesiell kvote for søkarar med samisk språkkompetanse og søkarar med regional tilknyting.

Regjeringa varsla i opptaksmeldinga at ho vil føre vidare spesielle kvotar for søkarar med samisk språkkompetanse, søkarar med tilknyting til Nord-Noreg og søkarar med minoritetsbakgrunn. Regjeringa varsla også at ho vil innføre bruk av kjønnsnøytrale

¹⁴ <https://www.samordnaopptak.no/info/opptak/opptak-uhg/opptakskvoter/>

¹⁵ <https://www.samordnaopptak.no/info/opptak/opptak-uhg/poengberegning/legge-til-poeng/kjonnspoeng>

kvotar på studium med stor kjønnsubalanse, og å avvikle ordninga med kjønnspoeng. Departementet foreslår endringar i forskriftsreglane i samsvar med desse tiltaka.

Departementet vil føre vidare føresegna om at når særskilde omstende gjer det ønskeleg, kan departementet fastsetje spesielle kvotar for einskilte utdanningar. Departementet foreslår å presisere i forskrifta at universitet og høgskular som ønsker å bruke spesielle kvotar, må søke departementet om det. Moglegheita for at ein i særskilde høve kan fastsetje unntak frå kvote for førstegongsvitnemål innanfor ein spesiell kvote, vil bli ført vidare. Ei nærare forklaring på dei spesielle kvotane går fram av vedlegg III til forskriftsforslaget.

I og med at fordelinga av studieplassar blir endra med forslaget til ny opptaksforskrift, slik at 70 prosent av plassane blir sett av til søkarar i førstegongsvitnemålskvoten og 30 prosent av plassane til dei som ikkje har førstegongsvitnemål, blir dette også fordelinga i dei spesielle kvotane viss ikkje anna er bestemt i forskrifta. Der det ikkje er mogleg å gjennomføre ei deling på 70/30, som kan bli tilfellet der det er få kvoteplassar, så blir plassane som regel fordelte i favør av førstegongsvitnemålskvoten. Til dømes der det er éin eller to plassar går plassane til søkarar i førstegongsvitnemålskvoten, medan der det er tre plassar, går to til førstegongsvitnemålskvoten og éin til generell kvote osv.

Søkarar som fyller kriteria for opptak i ein spesiell kvote, men ikkje får tilbod om studieplass, konkurrerer vidare utanfor den spesielle kvoten, jf. forslaget § 5-3. Sjå likevel forslaget § 5-8, kor kvoterekkefølga er foreslått endra for søkarar med samisk språkkompetanse.

7.6.2.2 Kvotar for søkarar med samisk språkkompetanse

Generelt

Regjeringa gjekk i opptaksmeldinga inn før å føre vidare kvoter for søkarar med samisk språkkompetanse. Dette var den einaste av dei spesielle kvotane som eit samla opptaksutval gav sitt tilsegn til å føre vidare, jf. NOU 2022: 17. Også Stortinget gav tilsegn til ei slik vidareføring i forbindelse med behandlinga av meldinga, jf. Innst. 378 S (2023-2024).

I opptaksmeldinga blei det også varsla at tiltak for å auke samisk språkkompetanse skulle bli vurdert i arbeidet med ny opptaksforskrift. Dette har departementet no gjort, sjå meir om dette nedanfor. Det visast også til punkt 7.5 om poeng frå vidaregåande opplæring for søkarar som har samisk som førstespråk.

Departementet viser til NOU 2016: 18 *Hjertespråket – Forslag til lovverk, tiltak og ordninger for samiske språk* og skildringa av fornorskingspolitikken, som frå 1840-talet fekk fotfeste på fleire samfunnsområde. Denne politikken hadde som konsekvens at samane mista språka sine, kulturen sin og tradisjonane sine. På nokre område var fornorskingspolitikken spesielt intens og det gjaldt særleg i skule- og språkpolitikken. Departementet viser også til rapport til Stortinget frå Sannhets- og forsoningskommisjonen, Dokument 19 (2022–2023) Sannhet og forsoning – grunnlag for et oppgjør med fornorskingspolitikk og urett mot samer, kvener/norskfinner og skogfinner.

Samane har ei spesiell rettsstilling i Noreg. Grunnlova § 108 omhandlar pliktene til staten overfor samane i Noreg. Føresegna pålegg staten å legge tilhøva til rette for at det samiske folket kan sikre og utvikle språket sitt, kulturen sin og samfunnslivet sitt. Samane har også eit folkerettsleg krav på eit spesielt kulturvern. Ettersom fleirtalet av samane i verda bur i Noreg, har Noreg særlege forpliktingar for samisk kulturbevaring og -utvikling. I 2023 blei føresegna i Grunnlova endra slik at ho konstaterer at forpliktinga gjeld overfor det samiske folket «som urfolk», sjå Innst. 331 S (2022-2023). Det samiske folks kultur er såleis beskytta på grunnlovsnivå, i internasjonale traktatar og i alminneleg lovgiving.

I eit moderne samfunn er skule- og utdanningssystemet eitt av dei viktigaste elementa i alle folks høve til å føre vidare kulturarven sin, tradisjonane sine og språket sitt. Samisk utdanningshistorie i Noreg er prega av dels samanfallande og dels kryssande interesser i dei politiske, religiøse og pedagogiske straumdrag som har prega utviklinga av det norske samfunnet. Skulelova av 1959 opna for tilgang til å nytte samisk som opplæringsspråk. Retten til opplæring på samisk kom i 1985. I Mønsterplanen frå 1987, M-87, fekk det samiske samfunnet gjennomslag for nokre grunnleggande tilhøve:

Skoletilbudet for samiske barn bygger på det grunnleggende prinsipp at skolen skal være en integrert del av samfunnet. Samenes etniske identitet, knyttet til sosiale og kulturelle forhold, danner en viktig forutsetning for læring. [...] Målet for opplæringen av samiske elever må være at de fullt ut skal beherske samisk språk og kjenne samisk kultur. Målet er også at de skal utvikle en funksjonell tospråklighet som gjør det mulig for dem å føle seg hjemme i to kulturer.

Elevar som byrjar på vidaregåande skule i dag, kan velje å få opplæring i samisk på følgande nivå:

1. Samisk som førstespråk – opplæring i samisk som førstespråk i vidaregåande opplæring føreset forkunnskapar tilsvarande samisk som førstespråk i grunnskulen.
2. Samisk som andrespråk – elevane kan velje å få opplæring på tre ulike nivå, med tre ulike krav til sluttkompetanse etter Vg3.
 - Samisk 2 – elevane skal vere funksjonelt tospråklege.
 - Samisk 3 – elevane har oppnådd ca. 2/3 av heile læreplanen i samisk som andrespråk, men er ikkje funksjonelt tospråklege.
 - Samisk 4 – elevane har oppnådd ca. 1/3 av læreplanen i samisk som andrespråk.
3. Samisk som framandspråk – elevane kan ta samisk som framandspråk i den vidaregåande skulen dersom skulen tilbyr dette. Faget har ingen krav til forkunnskapar.

Samisk som første- og andrespråk er fellesfag med 309 timar. Samisk som framandspråk kan veljast som 140 timars valfritt programfag.

Det er om lag 500 elevar som tek samisk i vidaregåande opplæring kvart år, fordelt på alle trinn. Nordsamisk er det klart største språket i elevtal, medan eit fåtal elevar tek sørsamisk og lulesamisk kvart år. Tidlegare har førstespråkgruppa i nordsamisk vore størst, og denne har halde seg stabil i talet på elevar. Det har likevel vore ein auke i talet på elevar som tek nordsamisk som andrespråk dei siste ti åra, og den klart største auken i elevtal har kome i nordsamisk 4. Elevtalet i nordsamisk 4 var større enn i nordsamisk som førstespråk for

første gong i skuleåret 2023-2024. Det kan ha vore ein noko negativ trend for nordsamisk 2 dei siste ti åra, men denne er ikkje klar. Elevtalet i nordsamisk 3 har vore stabilt dei siste ti åra.

I dag er det sett av eit bestemt antal plassar til søkarar med samisk språkkompetanse. Dei gjeld for søkarar med samisk språkkompetanse innanfor lulesamisk, nordsamisk eller sørsamisk.

Søkarar som har samisk som førstespråk og samisk som andrespråk, uavhengig av nivå, kan i dag få opptak i kvote for søkarar med samisk språkkompetanse der det er aktuelt. Det er i dag ikkje spesifisert kva nivå som må oppfyllest for dei som ha hatt samisk som andrespråk i vidaregåande opplæring for at desse skal få opptak i denne kvoten. Dette ønsker departementet å endre, sjå nedanfor.

Vilkår for opptak i samisk kvote

Samisk kvote gjeld i dag for søkarar som enten har samisk som første- eller andrespråk i vidaregåande opplæring, vitnemål frå grunnskule som viser samisk som første- eller andrespråk eller bestått 60 studiepoeng eller semesteremne i samisk som morsmål frå universitet eller høgskule. Sametinget har i dialog med departementet uttalt at dei ønsker funksjonelt samiskspråklege søkarar i yrka som utdanningane som har kvotar, fører til. Dette tilseier at det berre er dei som har samisk som førstespråk eller andrespråk nivå 2 frå grunnskulen eller vidaregåande opplæring som bør få opptak i kvota. Grunngevinga er at dei som tek samisk nivå 3 og 4, ikkje er funksjonelt samiskspråklege. Søkarar som har bestått 60 studiepoeng i samisk som morsmål frå universitet eller høgskule, er derimot funksjonelt samiskspråklege og bør framleis få opptak i kvota.

Eit argument for å endra vilkåra for samisk kvote slik at ho berre gjeld for søkarar med samisk førstespråk og andrespråk nivå 2 frå grunnskule eller vidaregåande opplæring¹⁶ er at det vil gi insentiv for elevane til å velje samisk som førstespråk eller andrespråk nivå 2, noko som vil gjere søkarane funksjonelt tospråklege. Dette kan på lengre sikt gi auka samisk språkkompetanse i samfunnet. Tiltaket er i samsvar med formålet med kvoten om å utdanne personar som i møte med den samiske befolkninga både kan snakke og skrive slik at dette blir forstått av brukargruppa. I samsvar med lærarplanen for samisk som andrespråk i vidaregåande opplæring er elevar på nivå 3 og 4 ikkje «funksjonelt samiskspråklege». Departementet meiner derfor dei ikkje skal kunne få opptak i denne kvoten.

Eit argument mot å innskrenke vilkåra er at det kan føre til at færre elevar tek samisk 3 og 4 viss kvoten har vore ei medverkande årsak og ein ikkje har hatt føresetnader for å ta andrespråk samisk 2. Ut frå formålet med kvoten meiner departementet at vilkåra for kvoten likevel bør endrast.

Departementet foreslår derfor at berre søkarar med samisk som førstespråk og andrespråk nivå 2 frå grunnskulen eller vidaregåande opplæring og søkarar med bestått 60

¹⁶ Og dessutan søkarar som har bestått 60 studiepoeng i samisk som morsmål frå universitet eller høgskule.

studiepoeng i samisk som morsmål frå universitet eller høyskule, skal kunne konkurrere i kvoten for søkarar med samisk språkkompetanse, sjå forslaget § 5-8 første og fjerde ledd.

Rekkefølge opptak samisk kvote

Dagens kvoterekkefølge inneber at kvoten for søkarar med samisk språkkompetanse blir først fylt. Argument for å endra dagens rekkefølge er at kvoten i dag blir fylt med dei samiskspråklege som har det beste vitnemålet, og som mest sannsynleg kunne konkurrert seg inn på studiet uavhengig av kvoten. Ved å fylla kvoten sist, slik at samiske søkarar som uansett hadde kome inn på studiet, ikkje opptek plass i kvoten, vil kvoten verke etter hensikta og resultere i at fleire studentar på studiet er funksjonelt samiskspråklege. Ei endring i rekkefølga vil derfor truleg føre til at fleire med samisk språkkompetanse kjem inn på studium der det er slike kvotar, noko som igjen kan gi insentiv til å velje samisk i grunnopplæringa. Dette vil gi ei anna kvoterekkefølge enn for andre kvotar, men departementet meiner dette er riktig då samisk står i ei særstilling og det er uheldig dersom kvoten reelt sett fungerer som ei øvre grense. Departementet meiner det ikkje samstundes er nødvendig med ein generell auke av dei samiske språkkvotane. Det kan likevel vere behov for å endre kvotestørleiken på einskilte studium dersom antalet studieplassar har auka utan at kvotestørleiken har blitt auka tilsvarande. Departementet vil vurdere behovet for å auke einskilte kvotar i dialog med Universitet i Tromsø – Noregs arktiske universitet og Sametinget. Departementet visar til forslaget § 5-8 andre ledd. Forslagets tredje ledd inneheld ei oppstilling av dei kvotane vi har i dag for søkarar med samisk språkkompetanse.

Departementet foreslår også å innføre poeng for samisk som førstespråk i vidaregåande opplæring, sjå punkt 7.5. Ved opptak til studium der det er kvote for søkarar med samisk språkkompetanse, vil ikkje samisk som førstespråk i vidaregåande opplæring gi tilleggspoeng.

7.6.2.3 Regionale kvotar

Det største talet på eksisterande spesielle kvotar finn vi ved Universitet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, som har hatt kvotar for søkarar frå Nord-Noreg¹⁷ sidan rett etter opprettinga av universitetet i 1968. Formålet med kvotane følger av grunnlaget for å opprette universitetet, som er å sikre den nordlege delen av landet betre tilgang til høgare utdanning, og å sikre rekruttering til landsdelen.

Regjeringa gjekk i opptaksmeldinga inn for å føre vidare spesielle kvotar for søkarar med tilknytning til Nord-Noreg. Også Stortinget gav tilsegna si til ei slik vidareføring ved behandlinga av meldinga, jf. Innst. 378 S (2023-2024).

Regionale kvotar kan bidra til å halde oppe busettinga i ein region og sørge for at arbeidslivet får dekt kompetansebehova sine. Det gjeld ikkje berre i nord, det er mellom anna ei utfordring med tilgangen til tilstrekkeleg fagkompetanse, til dømes, veterinærar i distrikta, jf. Meld. St. 20 (2023–2024) punkt 3.3.2. Men det er langvarige, særeigne utfordringar med busetting og kompetanse i Nord-Noreg samanlikna med resten av landet,

¹⁷Nord-Noreg består av fylka Nordland, Troms og Finnmark

og fram til i dag er regionale kvotar berre brukt for søkarar frå denne regionen. Desse kvotane går ikkje fram av opptaksforskrifta, men departementet foreslår no at dei blir forskriftsfesta.

Departementet foreslår ei ny føresegn om regionale kvotar som også opnar for å innføre regionale kvoter for andre deler av landet så lenge det er i samsvar med EØS-avtalen.

Noreg er gjennom EØS-avtalen ein del av den indre marknaden i EU med fri rørsle av varer, kapital, tenester og personar. Gjennom EØS-avtalen har Noreg forplikta seg til å sørge for at restriksjonar på grenseoverskridande handel og verksemd blir fjerna. Dette betyr mellom anna at EØS-borgarar har omfattande sosiale og økonomiske rettar i andre EØS-land. Ved motstrid går rettane etter EØS-lova framfor andre nasjonale lover. EØS-avtalen med tilhøyrande rettsakter kan gi rett til rørslefridom på fleire grunnlag, og dette er ikkje berre avgrensa til arbeidstakarar og andre økonomisk aktive personar, men kan også gjelde søkarar/studentar.

Regionale kvotar kan bidra til å halde oppe busettinga i distrikt og sørge for at arbeidslivet får dekt kompetansebehova sine. I sak E-3/05, ESA mot Noreg, slo Efta-domstolen fast at regionalpolitiske mål om å hindre at eit område blir avfolka, kan vere eit legitimt omsyn som kan grunngi restriksjonar.

Det berande formålet for dei regionale kvotane er busettinga i regionane, som mellom anna avheng av at det finst arbeidsplassar og tilstrekkelege fagressursar til at behovet til befolkninga, til dømes helsetenester, blir ivaretekne.

Omsynet til å sikre eit høgt utdanningsnivå i befolkninga er også anerkjent som eit legitimt omsyn.¹⁸ Regionale kvotar kan vere eit eigna tiltak til å sikre vidare busetting og nødvendig fagkompetanse. Nødvendigheita av regionale kvotar, og storleiken på kvotane, må vurderast konkret for kvart enkelt studium der dette er aktuelt.

Ein må sjå på om regionale kvotar er nødvendige for å vareta formålet om å sikre busetting og tilstrekkeleg kompetanse i eit nærare definert område, eller om dette kan sikrast på ein tilstrekkeleg god måte gjennom mindre inngripande tiltak. Gitt at dei regionale kvotane inneber at personar som oppfyller tilknytingskravet for å vere omfatta av kvoten blir gitt ein fordel framfor personar som ikkje blir omfatta av kvoten, må det bli stilt nokså strenge krav til nødvendigheita av tiltaket. Dette gjeld særleg på studium der karakterskilnaden mellom dei som blir tekne inn på kvoten, og andre søkarar er særleg stor.

Departementet foreslår at når særskilde tilhøve gjer det ønskeleg, og det er i samsvar med EØS-avtalen, kan departementet fastsetje kvotar på einskilde studium for søkarar med ei nærare bestemd regional tilknytning for å sikre eit visst antal studentar med denne tilknytninga er representert på studiet og i yrket studiet fører til, jf. § 5-9 første ledd.

¹⁸C-830/18, PZ mfl., para. 40.

I forslaget § 5-10 andre ledd er det lista opp dei regionale kvotane som gjeld i dag ved Universitet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, og som departementet foreslår å føre vidare. Dagens storleik på kvotane går fram av vedlegg III til forskrifta.

Krava for å kunne bli teken opp i ei regional kvote følger i dag ikkje av opptaksforskrifta, men departementet foreslår å ta dette inn i ny forskrift. I dag har det vore mogleg for søkarar å få opptak til dei spesielle kvotane ved UiT viss dei har budd i Nord-Noreg dei 10 siste åra. Viss ikkje dette kravet er oppfylt kan søkaren likevel konkurrere i kvoten viss minst tre av fem vilkår er oppfylte:

1. bestått vidaregåande opplæring i Nord-Noreg, med vitnemål eller fag- eller sveinebrev
2. vitnemål frå grunnskuleopplæring i Nord-Noreg
3. budd i Nord-Noreg minst 10 år totalt
4. minst ein av foreldra bur og har budd i Nord-Noreg dei siste 10 år
5. mors bustad i Nord-Noreg då søkaren blei født.

Dei to siste vilkåra meiner departementet ikkje er av ein slik karakter at dei tilseier at søkaren har ei tilstrekkeleg tilknytning til regionen som gjer at vedkommande bør falle inn under ordninga. For å kunne bli teken opp i regional kvote, skal søkaren, slik som i dag, dokumentere regional tilknytning med ein bustadsattest, og eventuelt adressehistorikk i tillegg, frå Skatteetaten. Den skal vise at søkaren har budd i den aktuelle regionen dei siste ti åra, og framleis er busett der. Viss søkaren ikkje har budd i regionen dei 10 siste årene, kan vedkommande likevel konkurrere i kvoten viss han eller ho kan dokumentere å oppfylle minst to av tre vilkår. Dei tre vilkåra er at

1. søkaren må ha bestått vidaregåande opplæring i den aktuelle regionen med vitnemål eller fag- eller sveinebrev,
2. fått vitnemål frå grunnskuleopplæring i regionen og
3. budd i regionen minst 10 år totalt.

7.6.2.4 Kvotar for sikre eit visst antal studentar av begge kjønn (kjønnsnøytrale kvotar)

Regjeringa gjekk i opptaksmeldinga inn for å innføre kjønnsnøytrale kvotar på studium der det er skeiv kjønnsamansetning i staden for å føre vidare bruken av kjønnspoeng. Stortinget gav tilsegn til forslaget ved behandlinga av meldinga, Innst. 378 S (2023-2024).

Kjønsskilnaden i høgare utdanning kjem i hovudsak av at fleire kvinner enn menn søker opptak til studium ved universitet og høgskular. I dag er det rundt 60 prosent kvinner og 40 prosent menn i høgare utdanning. Kjønsskilnadene i utdanningssystemet oppstår tidleg og kjem mellom anna til syne ved at det er fleire jenter enn gutar som søker seg til studieførebuande utdanningsprogram i vidaregåande opplæring. På einskilte studium er det ein klar overrepresentasjon av menn, medan det på andre studium er ein klar overrepresentasjon av kvinner. Dette resulterer i at den allereie kjønnsdelte arbeidsmarknaden vi har i dag, held fram med å vere kjønnsdelt.

Eventuelle tiltak for å få ein betre kjønnsbalanse må vurderast opp mot det juridiske handlingsrommet som følger av likestillings- og diskrimineringslova. Formålet med særbehandlinga må vere å kompensere for ein dårlegare utgangsposisjon og motverke eller jamne ut skilnader slik at personane tiltaket gjeld, får dei same moglegheitene som andre.¹⁹ Det er dermed ein grunnføresetnad at ei gruppe eller enkeltindivid reelt får dårlegare moglegheiter enn andre i samfunnet dersom særordninga blir borte.²⁰ Det er lagt til grunn at positiv særbehandling ikkje kjem i konflikt med forbodet mot forskjellsbehandling i Grunnlova § 98, såframt forskjellsbehandlinga ikkje går lenger enn det som er sakleg og forholdsmessig for å oppnå reell likestilling.²¹ For at positiv særbehandling skal vere lov, må det derfor vere barrierar som hindrar personar i den underrepresenterte gruppa i å få dei same moglegheitene som andre. Sjølv om barrierar ofte gir seg utslag i underrepresentasjon, er ikkje underrepresentasjon åleine nødvendigvis nok til å legitimere særtiltak dersom det ikkje kan påvisast at det underrepresenterte kjønnet blir hindra av barrierar eller ulemper.

Departementet legg til grunn at det skal vere mogleg å særbehandle positivt ved opptak til høgare utdanning gitt at særbehandlinga er i samsvar med likestillings- og diskrimineringsregelverket. Departementet foreslår i samsvar med opptaksmeldinga å innføre kjønnsnøytrale kvotar, der ein viss prosentdel av studieplassane blir sett av til begge kjønn²². Dersom det er påvist kjønnskilnader innan ein sektor eller ei yrkesgruppe som kvoteordninga er meint å kompensere for, vil kjønnsnøytrale kvotar vere ei mindre radikal form for særbehandling enn kvote for eitt kjønn fordi det blir sikra at begge kjønn blir representerte opp til eit visst nivå.

I praksis vil dette få den konsekvensen at på eit studium der det er stor kjønnsubalanse og ønskeleg med kjønnsnøytrale kvotar, vil ein fylle desse kvoteplassane først (slik det skjer i dei andre spesielle kvotane vi har i dag) for å sikre eit visst minimum av begge kjønn. Så vil dei resterande plassane bli fordelt i samsvar med dei ordinære rangeringsreglane.

I opptaksmeldinga blei det lagt til grunn at dei kjønnsnøytrale kvotane normalt ikkje bør settast høgare enn at kvart kjønn skal vere representert med minst 20 prosent på studiet. Det er dette som skal vere utgangspunktet ved bruk av kjønnsnøytrale kvotar, men departementet meiner at det for visse studium der det er spesielt viktig at det er ein jamnare kjønnsrepresentasjon mellom studentane og i yrket studiet fører til, kan ei høgare prosentgrense bli vurdert. Dette gjeld spesielt på einskilde utdanningar der menn er underrepresenterte, slik som ved helseutdanningar som psykologi, medisin og sjukepleiarstudiet.

¹⁹Ot.prp. nr. 33 (2004–2005) s. 118 og Prop. 81 L (2016–2017) s. 174

²⁰Ot.prp. nr. 44 (2007–2008) s. 254

²¹Prop. 81 L (2016–2017) s. 165

²² I Noreg er juridisk kjønn delt opp i to kjønnsmarkørar, kvinne og mann. Lov 17. juni 2016 nr. 46 om endring av juridisk kjønn definerer juridisk kjønn som «det kjønnet en person er registrert med i folkeregisteret».

Departementet foreslår i § 5-10 at når særskilte omstende gjer det ønskeleg, og vilkåra i likestillings- og diskrimineringslova om positiv særbehandling er oppfylt, kan departementet fastsetje kjønnsnøytrale kvotar på einskilte studium for å jamne ut skilnader, oppnå meir likestilling mellom kjønna og sikre at eit visst antal studentar av begge kjønn er representert på studiet og i yrket studiet fører til.

7.6.2.5 Andre spesielle kvotar

Som nemnt i punkt 7.6.1.1, har departementet fastsett andre spesielle kvotar, i tillegg til dei regionale kvotane ved Universitet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, der særskilte omstende gjer det ønskeleg med spesielle kvotar. Dette har skjedd enten etter søknad frå universitet eller høgskule, eller på departementet sitt eige initiativ.

Departementet foreslår å føre vidare desse spesielle kvotane, og at dei blir forskriftsfesta, sjå forslaget § 5-11.

Regjeringa gjekk i opptaksmeldinga inn før å føre vidare spesielle kvotar for søkarar med minoritetsbakgrunn. Også Stortinget gav tilsegna si til ei slik vidareføring ved behandlinga av meldinga, Innst. 378 S (2023-2024).

Handlingsrommet for å bruke kvotar for minoritetar må vurderast opp mot likestillings- og diskrimineringslova. Likestillings- og diskrimineringslova § 11 opnar for positiv særbehandling på grunn av etnisitet, såframt særbehandlinga er eigna til å fremje likestilling og hindre diskriminering, den er forholdsmessig og stansar når formålet er nådd. Som ei oppfølging av EF-traktaten artikkel 13 vedtok EU-rådet 29. juni 2000 eit direktiv om gjennomføring av prinsippet om likebehandling uavhengig av rase eller etnisk opphav (rådsdirektiv 2000/43/EF). Direktivet er gjort til del av norsk rett gjennom likestillings- og diskrimineringslova.

I visse tilfelle er det ønskeleg å kunne særbehandle minoritetar for å oppnå større grad av likestilling mellom majoritetsbefolkninga og minoritetsbefolkninga på eit overordna nivå. Dette kan jamne ut strukturelle skilnader i samfunnet og bidra til at det over tid oppstår ønskte endringar i samfunnsstrukturar og mindre diskriminering av individ. Men ei slik særbehandling er berre tillate overfor grupper og enkeltindivid som elles ville hatt svakare reelle moglegheiter i samfunnet og når det er ei sakleg og rimeleg grunn for det. Spørsmålet blir så om det er eit rimeleg tilhøve mellom det ein ønsker å oppnå og kor inngripande forskjellsbehandlinga er for den eller dei som blir stilt dårlegare.

Departementet meiner at spesielle kvotar for søkarar med minoritetsbakgrunn kan brukast der vilkåra i likestillings- og diskrimineringslova er oppfylte, jf. forslaget § 5-11 andre ledd bokstav d.

Når det gjeldalle dei spesielle kvotane som blir regulert i forslaget § 5-11, følger det av forslagets tredje ledd at det er institusjonen som fastset korleis søkaren må dokumentere tilhøyrse til kvotane i denne føresegna.

7.6.3 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å føre vidare heimelen for å fastsetje spesielle kvotar, sjå forslaget til § 5-9
- å føre vidare kvotar for søkarar med samisk språkkompetanse, men avgrensa til søkarar som har teke samisk som førstespråk eller samisk som andrespråk nivå 2 i grunnskulen eller i vidaregåande opplæring eller som har fullført og bestått årsstudium i samisk som morsmål, sjå forslaget til § 5-10
- å endre kvoterekkefølga for samisk kvote slik at samisk kvote fyllast sist, sjå til forslaget § 5-10 andre ledd
- føre vidare regionale kvotar, inkludert å opne for at regionale kvotar også kan brukast i andre område enn i Nord-Noreg, og at dette går fram av forskrifta, sjå forslaget til § 5-11
- å avvikle ordninga med tilleggspoeng til det underrepresenterte kjønn (kjønnsपोeng) og innføre bruk av kjønnsnøytrale kvotar på aktuelle studium med stor kjønnsbalanse, sjå forslaget til § 5-12
- få øre vidare andre spesielle kvotar, og at kva kvotar det gjeld går fram av forskrifta, sjå forslaget til § 5-13.

7.7 Rangerande opptaksprøvar

7.7.1 Gjeldande reglar

I opptaksforskrifta § 7-14 er det reglar om rangerande opptaksprøvar. Med «opptaksprøver» blir her sikta til vanlege prøver og andre former for å testa søkarars ferdigheiter og kunnskapar, som innlevering av arbeid. Rangerande opptaksprøve vil seie at opptaksorganet bruker opptaksprøven som ein måte å rangere søkarane på. Opptaksforskrifta opnar for at dei studia som etter forskrifta kan ha krav om opptaksprøve, kan rangere søkarar på éin av følgande måtar: (1) etter vanlege rangeringsreglar, (2) etter opptaksprøven åleine eller (3) på grunnlag av vanlege rangeringsreglar og opptaksprøve i kombinasjon. I rundskrivet til forskrifta, rundskriv F-02-24, er det fastsett kva studium som kan nytte opptaksprøvar som høvesvis einaste grunnlag og supplerande grunnlag for rangering. I andre tilfelle kan opptaksprøva berre vere kvalifiserande og ikkje bli brukt som rangeringsgrunnlag.

Rundskrivet opnar for at det kan rangerast ut frå opptaksprøve i kombinasjon med karakterpoeng osv. mellom anna ved opptak til faglærarutdanning i musikk, einskilde arkitekturstudium, luftfart og einskilde studium innan media og design. Dette blir gjennomført ved at bestått opptaksprøve over eit visst nivå gir tilleggspoeng. Kvar enkelt institusjon fastset kor mange tilleggspoeng opptaksprøvar kan utgjere og kva som gir tilleggspoeng.

Rundskrivet opnar også for at det kan rangerast på grunnlag av opptaksprøvar åleine for nokre studium. Dette gjeld i hovudsak kunst- og designstudium, men også til dømes bachelor i tolking i offentleg sektor.

7.7.2 Departementets vurdering

7.7.2.1 Innleiing

Det følger av opptaksmeldinga at regjeringa vil «sjå på tiltak for å etablere fleire lokale opptaksprøvar for å rangere søkarane ved studium med stor konkurranse om plassane og høge poenggrensar, i dialog med institusjonane». I tillegg blir det varsla at regjeringa i arbeidet med ei ny opptaksforskrift vil «vurdere om det er mogleg å gi institusjonane noko større rom for å nytte unntaksordningar utan søknad til departementet.»

Departementet har vurdert to kategoriar av rangerande opptaksprøvar: (1) Rangerande opptaksprøvar som einaste rangeringsgrunnlag og (2) rangerande opptaksprøve i kombinasjon med karakterpoeng.

7.7.2.2 Rangerande opptaksprøvar som einaste rangeringsgrunnlag

For opptaksprøvar som einaste rangeringsgrunnlag, har departementet vurdert to alternativ.

Alternativ 1 er å føre vidare dagens reglar slik at dei institusjonane som i dag har opptaksprøvar som einaste rangeringsgrunnlag, framleis kan ha det og at institusjonar som ønsker å innføre opptaksprøve som einaste rangeringsgrunnlag, må søke departementet om dette.

Alternativ 2 er å opne for at alle utdanningar innan kunst og design kan ha opptaksprøvar som einaste rangeringsgrunnlag utan å måtte søke departementet. For andre utdanningar vil institusjonar etter dette alternativet framleis kunne innføre opptaksprøve som einaste rangeringsgrunnlag etter søknad til departementet.

Alternativ 1 gir departementet høve til å styra utviklinga og sikre at rangering på grunnlag av karakterar framleis skal vere hovudregelen. Med alternativ 2 vil det vere ein risiko for å «vatne ut» hovudregelen om rangering på grunnlag av karakterar, særleg ettersom det kan vere krevjande å finna fram til ei tydeleg innramming i forskrifta av kva studium som skal vere omfatta av «kunst- og designfag». Dersom dette skal bli opp til institusjonane å vurdere kan det vere ein risiko for at opptaksprøvar som einaste rangeringsgrunnlag blir tekne i bruk utover det departementet har meint å opne for.

Alternativ 2 inneber krav til søknadsbehandling i færre tilfelle enn alternativ 1. For dei utdanningane der det er ønskeleg med opptaksprøve som einaste rangeringsgrunnlag, vil det ofte også vere ønskeleg at opptaksprøven skal vere kvalifiseringsgrunnlag i staden for GSK. Ettersom departementet ikkje foreslår å opne for unntak frå GSK utan søknad til departementet (sjå punkt 5.2), vil alternativ 2 likevel ikkje føre til særleg mykje mindre ressursbruk i departementet og HK-dir.

Departementet foreslår å føre vidare opptaksprøve som einaste rangeringsgrunnlag som ei søknadsbasert ordning, altså alternativ 2. På kva studium det kan brukast rangerande opptaksprøve som einaste rangeringsgrunnlag, er avgjerande for rettar og pliktar. Departementet foreslår derfor å fastsetje dette i forskrift, og ikkje berre i rundskriv, slik som i dag.

Departementet foreslår fleire språklege endringar i nemningane på studium som har fått innvilga opptaksprøve som einaste rangeringsgrunnlag.

Departementet ber institusjonane som har slike prøvar, gå gjennom lista i forslaget til § 5-13 og gi oss tilbakemelding på om nemninga av dei ulike studia/fagområda framleis er riktig. Vi ber særleg om tilbakemelding frå Høyskolen Kristiania på om det blir riktig å bruke «studium i dans» om studia som tidlegare var tilbodne ved Norges dansehøyskole og som no blir tilbodne ved Høyskolen Kristiania.

7.7.2.3 Rangerande opptaksprøve i kombinasjon med karakterpoeng

Departementet har vurdert om forskrifta skal opne for at alle institusjonar som ønsker det, kan innføre rangerande opptaksprøvar som supplement til karakterbasert opptak utan å måtte søke departementet, og at det skal vere opp til institusjonen korleis opptaksprøven skal vektast. Dette vil i størst grad opne for bruk av rangerande opptaksprøvar lokalt. Samstundes kan det vere ein risiko for at institusjonane tek i bruk opptaksprøvar på ein slik måte at det i realiteten set karakterpoenga til side. Departementet meiner det ikkje bør opnast for bruk av supplerande rangerande opptaksprøvar utan noka form for regulering av kor mykje resultata frå prøva skal telje i rangeringa.

Departementet foreslår i staden at det blir opna for at institusjonane kan ta i bruk tre modellar for opptaksprøvar utan å måtte søke departementet. Departementet går ut frå at dei tre modellane vil vere tilstrekkeleg for dei fleste institusjonar som ønsker å bruke opptaksprøvar som supplerande rangeringsgrunnlag. Departementet foreslår derfor å ikkje føre vidare reglane i forskrift og rundskriv om spesifikke studium der det kan brukast opptaksprøvar på grunnlag av opptaksprøve og vanlege rangeringsreglar.

Modell 1: Kvote for opptaksprøve som rangeringsgrunnlag

Denne modellen inneber at inntil 20 prosent av plassane kan fordelast basert på rangering frå opptaksprøve. Alle søkarar må då bli tilbodne å ta opptaksprøve. Det vil vere opp til søkarane om dei vil ta opptaksprøve og dermed konkurrere i begge kvotane.

Modell 2: Opptaksprøve som rangeringsgrunnlag over eit visst antal skulepoeng

Denne modellen inneber at opptaksprøve kan brukast som rangeringsgrunnlag for utdanningar med høg konkurranse, der søkarar har svært høge skulepoeng²³. Institusjonen kan då velje at søkarar med skulepoeng over eit visst nivå, konkurrerer om studieplassane med poengsummen frå den rangerande opptaksprøva. Departementet foreslår at nivået blir sett til 55 skulepoeng.

For at det skal vere formålstenleg å bruke denne modellen må poenggrensa²⁴ for opptak ligge over 55 skulepoeng. Institusjonane må la alle over dette nivået ta opptaksprøve. Dersom det er ønskeleg å gjennomføre prøven før karakterane frå vidaregåande opplæring er klare, kan eventuelt alle søkarar få ta opptaksprøva. Viss karaktersnittet for opptak det

²³ Skulepoeng er karakterpoeng + poeng for realfag og samisk frå vidaregåande opplæring, jf. forslaget § 5-5. Karakterpoeng er gjennomsnittet av karakterane frå vidaregåande gonga med 10.

²⁴ Det blir sikta til den lågaste skulepoengsummen som kom inn i opptaket.

aktuelle året blir lågare enn innslagspunktet, vil alle over det aktuelle nivået få opptak og søkarar under det aktuelle nivået rangerast ut frå vanlege rangeringsreglar.

Modell 3: Opptaksprøve som rangeringsgrunnlag i kombinasjon med poeng der poenga veg tyngst

Denne modellen inneber at opptaksprøve kan brukast i kombinasjon med poeng som grunnlag for rangering under føresetnad av at poenga veg tyngst. Det vil vere opp til kvar enkelt institusjon korleis opptaksprøven skal brukast i rangeringa. Det kan til dømes bli gjort ved å gi tilleggspoeng for bestått opptaksprøve over eit visst nivå. Talet på tilleggspoeng for opptaksprøve må ikkje vere så høgt at det reelt sett veg tyngre enn karakterpoeng og andre poeng etter opptaksforskrifta. Det vil seie at tilleggspoeng for bestått opptaksprøve maksimalt kan vere høgare enn 62 poeng.

Dei tre modellane har ulike formål. Modell 1 opnar for større mangfald ved at også søkarar utan så gode karakterar får eit høve til opptak. Modell 2 er mest aktuell for studium med stor oversøking og høgt karakterkrav, og kan bidra til å redusere behovet for at elevar tek opp fag der dei allereie har svært gode karakterar. Det vil vere opp til kvar enkelt institusjon kva modell dei vil ta i bruk for ulike studium. Institusjonane kan også velje å ha ein kombinasjon av dei to modellane ved å ha ein kvote for rangering på grunnlag av opptaksprøve over eit visst karakternivå. Modell 3 er meint å omfatte dei studia kor det i rundskriv F-02-24 er fastsett at kvalifiserte søkarar blir rangerte på grunnlag av ein kombinasjon av ordinær rangering etter forskrifta og tilleggspoeng for bestått opptaksprøve på eit visst nivå, etter reglar fastsette av institusjonen.

Departementet ber om innspel til innretninga av dei tre modellane, til dømes kor stor kvote det bør tillatast i alternativ 1 og kva poenggrensa bør vere i alternativ 2.

Departementet ber også om innspel på om det bør bli opna for andre former for opptaksprøvar utan søknad til departementet.

7.7.2.4 Utforming og gjennomføring av opptaksprøvar

Bruk av opptaksprøvar kan gjere at studium ikkje er like tilgjengelege for søkarar frå heile landet. Nokon typar opptaksprøvar kan bli gjennomført digitalt eller gjennom innsende arbeid, medan andre prøvar nødvendigvis må bli gjennomført fysisk. Departementet meiner institusjonane er nærast til å vurdere korleis ei opptaksprøve kan bli gjennomført, men at institusjonane i utforming og gjennomføring av opptaksprøvar må ta omsyn til at studiet reelt sett skal vere ope for søkarar frå heile landet. Departementet foreslår eit krav om dette i forskrifta.

7.7.3 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å føre vidare dagens reglar om rangerande opptaksprøvar som einaste rangeringsgrunnlag, dvs. at dei institusjonane som i dag har opptaksprøvar som einaste rangeringsgrunnlag, framleis kan ha det og at institusjonar som ønsker å innføre opptaksprøve som einaste rangeringsgrunnlag, må søke departementet om dette, sjå forslaget til § 5-14 tredje ledd

- å opne for at alle institusjonane som ønsker det, kan ta i bruk tre modellar av rangerande opptaksprøvar som supplement til karakterbasert opptak utan å måtte søke departementet, så forslaget til § 5-13 andre ledd
- å innføre eit krav om at institusjonane i utforming og gjennomføring av slike opptaksprøvar må ta omsyn til at studiet reelt sett skal vere ope for søkarar frå heile landet, sjå forslaget til § 5-13 fjerde ledd
- at institusjonar som ønsker andre former for rangerande opptaksprøvar enn det som følger av første og andre strekpunkt, framleis må søke departementet om det, sjå forslaget til § 5-13 første ledd.

Departementet ber institusjonane som står oppførte i forskriftsforslaget med opptaksprøve som einaste rangeringsgrunnlag, om å gi tilbakemelding dersom dei ikkje lenger nyttar dette, eller dersom nemninga på studium/fagområde som er nytta i forskriftsforslaget, ikkje er dekkande for dei studia dei har fått innvilga slik opptaksprøve.

7.8 Rangering på grunnlag av særskild vurdering

7.8.1 Gjeldande rett

Særskild vurdering for søkarar med generell studiekompetanse er regulert i opptaksforskrifta § 7-13. Dei søkarane som meiner at karaktervurderingane dei har fått i den vidaregåande opplæringa ikkje reflekterer ferdigheitene og kunnskapane dei faktisk har i eitt eller fleire fag, kan søke om å bli rangert på grunnlag av særskild vurdering.

For å kunne bli rangert på grunnlag av særskild vurdering etter § 7-13 må søkaren sjølv dokumentere

- at karakterane frå vidaregåande opplæring ikkje gir eit korrekt bilete av den faktiske kunnskapen på tidspunktet karakteren(-ane) blei sett
- at søkaren ikkje har fått den tilrettelegginga i vidaregåande opplæring som skulle vege opp for det aktuelle omstendet
- at søkaren ikkje har fått ei korrekt vurdering i vidaregåande opplæring, men er på eit høgare fagleg nivå enn karakteren viser, og at dei faktiske kunnskapane og ferdigheitene er likeverdige med kunnskapane og ferdigheitene til søkarar som får opptak til det aktuelle studiet etter dei vanlege opptaksreglane.

Det følger av opplæringsforskrifta §§ 9-15 og 9-16 at det er elevens kompetanse i faget som ligg til grunn for vurdering og fastsetting av karakterar i vidaregåande opplæring. Det er faglæraren som fastsett standpunktkarakter, jf. opplæringsforskrifta § 9-16.

Standpunktkarakterane skal gi uttrykk for den samla kompetansen deltakaren har i faget ved avslutning av opplæringa. Dette betyr at standpunktkarakterane til eleven ikkje er eit resultat av ein enkeltstående eksamen eller prøve, men ein karakter som er basert på ein vurdering som har føregått i ein periode.

Elevar med ulike utfordringar har rett til individuell tilrettelegging i grunnskulen og i vidaregåande opplæring slik at dei kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa. I opplæringsforskrifta § 9-34 er det reglar om særskild tilrettelegging av eksamen for elevar

som treng dette for å få vist kompetansen sin i faget. I opplæringsforskrifta § 9-36 er det fastsett at elevar som har dokumentert fråvær ved eksamen, har rett til å gå opp til første etterfølgande eksamen. Elevane har klagerett på både eksamenskarakterar og standpunktkarakterar.

I opptaksforskrifta § 5-1 er det reglar om opptak på visse vilkår. Det følger av føresegna at elevar kan få opptak dersom dei hadde dokumentert fråvær på eksamen på vilkår av at dei gjennomfører og består eksamen første semester etter opptak (sjå punkt 5.3).

7.8.2 Departementets vurdering

Tal frå Samordna opptak viser at 1010 personar søkte opptak på grunnlag av opptaksforskrifta § 7-13 i 2023, noko som var ein nedgang frå 1349 i 2019. Av dei 1010 søkarane var det 34 som hadde eit grunnlag for særskild vurdering. 17 søkarar fekk ein tilbodsgaranti etter vurderinga, og av desse ville 11 fått tilbod om opptak også utan særskild vurdering. Oppsummert viser det at regelen berre hadde sjølvstendig betydning for seks personar i 2023.

Føresegna om særskild vurdering er vanskeleg å praktisere i opptaket. For å kunne bli vurdert for rangering på særskild grunnlag må søkaren sjølv be om at den vidaregåande skulen stadfestar at eleven ikkje har fått den tilrettelegginga eleven skulle ha fått.

Opptaksutvalet skriv at det har vist seg vanskeleg for søkarane å få fram slik dokumentasjon, jf. NOU 2022: 17.

At ein saksbehandlar ved eit opptakskontor på eit universitet eller ein høgskule skal setje til side ein faglærars vurdering av ein elev, er uheldig. Departementet vurderer det slik at ordninga med rangering på grunnlag av særskild vurdering oppfattast som ein moglegheit for overprøving av dei vurderingane som er gjort i vidaregåande skule, og det blir sett på som ei klagemoglegheit i tillegg til den lovregulerte klageretten elevar har i vidaregåande opplæring. Dette har ikkje vore formålet.

Mange søkarar misforstår reglane, og dei legg ned mykje arbeid i å søke på feil grunnlag eller å be om dokumentasjon som dei ikkje kan få. Fleirtalet av dei få søkarane som til slutt blir rangert på dette grunnlaget, bruker særskild vurdering til å justere allereie gode karakterar, og det er eksamenskarakteren som blir justert. Ifølge Samordna opptak er det stort sett søkarar til studium med svært høge poenggrenser, som rettsvitenskap og medisin, som får gjennomslag på søknadane. Desse søkarane har allereie sær gode vitnemål. Samstundes skapar ordninga mykje jobb for opptakskontora. Departementet meiner at ressursbruken knytt til ordninga, både for den einskilde søkar og for samfunnet, ikkje er riktig, og at dei seks som faktisk får opptak på dette grunnlaget ikkje rettferdiggjer dei ressursane som blir brukt på handtering av ordninga.

Departementet meiner derfor at regelen om rangering på grunnlag av særskild vurdering ikkje bør føres vidare i ny opptaksforskrift, og foreslår at den blir oppheva.

7.8.3 Departementets forslag

Departementet foreslår å oppheve gjeldande § 7-13 om opptak på grunnlag av særskild vurdering.

8 Det samordna opptaket

8.1 Ansvar for det samordna opptaket

8.1.1 Gjeldande rett

Det er Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) som har ansvaret for det samordna opptaket. I dag er det slik at deltaking i det samordna opptaket er obligatorisk for statlege universitet og høgskular, medan dei private institusjonane sjølv vel om dei vil vere med eller ei. I opptaksmeldinga går det fram at organiseringa av det samordna opptaket i hovudsak ikkje skal bli endra. Regjeringa seier i meldinga at ho vil føre vidare ansvarsfordelinga og organiseringa av opptaket som i dag.

Ansvaret for det samordna opptaket er ikkje regulert i opptaksforskrifta.

8.1.2 Departementets vurdering

HK-dir har ei sær sentral rolle i gjennomføringa og samordninga av opptaket og i å utvikle systema som gjer at opptaket fungera godt. I tillegg har departementet delegert til HK-dir å forvalte opptaksforskrifta. Forvaltningsansvaret inneber arbeid med gjennomføring av forskrifta, rettleiing og informasjon om forskrifta, å svare på førespurnadar om regelverket, å vurdere eventuelle tiltak for å betre gjennomføringa og ansvar for å vurdere om det er behov for justeringar i regelverket o.l.²⁵

Departementet meiner det bør gå fram av opptaksforskrifta at HK-dir har ansvaret for det samordna opptaket. Departementet kan delegere oppgåver til HK-dir, og det er dermed ikkje nødvendig å pålegge HK-dir oppgåva i forskrift. Departementet meiner likevel oppgåva bør regulerast i forskrift mellom anna slik at det blir tydlegare kva oppgåver som gjer det nødvendig for HK-dir å behandle personopplysningar (sjå punkt 8.2). Dessutan meiner departementet ei slik forskriftsregulering vil gjere ansvarsfordelinga mellom HK-dir og institusjonane tydlegare.

Departementet foreslår derfor at det går fram av forskrifta at det er HK-dir som har ansvaret for å samordne opptak til grunnutdanningar i Noreg. Private institusjonar vel sjølve om dei vil vere knytte til det samordna opptaket. Reglane i opptaksforskrifta gjeld for opptaket til alle grunnutdanningar ved universitet og høgskular, uavhengig av om opptaket skjer som ein del av det samordna opptaket eller som lokalt opptak ved den einskilte institusjon.

²⁵ Verksemd- og økonomiinstruks for Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse for 2024.

8.1.3 Departementets forslag

Departementet foreslår å forskriftsfeste at HK-dir har ansvaret for å samordne opptaket til grunnutdanninger i Noreg, sjå forslaget til § 6-1.

8.2 Behandling av personopplysningar i opptaket

8.2.1 Gjeldande rett

Reglar for behandling av personopplysningar i opptaket er regulert i dagens forskrift § 10-1.

8.2.2 Departementets vurdering

Departementet foreslår ingen endringar i reglane om behandling av personopplysningar.

8.2.3 Departementets forslag

Departementet foreslår å føre vidare reglane om behandling av personopplysningar, sjå forslaget til § 6-2.

8.3 Nasjonale klagenemnd for opptak

8.3.1 Gjeldande rett

Hovudregelen i uhl. § 14-1 er at institusjonane si nemnd for studentsaker er klageinstans for klager på enkeltvedtak trefte av institusjonen, men departementet kan fastsetje at det skal vere ein annan klageinstans. Uhl. § 14-2 fastset at departementet kan opprette nasjonale klagenemnder som skal behandle klager på enkeltvedtak og andre avgjerder på bestemte områder. Departementet har oppretta ei nasjonal klagenemnd for opptak. Nasjonal klagenemnd for opptak er regulert i kapittel 8 i opptaksforskrifta.

I opptaksforskrifta § 8-1 er det regulert kva vedtak som skal behandlast av den nasjonale klagenemnda for opptak og kva vedtak som skal behandlast ved kvar institusjon. Den nasjonale klagenemnda er klageinstans berre for enkeltvedtak i det samordna opptaket. Dei private institusjonane kan sjølv velje om dei vil vere knyta til det samordna opptaket. Dersom dei ikkje er med i det samordna opptaket, behandlar dei klager over vedtak om opptak sjølv.

I opptaksforskrifta § 8-2 er det reglar om organiseringa av klagenemnda, samansetting og kompetansen til medlemmene og varigheita for oppnemninga. I § 8-2 er det reglar om avgjerder i klagenemnda.

8.3.2 Departementets vurdering

Reglane om klagenemnd er ikkje omtalt i opptaksmeldinga.

Departementet foreslår at alle klager over enkeltvedtak på grunnlag av reglane i den nasjonale forskrifta skal behandlast av den nasjonale klagenemnda, med unntak av dei

vedtaka som i dag er nemnde i opptaksforskrifta § 8-1 andre ledd. Der vedtaket er gjort etter forskrifta bør det vere same klageinstans uavhengig av om opptaket blir organisert i det samordna opptaket. Dette er ei endring frå i dag, ettersom klagenemnda i dag berre behandlar klager på vedtak i det samordna opptaket, og ikkje vedtak trefte av dei private institusjonane som ikkje er knytte til det samordna opptaket. Ei felles nasjonal klagebehandling vil sikre at reglane blir forstått på same måte og at søkarane blir behandla likt uavhengig av kva institusjon dei søker opptak på. Forståinga av dei nasjonale reglane vil då bli samordna på tvers av alle institusjonar. Departementet foreslår å ikkje føre vidare opptaksforskrifta § 8-1 andre ledd om at det ikkje kan klagast på vedtak i klagenemnda, då dette uansett følger av forvaltningslova.

Departementet foreslår å føre vidare at klage på vedtak om opptak på grunnlag av realkompetansevurdering og dispensasjon gjort av institusjonen, og klager på vurdering av spesielle opptakskrav som omfattar særskilde faglege føresetnader eller opptaksprøve etter særlege reglar fastsett av institusjonen, skal behandlast av nemnd for studentsaker ved den einskilte institusjon, jf. uhl. § 14-1.

Når det gjeld reglane i opptaksforskrifta § 6-4 og 6-5, er departementet i gang med eit arbeid med gå gjennom og samordne reglane for samansetting, kompetanse osv. for alle klagenemnder som departementet har ansvar for. Departementet tek sikte på å sende eit forslag på høyring i løpet av våren. Departementet foreslår å føre vidare reglane om den nasjonale klagenemnda for opptak inntil vidare.

8.3.3 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å føre vidare reglane om nasjonal klagenemnd for opptak, men at klagenemnda skal behandle saker for alle institusjonar som gjeld vedtak på grunnlag av reglane i forskrifta, sjå forslaget til § 6-3 første ledd
- å elles føre vidare reglane om klagenemnd med nokre språklege endringar, sjå forslaget til §§ 6-3 til 6-5.

9 Overgangsreglar

9.1 Gjeldande rett

I opptaksforskrifta kapittel 9 er det overgangsreglar. Reglane i §§ 9-1 og 9-3 skal sikre at søkarar som oppfyllte vilkåra for opptak eller unntak etter tidlegare ordningar, framleis skal vere kvalifisert for opptak. I § 9-2 er det ein omrekningstabell for søkarar med vitnemål frå norsk gymnas.

9.2 Departementets vurdering

Departementet foreslår å føre vidare overgangsreglane i dagens forskrift §§ 9-1 og 9-3, men å forenkle desse reglane betrakteleg. Departementet foreslår å forskriftsfeste at

vidaregåande opplæring og anna opplæring som tidlegare har gitt generell studiekompetanse, blir likestilt med generell studiekompetanse etter forskrifta. Ei slik generell føresegn kjem i staden for å liste opp alle tidlegare måtar å oppnå generell studiekompetanse på. Departementet meiner det er tilstrekkeleg at dette går fram av tidlegare regelverk, og at Samordna opptak har tilgjengeleg informasjon om dette.

Departementet foreslår å føre vidare overgangsreglar som viser til tidlegare utdanning som gir unntak frå GSK og tidlegare utdanning som oppfyller spesielle opptakskrav.

Departementet foreslår også å føre vidare reglar for oppfylling av norskkravet for søkarar med IB frå før 2021. Denne regelen er foreslått flytta frå kapittelet om kvalifisering for opptak til kapittelet om overgangsreglar.

Departementet foreslår å ikkje føre vidare § 9-2 om omrekning frå bokstavkarakterar til talkarakterar for søkarar med vitnemål frå norsk gymnas. Desse omrekningsreglane er no lite aktuelle ettersom gymnasa blei erstatta av vidaregåande opplæring ved lov 21. juni 1974 nr. 55 om vidaregåande opplæring. Departementet meiner at det er tilstrekkeleg at denne informasjonen går fram av rettleiing frå Samordna opptak dersom slik omrekning framleis er aktuell i nokre tilfelle.

Meir spesifikke overgangsreglar knytt til dei spesielle opptakskrava, er foreslått regulert i kapittel 4 i forskrifta.

9.3 Departementets forslag

Departementet foreslår

- å ikkje føre vidare reglar om omrekning frå bokstavkarakterar til talkarakterar for søkarar med vitnemål frå norsk gymnas
- å elles føre vidare overgangsreglar med betraktelege forenklingar, sjå forslaget til § 7-1
- overgangsreglar for nokre av endringane i den nye forskrifta, sjå punkt 10 og forslaget til § 7-2.

10 Iverksetting av ny forskrift

10.1 Generelt

I opptaksmeldinga varsla regjeringa at dei fleste forslag til endringar tidlegast skal tre i kraft frå 2027, men at regjeringa vil vurdere om nokre endringar bør tre i kraft tidlegare. Årsaka til at det blei lagt opp til at dei fleste endringane tidlegast skal tre i kraft frå 2027, er at det er viktig at framtidige søkarar blir kjende med opptaksreglane før dei skal velje fag i vidaregåande opplæring. Endringane i nivåkrav for opptak til lærar- og sjukepleiarutdanningane blei innført i lokalt opptak etter hovudopptaket til studieåret 2024–2025 og i ordinært opptak frå studieåret 2025–2026.

Departementet har vurdert når endringane som har noko å seia for val i vidaregåande opplæring bør tre i kraft, og om andre endringar skal tre i kraft samstundes eller seinare.

Dei forslaga som har betydning for val i vidaregåande opplæring, er særleg forslaga om endringar i reglane om tilleggspoeng for bestemde fag i vidaregåande opplæring (sjå punkt 7.5) og endringar i kven som kan konkurrere i kvote for samisk språk (sjå punkt 7.6.2.2). I tillegg kan forslaget om å heve aldersgrensa for dagens 23/5-ordning (sjå punkt 5.1.2.2) og forslaget om at ein ikkje skal kunne bli rangert på fleire grunnlag (sjå punkt 7.2), ha innverknad på kva fag den einskilde vel å ta i vidaregåande opplæring.

Sjølv om opptaksmeldinga blei lagt fram og behandla av Stortinget første halvår i 2024, legg departementet til grunn at endringane først blir gjort kjente for elevane når den nye forskrifta blir vedteken, dvs. sommar/haust 2025.

10.2 Tilleggspoeng i bestemde fag

Departementet foreslår i 7.4.2.2 å avvikle tilleggspoeng for framandspråk og naturbruk og halvere tilleggspoeng for realfag. Endringane vil ha betydning for dei som søker inntak til vg2 ettersom det er i vg2 elevane vel dei faga som i dag gir tilleggspoeng. Dersom endringane blir vedtekne sommar/haust 2025, kan elevane tidlegast innrette seg etter endringane ved inntak i vg2 til skuleåret 2026-2027. Departementet foreslår derfor at endringane i poeng for framandspråk, naturbruk og realfag først skal tre i kraft for opptaket til studieåret 2028-2029. Departementet foreslår at tilleggspoeng for søkarar med samisk som førstespråk trer i kraft frå same tidspunkt.

Departementet gjer merksam på at tilleggspoeng blir gitt i samband med berekninga av poengsummen til ein søkar ved opptak til høgare utdanning. Tilleggspoeng følger ikkje vitnemålet. Så dersom endringane i tilleggspoeng for bestemde fag trer i kraft for opptaket til studieåret 2028-2029, vil dei gjelde alle som søker opptak til høgare utdanning frå og med dette tidspunktet, uavhengig av kva reglar som gjaldt da dei fullførte vidaregåande opplæring.

10.3 Tilleggspoeng etter vidaregåande opplæring

Departementet foreslår i punkt 7.5.2.1 å avvikle tilleggspoeng for alder, høgare utdanning, fagskuleutdanning og folkehøgskule og å redusere talet på tilleggspoeng frå to til eitt for militær førstegongsteneste og sivilteneste.

Eitt skuleår på folkehøgskule er vanlegvis ni månadar frå august til mai. For at søkarar til folkehøgskular skal vere kjent med at folkehøgskule ikkje lenger gir tilleggspoeng når dei søker, meiner departementet at iverksettinga bør utsetjast med eitt år. Dersom endringane blir vedtekne sommar/haust 2025, vil det seie at endringane tidlegast kan tre i kraft for opptak til studieåret 2027-2028.

Når det gjeld høgare utdanning og fagskuleutdanning legg departementet til grunn at hovudmotivasjonen for å velje slik utdanning er den kompetansen utdanninga gir, og ikkje tilleggspoeng. Departementet meiner derfor at desse endringane kan tre i kraft for opptak til studieåret 2027-2028.

Når andre tilleggspoeng blir tekne bort, vil tilleggspoenga for militær førstegongsteneste og sivilteneste vere meir verdt sjølv om dei i tal blir halvert. Departementet meiner derfor

at det ikkje er behov for å utsetje iverksettinga av endringa for tilleggspoenga for militær førstegongsteneste og sivilteneste lenger enn for dei andre endringane om tilleggspoeng. Departementet meiner derfor at desse endringane kan tre i kraft for opptak til studieåret 2027-2028.

Alderspoeng er ikkje noko den einskilde kan innrette seg etter. Departementet kan derfor ikkje sjå at det er nødvendig å utsetje iverksettinga på grunn av dette. Endringa bør likevel tre i kraft samstundes med dei andre endringane om tilleggspoeng etter vidaregåande opplæring, altså for opptak til studieåret 2027-2028.

Departementet ønsker at dei ulike endringane skal tre i kraft så raskt som mogleg og foreslår derfor at endringane i tilleggspoeng etter vidaregåande opplæring skal tre i kraft frå opptaket til studieåret 2027-2028. Samstundes ser vi at det kan vere ein fordel å vente til opptaket til studieåret 2028-2029, slik at endringane trer i kraft likt som endringane i tilleggspoeng for bestemte fag i vidaregåande opplæring (sjå punkt 10.2). Departementet ber om innspel frå høyringsinstansane på når endringane i tilleggspoeng etter vidaregåande opplæring bør tre i kraft.

10.4 Kvote for søkarar med samiske språk

Forslaget i punkt 7.6.2.2 om endringar i kven som kan kvalifisere for å konkurrere i kvote for søkarar med samisk språkkompetanse, kan i prinsippet ha betydning allereie for val i grunnskulen. Departementet meiner likevel det er tilstrekkeleg å legge til rette for at dei som søkar inntak til vidaregåande opplæring kan innrette seg etter endringane. Dersom endringane blir vedtekne sommar/haust 2025, vil dei som søker inntak til vg1 til skuleåret 2026-2027 kunne innrette seg etter endringa. Departementet legg til grunn at endringane ikkje bør tre i kraft før desse elevane er ferdige med vidaregåande opplæring.

Departementet meiner derfor at desse endringane kan tre i kraft for opptak til studieåret 2029-2030.

10.5 Dobbeltrangering og 23/6-regel

Departementet foreslår i punkt 7.2 å ta bort moglegheita til å bli rangert på fleire kvalifiseringsgrunnlag (dobbeltrangering). I punkt 5.1.2.2 foreslår departementet å heve aldersgrensa for opptak på grunnlag av dei seks studiekompetansefaga. Departementet går ut frå at desse endringane kan få betydning for kva val søkarar gjer i førebuinga til å søke opptak til høgare utdanning.

Forslaga kan for det første få betydning for søkarar som ikkje har fullført og bestått vidaregåande opplæring, men som har sikta seg inn på opptak etter 23/5-regelen. Ettersom aldersgrensa blir foreslått auka med to år, meiner departementet det er tilstrekkeleg med ei to års utsetting for at desse søkarane skal kunne innrette seg. Dersom endringane blir vedtekne sommar/haust 2025, kan endringane tre i kraft frå opptaket til studieåret 2027-2028.

Forslaga kan også ha betydning for søkarar som har generell studiekompetanse med grunnlag i fullført og bestått vidaregåande opplæring, men som ønsker å bli rangert på eit

anna grunnlag fordi det vil vere ein fordel for dei i opptaket. Vidaregåande opplæring har alltid vore hovudvegen inn i høgare utdanning, og det har aldri vore intensjonen at søkarar skal kunne utkonkurrere søkarar frå vidaregåande opplæring ved å nytte eit anna kvalifiseringsgrunnlag for rangering. Departementet meiner derfor at det ikkje er nødvendig med ei ytterlegare utsetting for å ta omsyn til at søkarar som har fullført og bestått vidaregåande opplæring, kan ha hatt ei forventning å bli rangert på eit meir fordelaktig grunnlag.

10.6 Andre endringar

Når det gjeld andre endringar enn dei som er omtalt i punkt 10.2 til 10.5, meiner departementet det ikkje er nødvendig å utsetje iverksettinga for at søkarar skal kunne innrette seg etter endringane. Det kan likevel vere formålstenleg å utsetje iverksettinga for at reglane i ny forskrift kan tre i kraft mest mogleg samla og for å sleppe å gjere endringar i både gamalt og nytt opptakssystem.

Det er sett i gang arbeid med eit nytt teknisk opptakssystem for Samordna opptak.

10.7 Samla vurdering

Departementet meiner det er lite formålstenleg å utsetje iverksetting av ny opptaksforskrift heilt til alle endringane kan tre i kraft. På bakgrunn av vurderingane over om tidspunkt for iverksetting av dei ulike endringane, meiner departementet det er to alternativa som er mest aktuelle. For begge alternativa legg departementet til grunn at forskrifta vil bli vedteken sommar/haust 2025.

Det eine alternativet er at den nye forskrifta trer i kraft til opptaket til studieåret 2026-2027, og at det blir utarbeidd overgangsreglar for utsett iverksetting av endringane i reglane om poeng i bestemde fag, tilleggspoeng, kvote for søkarar med samisk språkkompetanse, dobbeltrangering og endring og heving av aldersgrensa i 26/5-regelen i samsvar med tidspunkta som er oppgitt i punkt 10.2 til 10.5.

Det andre alternativet er at den nye forskrifta trer i kraft til opptaket til studieåret 2027-2028, og at det blir utarbeidd overgangsreglar for utsett iverksetting av endringane om poeng i bestemde fag og endringar som gjeld kvote for søkarar med samisk språkkompetanse i samsvar med tidspunkta som er oppgitt i punkt 10.2 og 10.4.

Departementet foreslår det første alternativet, sjå forslaget til §§ 7-1 femte ledd, 7-2 og 7-3.

11 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet foreslår fleire endringar i reglane om opptak. Fleira av forslaga inneber at det må gjerast endringar i systemet for det samordna opptaket. Det er allereie i gang arbeid med eit nytt opptakssystem for det samordna opptaket, og det skal vere opptak i det nye systemet frå opptaket til studieåret 2026-2027. Forskriftsforslaget inneber at det må

gjerast einskilde tilpassingar og utviklingar i systemet, men det er ingen av forslaga som krev store endringar i systemet.

I forskriftsforslaget er det også fleire forenklingar samanlikna med i dag, som kan bidra til effektivisering og mindre manuell saksbehandling. Dette gjeld til dømes forslaget å fjerne praksiskrav i 23/5-regelen (sjå punkt 5.1.2.2), rangering ved fleire kvalifiseringsgrunnlag (sjå punkt 7.2) og rangering på grunnlag av særskild vurdering (sjå punkt 7.8).

Einskilde av forslaga kan ha betydning for moglegheita til søkarar til å kome inn på konkurranseutsette studium. Dette gjeld særleg forslaga om tilleggspoeng (sjå punkt 7.5), rangering ved fleire kvalifiseringsgrunnlag og forslaget om kven som kan konkurrere i kvote for søkarar med samisk språkkompetanse (sjå punkt 7.6.2.2). Med dei overgangsreglane departementet foreslår (sjå punkt 10), så går departementet ut frå at desse endringane ikkje vil få vesentlege konsekvensar for søkarane.

Dersom aldersgrensa for opptak på grunn av dei seks fellesfaga i vidaregåande opplæring (dagens 23/5-regel) skal hevast til 25 år (sjå punkt 5.1.2.2), kan det bety at nokre søkarar må ta fleire fag i vidaregåande opplæring for å oppnå generell studiekompetanse eller utsetje opptak til høgare utdanning. Det følger av opplæringslova §§ 5-1 og 18-3 at retten til vidaregåande opplæring varer fram til ein har oppnådd studiekompetanse eller yrkeskompetanse. Den einskilde har dermed rett til slik opplæring og konsekvensen kan vere at fylkeskommunen må oppfylle denne retten for nokre fleire enn i dag. Det er i dag berre ein liten andel (om lag 3 prosent) som får opptak på grunnlag av 23/5-regelen. Departementet har ikkje tal på fordeling på alder, men andelen i alderen 23 til 25 år som får opptak på grunnlag av 23/5 er uansett lågare. Ein del av dei som får opptak på grunnlag av 23/5-regelen er dessutan også kvalifisert på andre grunnlag (sjå punkt 7.2). Departementet går derfor ut frå at ei heving av aldersgrensa ikkje vil ha vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar for fylkeskommunen. Departementet kan heller ikkje sjå at forslaget vil ha samfunnsmessige konsekvensar av betydning dersom einskilde i staden ventar to år med høgare utdanning. Departementet foreslår i punkt 10 ein overgangsregel, slik at ei heving av aldersgrensa uansett ikkje blir gjeldande før 1. januar 2027. Framtidige søkarar har dermed moglegheit til å innrette seg slik at dei ikkje blir forsinka på grunn av denne endringa.

Forslaget om at den nasjonale klagenemnda skal behandle saker for alle institusjonane og ikkje berre for dei som deltek i det samordna opptaket (sjå punkt 8.3), kan føre til ein auke i talet på saker for nemnda. Dei fleste institusjonar og studium har i dag opptak gjennom samordna opptak og er dermed omfatta av den nasjonale klagenemnda. Det er dessutan berre eit fåtal av vedtak om opptak som blir klaga inn for nemnda. I 2024 fatta den nasjonale klagenemnda vedtak i totalt 41 saker. Sju av sakene gjaldt klage på avslag på søknad om rangering på grunnlag av særskild vurdering, som departementet foreslår å ikkje føre vidare (sjå punkt 7.8). Departementet kan derfor ikkje sjå at det skal ha vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar om klage på vedtak om opptak til nokre fleire studium skal bli behandla av den nasjonale klagenemnda. Det vil dessutan framleis vere slik at den nasjonale klagenemnda ikkje skal behandle klager på vedtak om opptak på grunnlag av realkompetansevurdering og dispensasjon og klage på vurdering av

spesielle opptakskrav som omfattar særskilde faglege føresetnader eller opptaksprøvar etter nærare reglar fastsette av institusjonen.

12 Forslag til ny forskrift om opptak til høgare utdanning

Sjå eige dokument.